



Universitetet
i Stavanger

FAKULTET FOR UTDANNINGSVITSKAP OG HUMANIORA


MASTEROPPGÅVE

Studieprogram: MLEMAS
Masteroppgåve i nordisk
språk og lesevitenskap

Vårsemesteret, 2022

Open

Forfatter: Lisa Gjellestad



(signatur forfatter)

Rettleiar: Klaus Johan Myrvoll

Tittel på masteroppgåva: Personnamn i Time kommune under den nordiske namnerenessansen.

Engelsk tittel: Personal names in Time kommune under the nordic name renaissance.

Emneord: Namnerenessanse, navnerenessanse,
nordisk namnerenessanse, nordiske namn,
renessansenamn, renessansenavn, justerte
lånenamn, justerte lånenavn, moverte namn,
moverte namn, kortformnamn, kortformnavn,
nylaga namn med nordiske namneledd, nylaget
navn med nordiske navneledd.

Tal på sider: 99

+ vedlegg/anna: 95

Stavanger, 11.05/22



11.05.2022

Personnamn i Time kommune under den nordiske namnerenessansen



Lisa Gjellestad
UNIVERSITETET I STAVANGER

Samandrag

I denne oppgåva har eg undersøkt korleis personnamna i Time kommune har utvikla seg under den nordiske namnerenessansen. Eg har vore innom kva eit personnamn eigentleg er for å starte med eit vidt blikk, og etter kvart vinkla det meir og meir inn mot kva nordiske namn og lånenamn er, med kvar deira underkategoriar.

I oppgåva har eg nytta kyrkjebøkene til Lye prestegjeld der alle dåpsbarna vart ført inn, samt informasjon om kven foreldra var, kvar dei budde og kva yrke dei fleste hadde. Dette har hjelpt meg i min veg mot å finne ut kva sjikt renessansenamna kjem inn frå og korleis dei har flytta seg i etterkant. På denne måten kan ein sjå korleis utviklinga har vore i det sosiale samfunnet, og dermed seie noko om tilhøva mellom sjikta. Men mest av alt har dei hjelpt meg med å finne svar på problemstillinga mi: Korleis utviklar personnamna seg i Time (Time sokn i Lye prestegjeld), rett før og under den nordiske namnerenessansen, med særskilt fokus på dei nordiske namna?

Korleis skal ein sortere alle dei 3064 namna som er i namnematerialet mitt? Særskild Benedicta Windt-Val sin artikkel om Den nordiske namnerenessansen (2011) har vorte nytta i denne oppgåva når eg har klassifisert alle namna i namnematerialet. Sjølv sagt har det vorte vektlagt ein stor del kva ein del andre namneforskarar som til dømes Gulbrand Alhaug (2021; 2019), Terje Aarset (1982) og Kristoffer Kruken (2020) har å seie om klassifiseringa. Det har til dømes vore eit spørsmål kring kva eg skal kalle lånenamna, då kyrkjelege namn har vore eit dekkjande ord tidlegare, eller dei justerte lånenamna, som også kunne ha vorte kalla anpassade namn (tilpassa namn på norsk).

Eg har også undersøkt kva kvart av namna har å seie for namnetilfanget i eit større bilete, og korleis utviklinga har vore med tanke på kor mange namneberarar det er på kvart unike namn. Samt eg har sett på kva endringar som har skjedd på nokre av arvenamna og utviklinga i skrivemåten deira. Funna har vore dels overraskande, dels venta, då eg fann at kvinnenamna har færre unike namn per namneberarar enn mannsnamna, og at dei kjem seinare inn i namnerenessansen. Det som var overraskande var kor fåe unike arvenamn det var blant kvinnenamna, noko som var kontinuerleg gjennom alle periodane.

Forord

Eit emne som namneforskning har alltid vore eit emne som har interessert meg, men kanskje ikkje like mykje som det har gjort etter denne oppgåva. Eg har fått eit lite blikk inn i kva det vil seie å drive med namneforskning, og det ligg meir i det enn kva eg fyrst har tenkt. Eit namn er meir enn berre ein merkelapp på deg, namnet er deg. Eg har kanskje tenkt tidlegare at barna veks inn i rolla til namnet, men kanskje forskning tyder på det motsette, at namnet veks inn i rolla for å verte deg. I tillegg til å undersøkje dette har eg undersøkt kva tida har å seie for førenamna, og kva rolle samfunnet spelar i det heile biletet.

Når eg har arbeidd med denne oppgåva har eg fått god hjelp av familie, medstudentar, rettleiaren min og emneansvarleg. Dei har hatt god tolmod med meg, særskild når det kjem til grammatikken min har rettleiaren min vist makelaust tolmod. Eg kan godt forstå at nynorsken min er til å rive seg i håret av til tider.

Eg må kanskje takke heile familien min for deira tolmod med meg, då det kan ikkje alltid ha vore like lett å høyre på mine utgreiingar om alle namna eg har lært noko om den siste tida, eller om artikkane eg kjem over etter kvart som eg har jobba med masteren. Dei har likevel latt meg tru at dei har vore ein smule interessert, sjølv om eg eigentleg veit at eit felt som namneforskning er for oss som er særskild interessert. Derfor vil eg seie tusen takk! Særskild til Sine Amelia og Lotte Mathilde, dykk har venta lenge på at eg no skal vere ferdig.

Til sist vil eg seie at mine tankar går til to av mine søsken Ole Alexander og Ellen Karoline, eg vonar at dykk har det betre no!

Innholdsliste

| | |
|---|----|
| FAKULTET FOR UTDANNINGSVITSKAP OG HUMANIORA..... | 3 |
| MASTEROPPGÅVE | 3 |
| 1. Innleiing | 1 |
| 1.1 Problemstillinga..... | 2 |
| 1.2 Disposisjon | 4 |
| 1.3 Time kommune..... | 5 |
| 1.4 Personnamn | 6 |
| 1.5 Identitet..... | 8 |
| 2. Den nordiske namnerenessansen | 11 |
| 2.1 Bakgrunn og årsak..... | 11 |
| 2.2 Den nordiske namnerenessansen..... | 14 |
| 2.3 Det sosiale og geografiske aspektet..... | 16 |
| 3. Klassifisering | 20 |
| 3.1 Nordiske namn | 20 |
| 3.1.1 Nordiske namn som har vore kontinuerleg i bruk sidan mellomalderen (arvenamn). .. | 22 |
| 3.1.2 Nordiske namn som har vore ute av bruk sidan mellomalderen, eller som har lege i dvale og vert bruka på ny (renessansenamn)..... | 24 |
| 3.1.3 Nylaga namn med nordisk namneledd (nylaga namn). | 28 |
| 3.1.4 Nordiske namn som eigentleg er lånenamn (justerte lånenamn)..... | 30 |
| 3.2 Lånenamn | 32 |
| 3.2.1 Lånenamn | 33 |
| 3.2.2 Moverte namn..... | 34 |
| 3.2.3 Kortformnamn | 35 |
| 3.3 Lemmatisering..... | 36 |
| 4. Metodekapittel | 43 |
| 4.1 Periodane | 44 |
| 4.2 Kategoriane | 45 |
| 4.3 Dei sosiale sjikta..... | 46 |
| 5. Kategorisering og sortering av namnematerialet – resultatet | 48 |
| 5.1 Mannsnamn | 49 |
| 5.1.1 Nordiske namn | 49 |
| 5.1.2 Lånenamn | 59 |
| 5.2 Kvinnenamn | 63 |

| | | |
|-------|---|-----|
| 5.2.1 | Nordiske namn | 63 |
| 5.2.2 | Lånenamn | 71 |
| 5.3 | Det sosiale og geografiske aspektet..... | 76 |
| 5.3.1 | Periodane, steg for steg..... | 76 |
| 5.3.2 | Korleis renessansenamna utviklar seg..... | 82 |
| 5.3.3 | Kvar renessansenamna kom inn i namnetilfanget, og kvar dei flytta til | 83 |
| 6. | Styrketilhøvet mellom kategoriane | 87 |
| 6.1 | Mannsnamna | 87 |
| 6.2 | Kvinnenamna..... | 90 |
| 6.3 | Unike namn | 94 |
| 6.4 | Dialektale former, arvenamna si utvikling. | 103 |
| 7. | Avslutning..... | 105 |
| 8. | Kjeldemateriale | 112 |
| 9. | Litteraturliste..... | 113 |
| 10. | Figurliste..... | 117 |
| 11. | Tabell liste | 118 |
| 12. | Vedlegg | 120 |

Døyr fe;
døyr frendar;
døyr sjølv det same.
Men ordet om deg
aldri døyr
vinn du eit gjetord gjævt.
(Mortensson-Egnund, 1996, s. 25)

1. Innleiing

Som sitatet frå Håvamål seier, er namnet ditt noko som er att etter deg når du døyr. Namnet ditt kan seie noko om kven du er, eller har vore, kvar du kjem frå, eller kva tid du kjem frå, eller ifølgje Ivar Utne seier det noko om kva foreldra dine tenkte om deg (2011, s. 10). Det som foreldre gjennom tidene har tenkt om barna sine, har nok endra seg like mykje som tidene har endra seg. Kvar gong når nokon rundt meg vert gravid, er det alltid snakk om kva namn barnet skal få. Anten må det ikkje vere slike «rampete» namn, og det må ikkje vere eit namn som annakvart barn har fått, og kanskje dei må take omsyn til ein uskriven regel om oppattkalling i slekta? Ein må òg kanskje take omsyn til at barnet ikkje skal heite noko ein kan binde til besteforeldre eller oldeforeldre. For meg kan det verke utenkjeleg å gje eit av mine barn namnet *Jan* eller *Anne*, men slik var det ikkje for kring 40-50 år attende i tid, når mine foreldre sin generasjon skulle namngje barn, då låg desse namna på topplistene over populære namn. Namna vert heile tida bytte ut med nye «tidsrette» namn, fordi dei som namngjev barna sine ikkje ønskjer å gje barna eit namn som er kjent for dei. Utne samanliknar det med klede- og sko-mote, slik dei vert bytte ut heile tida (2011, s. 17).

Denne oppgåva skal take føre seg korleis personnamna utvikla seg før og under den nordiske namnerenessansen, som var ei tid då dei nordiske nasjonane gjekk gjennom ei stor endring internt i kvart land. Den nordiske namnerenessansen i Noreg var med på å gjenreise den norske kulturen og dei norske tradisjonane ved å nytte gamle (og nokre nye) nordiske/norske namn. I dag kallar vi perioden kring midten av 1800-talet for nasjonalromantikken, som var ei andehistorisk retning der dei søkte attende i tid for å finne eldre historie og tradisjonar som hørde til dei enkelte landa. Namna skulle derfor vere med på å gje det norske folket ein

norsk identitet, etter ei tid då språket (og namna) hadde vore svært påverka av det danske skriftspråket.

For å sjå utviklinga i eit breitt perspektiv, vil alle namna som vart gitt til alle dåpsbarna i Time kommune i sju ulike tidsperiodar verte undersøkt:

- Fyrste periode – 1800-1804
- Andre periode – 1826-1830
- Tredje periode – 1851-1855
- Fjerde periode – 1866-1870
- Femte periode – 1881-1885
- Sjette periode – 1896-1900
- Sjuande periode – 1911-1915

Vidare vil kvar av desse periodane verte kalla periode éin eller periode to osv. I desse periodane vil det vere tre periodar som er før den nordiske namnerenessansen, og fire periodar som kan fortelje om korleis utviklinga av namna er under den nordiske namnerenessansen. Alle namna vert samla inn frå eldre kyrkjebøker, som er tilgjengeleggjorde i Digitalarkivet. Gjennom å kategorisere namna frå alle desse periodane kan ein skape eit bilete på korleis utviklinga av personnamn var før og under den nordiske namnerenessansen. Det vil også gje eit bilete av kva den nordiske namnerenessansen var, og i kva grad han kjem til uttrykk i Time kommune, som var eit ruralt bondesamfunn. Tidlegare har det vore merksemd kring kva som skjer i byane i forskning på den nordiske namnerenessansen, medan denne oppgåva vil take føre seg kva som skjer i eit ruralt område. Med denne oppgåva ønskjer eg å kome med eit bidrag til forskinga på den nordiske namnerenessansen, og kanskje finne sider ved han som ikkje har kome fram tidlegare.

1.1 Problemstillinga

Som tittelen viser til, *Personnamn i Time kommune under den nordiske namnerenessansen*, vil denne oppgåva gå inn på eit fagfelt som kanskje burde få endå større plass i skulen, både på grunnskulenivå og vidaregåande skule. Det er fleire kompetansemål og vurderingar innanfor norskfaget som er aktuelle, og eit av kjerneelementa seier: «Elevane skal ha kunnskap om språksituasjonen i Noreg i dag og utforske den historiske bakgrunnen for han. Dei skal ha innsikt i samanhengen mellom språk, kultur og identitet og kunne forstå eigen og andre sin språklege situasjon i Noreg» (Utdanningsdirektoratet, 2020, s. 2). Som komande norsklærer vil det å sjå på korleis personnamna kan vere med på å gje innsikt i den norske historia og kulturen, vere ei moglegheit til nytenking i korleis ein kan flette fleire

namnefaglege emne inn i norskfaget. Diverre er ikkje onomastikk eit emne som det er mykje fokus på i grunnskulen eller på vidaregåande skule i dag.

Problemstillinga er *Korleis utviklar personnamna seg i Time (Time sokn i Lye prestegjeld), rett før og under den nordiske namnerenessansen, med særskilt fokus på dei nordiske namna?*

Med den problemstillinga som utgangspunkt opnar det seg opp ei moglegheit til å samanlikne korleis namnetilfanget var før den nordiske namnerenessansen kjem inn, og korleis det ser ut midt i perioden. Dette kan seie noko om i kva grad og kor tid Time kommune var råka av namnerenessansen. Dette vil gjerast ved å samanlikne dei nordiske namna med alle dei andre namna. Ei meir detaljert forklaring vil kome i metodekapittelet.

På bakgrunn av problemstillinga har eg forma desse forskarspørsmåla:

1. Korleis er styrketilhøvet mellom dei nordiske namna og dei andre namna?
 - a. Kva type namn er det som går mest attende i høve til dei nordiske namna?
 - b. Kor mange namneformer vert bruka i kvar periode?
 - c. Kjem det fleire nordiske namn inn i namnetilfanget etter kvart som tida går?
2. Kan ein sjå ei språkleg utvikling, evt. frå dialektale former til noverande former?
 - a. Korleis viser den nordiske namnerenessansen seg i skrivemåten av namn som alt finst i kommunen?
3. Er det nokre sosiale grupper som i større grad omfamnar den nordiske namnerenessansen?
 - a. Kva sosial gruppe er det som omfamnar den nordiske namnerenessansen fyrst?
4. Er det forskjell på tvers av kjønna?
 - a. Skjer det størst endring hjå det eine kjønnet, og kjem endringane seinare hjå eit av kjønna under den nordiske namnerenessansen?
 - b. Kva for eit kjønn får inn flest unike nordiske namn?

Venta hypotesar:

1. I tida før namnerenessansen vil det vere færre unike namn, medan det i tida under namnerenessansen vil vere fleire unike namn.
2. I tida før namnerenessansen vil det vere mange fleire lånenamn enn nordiske namn.
3. Kring 1880 vil eg i aukande grad kunne sjå at den nordiske namnerenessansen er i inntog i kommunen, ved at dei nordiske namna aukar i bruk.
4. Lånenamna vil vere like mykje søkkande som dei nordiske namna er stigande hjå begge kjønn.
5. Arvenamna vil forsvinne meir og meir frå namnetilfanget dess lenger ein kjem inn i den nordiske namnerenessansen.
6. Inn i den nordiske namnerenessansen vil talet på moverte namn og kortformnamn søkke.
7. Dei fyrste renessansenamna vil vise seg å kome frå dei øvre sosiale sjikta.

1.2 Disposisjon

Oppgåva vil vere fordelt på fleire kapittel, der eg i fyrste kapittel gjev ein presentasjon av Time kommune, jf. kapittel 1.3. Vidare vil det gå over på eit overordna nivå, der eg vil gå inn på kva eit namn er og korleis namnet heng saman med identiteten vår i dei neste to delkapitla i same hovudkapittel, jf. kapittel 1.4 og 1.5. Vidare i andre kapittel vil gå inn på den nordiske namnerenessansen er, og korleis den har oppstått, dette vil eg gjere ved å kort fortelje om nasjonalromantikken og nasjonsbygginga på 1800-talet, og drage dette saman med korleis dette har samanheng med den nordiske namnerenessansen. Deretter vil eg gå inn på det sosiale aspektet ved namnerenessansen, der eg vil fortelje litt om kva andre forskarar meiner skjer under den nordiske namnerenessansen og kvar den startar og med kven.

Etter kvart vil oppgåva snevre seg inn til klassifiseringa i tredje kapittel, der eg har fokus på dei enkelte namnekategoriane, nordiske namn og lånenamn, med underkategoriar. Her vil eg gå meir inn på kva terminologi som vil verte teken i bruk til denne oppgåva. Eg kjem også til å gå inn på korleis eg har valt kva namn som skal sorterast saman og kva standardform eg har nytta.

I kapittel fire vil eg presentere val av metode og korleis eg har valt å samle inn data og kvar dei kjem frå. Eg vil og presentere dei periodane eg har valt, og kvifor eg har valt dei, korleis eg har sortert namna og kvar eg har funne namna. Eg vil også presentere korleis eg har delt inn dei sosiale sjikta, for at dei på best mogleg vis kan fortelje oss kvar renessansenamna kjem inn fyrst.

Vidare i kapittel fem vert alle dataa presentert, med bakgrunn i kva som er gjennomgått i dei føregåande kapitla, i tillegg vil eg diskutere kva funna mine kan fortelje oss om namnerenessansen. Eg har valt å skilje dette kapittelet inn i tre, då det skal vise korleis eg har sortert ut mannsnamna, kvinnenamna og det sosiale aspektet ved oppgåva kvar for seg.

I det sjette kapittelet vil eg vise til korleis styrketilhøva er mellom fleire av kategoriane, for å forklare korleis utviklinga har vore med utgangspunkt i den nordiske namnerenessansen.

Til sist i kapittel sju vil eg kome med ei oppsummering og ein avslutning på oppgåva, der eg vil knyte eventuelle lause trådar saman.

1.3 Time kommune

Kommunen som eg har valt, er Time kommune, der eg sjølv har vakse opp, og eg er derfor knytt til dette området. Det er ikkje gjort ei undersøking som denne tidlegare i kommunen, og derfor vil denne oppgåva vere med på å løfte fram emnet onomastikk som ein eigen måte å formidle historia på, og som kan fortelje oss noko om utviklinga i språket vårt, som det kanskje burde vore forska endå meir på.

Time kommune vart oppretta i 1837, og kring slutten av 1800-talet høyrde Time kommune til «Jæderen og Dalane fogderi i Stavanger amt» (Lauritzen & Thorsnæs, 2021; N.N., 2021). Tidlegare var både Time og Gjesdal sokn i Lye prestegjeld, men det vart nedlagt/delt frå 01.01.1927 (N.N., 2017a). Begge sokna hadde til dels egne og dels same kyrkjebok, men dei vil verte skilde i denne oppgåva. Det har vore uendra grenser i Time kommune sidan 1837, som gjer at området som vert undersøkt er stabilt og utan store endringar i busetnaden (Lauritzen & Thorsnæs, 2021).

Den kjende forfattaren Arne Garborg (1851-1924) var frå Time. Ein kan oppsøkje Garborgheimen, diktarstua og sommarhuset hans Knudaheio i dag, som ikkje har vorten riven eller jamna på annan måte, og som fungerer som museum i dag. Det vart òg oppretta Nasjonalt Garborgsenter i 2012, som ligg i same bygning som biblioteket på Bryne (Lauritzen & Thorsnæs, 2021). I artikkelen om Garborg i Store norske leksikon står det at han vaks opp då det gamle bondesamfunnet framleis eksisterte på Jæren, og dermed passar Time kommune bra, då det er interessant å undersøkje kva som skjedde med personnamn under den nordiske namnerenessansen i eit ruralt område, framfor andre studiar som ser på korleis dei høgre sjikta i byane er pionerar for den nordiske namnerenessansen.

I dag vert 44 prosent av det totale arealet i Time kommune bruka til jordbruk, men heile 87 prosent av busetnaden arbeider innanfor industri i dag. Dette kjem av dyrkingstiltaka som kom i siste halvdel av 1800-talet og fyrste halvdel av 1900-talet, som kravde spesielle reiskapar og utstyr til jordbruket. Som ei følge av desse tiltaka vaks det fram fleire små verkstader og smier, og etter kvart kjem Kvernaland Fabrikk som kommunen er verdskjend for i dag (Lauritzen & Thorsnæs, 2021; 2019). Før dette var Time kommune eit bondesamfunn som nemnt tidlegare, og det vil vere det som er hovudfokuset vidare i oppgåva. Likevel vil dette vise korleis samfunnet i kommunen har utvikla seg, det har gått frå å vere eit nesten reint bondesamfunn, til å verte eit nesten reint industrisamfunn. Kanskje har dette gjort noko med klassesamfunnet i tida som denne undersøkinga famnar om.

1.4 Personnamn

Kva er eit namn? Namna høyrer til det eldste språklege stoffet i Norden som framleis er i bruk, og dei kan sporast attende til urtidene, men vi veit ikkje heilt korleis dei oppstod. Det kan tenkjast at dei fyrste namna grensa til appellativ, som seinare utvikla seg til individuelle nemningar og som spreidde seg ut ifrå familiekretsen (Janzén, 1948, s. 1). Alle menneske har eit namn, og i Norden er alle registrerte med eit offisielt fornamn og eit etternamn, sistnemnde har kome til i seinare tid, men vi kan rekne med at i alle kulturar og til alle tider har menneske bore minst eitt hovudnamn (Andersson, 1996, s. 16). Dei tidlegaste kjeldene vi har frå Skandinavia, er runeinnskriftene, som viser at namn har vore ein del av kulturen vår veldig lenge, i minst i nesten 2000 år.¹ Men om vi reknar med heile verda, er dei eldste funna av namn på steintavler frå om lag 5000 år sidan i Mesopotamia i dagens Irak.

Thorsten Andersson stiller spørsmålet «Varför ges namn?», og det enkle svaret er at vi treng dei, men kvifor treng vi namn? Han har funne fram til fire funksjoner i språket, for å forklare kvifor vi gjev namn, og kva funksjon eller funksjoner namn har: den *kognitive*, den *emotive*, den *ideologiske* og den *samhøyrleskapande funksjonen* (Andersson, 1996, s. 16). Sjølv om desse funksjonane er formulerte med tanke på stadnamn, meiner han at dei skal kunne høve for andre namnetypar òg. Hovudformålet til særnamna ligg i det kognitive, som skal individualisere og identifisere forskjellige dyr, artar, menneske og andre høve som vi treng i språkleg kommunikasjon (Andersson, 1996, s. 16). Det er ikkje alltid at eit menneske får eit namn av berre praktiske årsaker, det finst òg kjælenamn og kallenamn, då har dei fått namn med emosjonell funksjon. Desse namna kan til dømes vere *Lissi* som er engelsk ei kjæleform av *Elisabeth*, eller *Freddy* som er ei engelsk kjæleform av *Fredrik*, osv.

Andersson nemner òg to omgrep som forklarar litt meir djuptgåande kva som ligg i emosjonell namngjeving: *singularisering* og *appropriering*. Singularisering er meir enn berre individualisering, som ligg i det kognitive, men her kjem også personleg verdsetjing inn, der vi tek eit namn ut frå den vanlege settinga, og lagar det til noko unikt og eineståande. Å appropriere er ei symbolsk handling, der ein føreteik ei emosjonell investering, tileignar seg noko ved hjelp av eit eigennamn. Desse omgrepa vil gjelde for kallenamn og kjælenamn på individ og gjenstandar som allereie har eit namn. Den emosjonelle funksjonen forklarar dermed kvifor enkelte stader har fått namn, der ein ikkje kan sjå eit høve for praktisk namngjeving. For personnamn passar det nok betre å tale om desse omgrepa i nære familiære

¹ Det å risse inn i steinar er kjent frå tidleg 200-talet her i Skandinavia ifølgje Store norske leksikon.

miljø, til dømes i samsvar med familiemedlemmer og kjæledyr, der det er dei familiære banda som ligg til grunn for å gje slike namn (Andersson, 1996, s. 18).

Under ideologisk namngjeving talar Andersson om ideologi i ei brei meining som inkluderer religion og fantasi/magiske førestillingar. Den gamle germanske personnamnstrukturen vart dominert av to hovudliner innanfor kva oppfatningar dei hadde av kva som var god personnamngjeving: den krigerske/heroiske og den religiøse. Fyrstnemnde kan sporast attende til indoeuropeisk hittedikting, som under germansk tid måtte hatt ei ny blømingstid, og dei religiøse namna er fyrst og fremst teoforiske namn. Desse namna skulle verne namneberaren eller heve namneberaren opp, ved å gje namn som sa noko som til dømes «ho som sit med løyndomane til gudane». Andre passande element i vår tid er vårt ønske om å kalle opp barna våre etter idretts og popstjerner (Andersson, 1996, s. 19). Det vil vere nærliggjande å tru at namna som vart gjevne under den nordiske namnerenessansen, vil høve under ideologisk namngjeving, då namneberarane skulle vise til ei svunnen tid i Norden, eller mest vere eit symbol på den svunne tida.

Dei tre fyrste funksjonane føreset ei sosial samhøyrleskapande rolle: fleire menneske som ein deler namn med, di større kjennest samhøyrsla. Andersson seier at det gjeld fyrst og fremst stadnamn, men kan verte utvida til å gjelde alle namn. Namna kan vere unike for eit samfunn, ein familie, eller det kan vere eit namn som ein finn i heile verda (Andersson, 1996, s. 21).

Ifølgje Andersson gjev vi namn på to prinsipielle måtar: anten lagar vi eit nytt namn ved hjelp av namneledd og namnstruktur som til kvar tid er gjeldande, eller vi vel eit namn frå det namnetilfanget som er gjeldande til kvar tid. Han kallar dette for namneformasjon (eit betre ord på norsk vil nok vere namnelaging) og namneval (Andersson, 1996, s. 22).

For å forklare faguttrykka om namn viser eg til det som Inge Særheim og Kristoffer Kruken skriv i band to av Norsk språkhistorie. Der skriv dei at fagnemninga for eit namn er eit *proprium*, eller *eigennamn*, men dette vil i ei vid tyding tyde namn som kan identifiserast som eit bestemt eller eige og unikt eksemplar av noko, til dømes *Store norske leksikon*, *Inger* eller *Gråtass*. Motsetnaden til *proprium* er appellativ, som er nemningar på ting, til dømes *stol* eller *sofa*, dessutan kan dei bøyast: *stein* – *steinen*. Når appellativ får funksjon som namn, vert det kalla proprialisering, til dømes *Steinen* av ordet *stein* (Særheim & Kruken, 2018, s. 260). Særheim og Kruken kallar namna for individualutpeikande, då eit personnamn er eit namn som peiker ut eit individ, medan eit stadnamn peikar ut ein viss stad. Om ein tenkjer på ein *stol*, kan ein sjå føre oss ein eller forskjellige typar *stoler*, til dømes ein *kjøkkenstol*, ein

lenestol eller ein *sofastol*, men om ein tenkjer på eit namn som *Steinar*, vil det nok kome éin person i tankane (eller fleire om ein kjenner fleire med same namn). Éin person med namnet *Steinar* kan ikkje ha fleire former, eller kome i fleirtal, det er berre denne eine personen som er *Steinar*, som i motsetnaden til ein *kjøkkenstol*, der éin type kjøkkenstol kan kome i same farge og fasong i tusental, til dømes stoler frå Ikea (Særheim & Kruken, 2018, s. 261).

Namn er noko som er personleg, som seier noko om kven eg eller du er, som skil oss frå kvarandre, men også frå større grupper. Samtidig vil det òg gje oss ein plass i eit samfunn, ved at vi får eit kjenneteikn som viser kven vi er, omtrent som ein merkelapp. Ifølgje Ivar Utne seier namnet meir om foreldra enn om barnet, fordi det er dei som vel namnet til barnet ut ifrå éin eller fleire metodar. Det kan vere eit namn dei høyrer på bussen, eller noko dei har lese i ei bok, eller eit namn som kjem mykje fram i media. Men etter kvart vil namnet verte ein del av deg, eller som Utne seier: «Etter hvert blir navnet uansett en del av deg. Du er *Camilla*, du er *Martin*, du bare er det. Det er deg» (Utne, 2011, s. 11). Men som Andersson forklarte, er det ikkje sikkert ein berre får dette eine namnet som vert deg; av emosjonelle grunnar kan du også få eit kallenamn eller kjælenamn av foreldra dine, som seier noko om verdien din, og gjer namnet til noko endå meir personleg og individualiserande. Noko liknande kunne vi sjå av omgrepet *proprium*, hjå Særheim og Kruken, der eit *proprium* vil vere unikt for den eine personen. Sjølv om det vil vere fleire som ber det same namnet, er dei ikkje identiske og kan derfor verte skilde frå kvarandre ved hjelp av til dømes farge og form. Då nærmar vi oss kva som ligg i sjølve namnet, og kva som er vår identitet, som eg vil forklare litt nærare i neste delkapittel.

1.5 Identitet

Kva er det som gjer oss til oss? Identitet er eit viktig aspekt ved akkurat dette emnet, fordi namna gjev oss ein identitet. Eller er det vi som gjev namna identitet?

Gunnstein Akselberg deler identifikasjonsoppgåvene til eit namn inn i to nivå: 1) Namnet er med på å identifisere personar, stader og objekt. 2) Namnet er med på å gje personar, stader og objekt identitet, det vil seie at på eit overindividuell nivå har namna ein identitetsskapande funksjon (Akselberg, 2005, s. 103). Det er denne siste funksjonen som er relevant her, då det seier noko om kvifor det var viktig for det nordiske folket å take i bruk att gamle nordiske namn. For å forklare litt nærare vil eg bruke eit sitat frå Charlotte Hagström, frå Etnologisk institutt ved Lunds Universitet, ho frå siterer si eiga avhandling: «The name really doesn't have anything to do with identity but as it is a word that means oneself it gets an enormous

importance» (Hagström, 2012, s. 81). Ho seier altså at namnet ikkje ber nokon identitet i seg sjølv, men at namnet peikar på ein sjølv. Det vil seie at det er namnet på akkurat den personen som er den personen sin identitet. Hagström forklarar at personnamna «[...] distinguishes her as a unique person and identifies her as herself» (Hagström, 2012, s. 81). Namnet er altså utpeikande og skil ein person frå ein annan, og namnet identifiserer ein person som seg sjølv.

Vi bruker namn til å kategorisere alt mogleg, til dømes om ein set sport som ein hovudkategori kan vi setje handball, fotball og volleyball mfl. som underkategoriar. Dette vil hjelpe oss til å sortere verda slik at vi kan ha ei betre forståing på ho, eller skilje mellom to eller fleire ulike ting eller menneske. Hagström forklarar korleis nokre idrettslag utfordrar trenarane til å lære seg namna til utøvarane, og andre idrettslag utfordrar trenarane til å leike namneleikar kvar gong dei startar opp med nye grupper, eller ved starten av kvart semester. Dette gjer dei for å skape ei kjensle av å høyre til i gruppa, men òg for at kvar enkelt utøvar skal kjenne seg sedd og høyrd, eller med andre ord, dei anerkjenner kvar enkelt utøvar. Dette fører igjen til at kvar enkelt utøvar kan byggje opp ein betre sjølvtilitt, og at dei kan få eit betre sjølvbilete. Det er sjølvsagt ei motside av den positive sida som nettopp vart nemnd, Hagström bruker døme som menneske med innvandrarbakgrunn, eller namn som er vanskelege å uttale. Desse kan kjenne på ei skam ved å ha dei namna dei har (Hagström, 2012, s. 82).

Sjølv om Hagström kjem frå eit anna fakultet, og studien hennar høyrer til eit anna fag, kan det likevel vere passande å trekkje inn det kulturelle aspektet ved identitet for å forklare kvifor namna vart ein del av den nasjonalromantiske rørsle. Ho nemner også kvifor personnamn har mykje å seie for vår identitetskjenne, då namn på forskjellige menneske kan gje oss informasjon om kven dei er, kva kjønn dei har, vi lagar forskjellige «båsar» for kvar vi meiner den personen kjem frå, og kanskje andre stigmatiserande kategoriar (Hagström, 2012, s. 83). Frå vår tid kan vi kanskje tenkje oss at ein som heiter *Ronny* eller *Jonny* er meir utsett for å verte straffedømd (noko som ikkje er synt vitskapleg) (Wilberg Rostad, 2020).

Proper names [...] do not indicate or imply any attributes as belonging to those individuals. When we name a child by the name Paul, or a dog by the name Cæsar, these names are simply marks used to enable those individuals to be made subjects of discourse. It may be said, indeed, that we must have had some reason for giving them those names rather than others: and this is true; but the name once given, is independent of the reason. A man may have been named John, because that was the

name of his father; [...]. But it is no part of the signification of the person so called bore the same name. (Mill, 1862, s. 33–34)

Det som filosofen John Stuart Mill seier her, er nok veldig viktig i høve til korleis identitet heng saman med personnamna. Namnet kan ikkje seie noko om kva som er hobbyen til ein person, eller om personen er morosam å vere saman med. I seg sjølv ber ikkje namnet på ein identitet, og det tek ikkje med seg identiteten til personen som har bore namnet tidlegare. Namnet i seg sjølv er berre eit «kjenneteikn» på kven ein er, slik at namnet skal vere peikande på personen som ber det i ein diskurs. Eller med andre ord, andre som bur eller kjenner til eit samfunn, bydel eller skule, skal kunne kjenne igjen kven det er tale om, ved bruk av namnet. Dette fell litt utanfor det som Hagström seier, men er nok like viktig å ha i bakhovudet, fordi sjølv om namna kan seie noko om kvar vi kjem frå, og kva kjønn vi høyrer til, vil likevel ikkje namna seie noko direkte om kven vi er. Ut frå det som Mill seier ovanfor, vil ein derfor ikkje kunne seie at *Ronny* eller *Jonny* vil vere ein person som ein kan assosiere med ein tidlegare straffedømd. Men korleis har foreldra tenkt då dei gjev namn til barna sine under den nordiske namnerenessansen?

Foreldra har nok alltid ønskt seg eit vakkert og vellydande namn på barna sine, og foreldra har ønskt at namnet skulle ha ei positiv tyding (Stemshaug, 1982, s. 27). Under nasjonalromantikken var nok ønsket om å gje barna ein nordisk identitet sterk, og derfor har nok også dei nordiske namna vore bidragsytarar til å forsterke ei slik nasjonale kjensle hjå dei barna det måtte gjelde. Men det har kanskje også forsterka kjensla for dei barna som var i same miljø òg, då bruken av namnet i det same miljøet kan skape ein type kjensle om kvar ein er i verda.

Ein annan faktor som var gjeldande under namnerenessansen, var at for fyrste gong kunne dei lausrive seg frå dei gamle oppattkallingskikkane. Desse skikkane kunne vere nokså strenge, der dei måtte følgje eit uskrive mønster for korleis ein skulle oppattkalla barna sine. På 1800-talet vart det meir og meir vanleg å lausrive seg frå denne skikken, og foreldra stod meir fritt til å gje barna namn av estetiske årsaker. Det kunne òg vere at namnet dei valde, hadde ein ideologisk bakgrunn som dei med rette kunne stå inne for (Windt-Val, 2011, s. 105). Dette var med på å gjere at dei kunne velje namn som andre ikkje hadde, og på den måten vart kvart namn eit unikt namn som var namneberaren sin eigen identitet, og namneskikken vart meir individualiserande.

2. Den nordiske namnerenessansen

Fenomenet *renessanse* tyder det å få ei ny bløming eller fornya popularitet. Omgrepet vart fyrst nytta om tida mellom 1400- og 1600-talet, der folk viste ei ny interesse for antikken sin kultur, filosofi og kunst, og søkte attende til antikken med stor vørndnad, samtidig som dei ønskte å skape ein avstand frå den direkte fortida. Kring midten av 1800-tallet var nasjonalromantikken dominerande i heile Norden. Det var ei rørsle der vi søkte attende i vår historie, spesielt til det som var norsk tradisjon og norsk kultur. Dette vart gjerne framstilt gjennom kunst, litteratur og musikk, der ein ser trongen om å idealisere og å skildre ei fortid i Noreg, særleg blant bøndene.

I dette kapitlet skal eg forsøkje å finne ein grei måte å definere termen *den nordiske namnerenessansen*. Eg kjem òg til å undersøkje det sosiale og det geografiske aspektet i dette kapitlet, fordi fleire forskarar nemner at det er i dei høgre sosiale sjikta i storbyane den nordiske namnerenessansen startar (Stemshaug, 2008, s. 428). For å forklare korleis den nordiske namnerenessansen har verka på det norske folket, kjem eg fyrst til å gå inn på det historiske perspektivet ved å undersøkje kva som er bakgrunn og årsak for denne tidsperioden.

2.1 Bakgrunn og årsak

Anne-Lise Seip, norsk historikar har skrevet boka *Nasjonen bygges*, som gjev eit blikk inn i korleis den norske nasjonen har reist seg som eit kulturelt og tradisjonsrikt kongedøme og nasjonalstat. Frå nabolanda, deriblant Tyskland, kunne vi sjå eit aukande ønske om nasjonsbygging, og dette spreier seg sjølvstendig til andre land også, inkludert Noreg. Men det er ikkje berre Tyskland som er årsaka til ønsket om nasjonsbygging, det er også det faktum at Noreg i 1814 fekk si eiga grunnlov. Noreg skulle vere eit eige sjølvstendig land, med eige språk, eigen kultur og sjølvstendig eigne namn (Akselberg, 2005, s. 103; Seip, 1997, s. 24).

I starten på 1800-talet, vart det meir fokus på skulegangen, og samtidig var det også mykje diskusjon kring læraryrket, utdanninga til lærarane og lønn. Bonderepresentantane som fremma ei ny lovendring, var ofte sjølvvørde, utan utdanning eller opplæring i yrket.

Bondesøner vaks ofte opp utan skikkeleg utdanning, og det vart hevda at dei var rå, udanna naturmenneske av bonderepresentantane. Dette førde til forskjellige seminar, som var ei to år utdanning, der elevane fekk allsidig utdanning, fekk utvikle samhald og delte erfaring med kvarandre. Lærar Ole Vig var ein av dei som var elev på eit av desse seminara, og han, med

fleire, løfta fram synet om ein meir allmenndanning framfor religionsutdanninga som prega skulane på den tida. Dette førte til ei lovendring i 1860 som vektla ei allmenndanning i skulen, der motiva for akkurat dette har vore politiske, økonomiske og sosiale, men også det nasjonale, der historie og morsmål i skulen skulle løfte fram kjærleik til den norske nasjonen (Seip, 1997, s. 129). Med denne lovendringa kom det også ein ny skulelov som gav påbod om fast skule, motsetnad til omgangsskule. Dette førte til at i 1866 gjekk over 20 prosent av barna på skule, i motsetnad til 15 prosent i 1850 (1997, s. 127). Med ny form for utdanning av lærarar, vart dei òg uavhengig av prestelæra. Og på grunn av den utvida opplæringa, møtte dei andre likesinna menneske og fleire fekk moglegheit til å lese fleire bøker. Dette gjorde at det vart danna ein ny sosiale rang; mellomstanden. Det gav også meir respekt, og dei fekk meir innverknad generelt i samfunnet (Hagemann, 1997, s. 31).

Med meir skulegang og betre skular kjem det òg kring midt på 1800-talet ei ny interesse for språk og det som er såkalla «ekte norsk». Blant anna vart fekk dei ny interesse for det gamle språket, norrønt eller gamal norsk, og den eldre litteraturen/sagalitteraturen. Dette har vore ein viktig føresetnad for namnerenessansen, fordi det er her fleire av det eldre namna vart oppdaga. Her kjem forfattarane inn, fordi dei var også med på å vekkje interessa for norske namn ved å trekkje dei gamle namna inn i litteraturen dei skreiv, blant desse kan det nemnast Henrik Ibsen og Bjørnstjerne Bjørnson som med diktinga si drog fram namn som *Tora* (i *Paul Lange* og *Tora Parsberg*), *Torvald* (i *Et dukkehjem*) og *Harald* (i *Ja, vi elsker dette landet*). Dei eldre kongesogene vart omsett på ny, målrørsla vart starta, og fleire diktarar tek opp nasjonale emne i diktinga si. Alt saman er med på å byggje opp att, og styrkjer den norske kulturen og dei norske tradisjonane (Seip, 1997, s. 25; Aarset, 1982, s. 66).

Mange av dei namna som kom inn frå litteraturen, hadde tidlegare aldri vore bruka som personnamn (så vidt vi kjenner til), namn som *Trygve*, kjenner vi berre att som far til *Olav Tryggvason*, og *Odin* vart nok berre bruka som namn på guden *Odin*. Sidan fleire av namna som var mykje bruka før namnerenessansen, stort sett var framande namn eller namn som hadde vore kontinuerleg i bruk, og dermed ofte fått dialektale former, var dei nye namna som kom med litteraturen og språkinteressa namn som det var få eller ingen som bar (Aarset, 1982, s. 67). Namnet *Erling* til dømes, kan foreldra ha funne i Snorres kongesoger, *Erling Skjalgsson* på Sola. Dei eldre namna som kom i bruk under namnerenessansen, som *Asgjerd* og *Sverre*, hang dermed saman med den aukande norske nasjonalkjensla, og jakta på kva som var «ekte» norsk, og var med på å byggje opp ei andekjensle av kva som kjennest som norsk.

Det førte derimot til at tradisjonsrike namn som *Marta* og *Peder* forsvann ei stund frå namnetilfanget, eller i det minst vert færre av dei i bruk.

Historikaren P.A. Munch og målmannen Ivar Aasen er to vi ikkje kjem utanom i denne samanhengen. P.A. Munch snakka fram arbeidet til Aasen, som arbeidde med å etablere eit norsk skriftspråk, og deriblant også norske namn. Ivar Aasen gav ut to artiklar i *Folkevennen*, i 1854 og i 1855, og ei bok i 1878 *Norsk Navnebog*, der han opplyste om kva norske namn er, og korleis ein skulle velje namn til barna sine, og på den måten vart folk meir opplyst om kvar namna kom frå (Aarset, 1982, s. 66). Den viktigaste årsaka til at P.A. Munch er viktig å nemne, er kanskje artikkelen «Nogle Ord til Overvejelse om vore brugelige Personsnavne, og om at holde vore nationale Navne i Agt og Ære» som han gav ut i 1849 (1982, s. 66). Tittelen på artikkelen talar for seg sjølv, som viser til ein artikkel om kva namn ein burde velje, som likeins med Aasen hadde sterke meiningar om kva som var «rette namn» å velje til barna sine. I boka til Ivar Aasen var det ei liste med norske namn og ei liste med namn frå anna opphav, slik at ein visuelt kunne sjå kva desse rette namna var og kva namn som ikkje var «rette namn» (1982, s. 66). I alle verka uttrykker Aasen sin uvilje mot utanlandske namn og kjærleiken til dei norske namna. Han gjekk til og med til det steget at han endra sitt eige namn frå *Iver* til *Ivar*, fordi det var meir i samsvar med den opphavlege forma frå norrønt *Ívarr* (Kruken & Stemshaug, 2013, s. 278). Ein annan kjent forfattar som også endra namnet sitt er Arne Garborg, som var døypt *Aadne*. Han valde å endre namnet sitt til *Arne* på grunnlag av den norrøninspirerte skrivemåten, jf. norr. *Árni*, som han meinte var den «rette skrivemåten» (2013, s. 54).

Sjølv om alle dei nordiske renessansenamna ikkje har slege varig rot i namnetilfanget, har dei likevel vore til nytte for den norske nasjonalkjensla. Alle desse faktorane som er nemnd ovanfor var med på å vidareføre den romantiske tenkinga, med eit fokus på det nasjonale, der dei søkte attende til historia og røtene til det norske folket. Meir skulegang førde til betre leseforståing, og elevane fekk tilgang til fleire bøker, som igjen kan ha skapt ein nyfikenheit og trong til å lære meir. Diskusjonane om språket og historia har i det minst bidrege til eit fokus på kvar namna kjem frå, og kva dei tyder. Benedicta Windt-Val si skildring over denne anderørsla var ei form for jakt etter «folkesjela», og særskild hjå bøndene, fordi dei meinte at bøndene hadde teke vare på folkesjela betre enn kva dei i byane hadde gjort (Windt-Val, 2011, s. 107; Nasjonalromantikken, 2019). For å finne denne folkesjela, skulle ein sjå på oldtida si historie, mytologiane, helledådane og tragediane. Og det var jo som nemnt ovanfor

nettopp der mange av dei nye nordiske namna kjem inn frå, gjennom litteraturen som hentar element frå desse eldre tidene for å styrke den nasjonalromantiske andekjensla.

2.2 Den nordiske namnerenessansen

Den aller fyrste til å nemne «den nordiske namnerenessansen» var i følge Inge Særheim og Kristoffer Kruken, Roland Otterørk i 1964 (2018, s. 344). I Noreg var det Terje Aarset i 1982 som bruka denne termen fyrst, i følge Ole-Jørgen Johannessen (2004, s. 12). Dette uttrykket heng saman med nasjonalromantikken og nasjonsbygginga som var ein sterk drivkraft kring 1840-1850-åra, og omgrepet vart bruka for å karakterisere ein auke i interessa for nordiske namn kring det same tidsrommet som er nemnt ovanfor i delkapittel 2.1 (Særheim & Kruken, 2018, s. 344). I denne oppgåva har eg valt å bruke sju forskjellige periodar, der eg har nemnd at tre av desse er før den nordiske namnerenessansen, for å stadfeste dette vil eg sjå på kva andre forskarar seier om kor tid den nordiske namnerenessansen hadde emninga si. Aarset snakkar om ein renessanse i emning kring 1840-talet, men at det er vanskeleg å setje eit heilt nøyaktig punkt for kor tid det byrja (Aarset, 1982, s. 66). Johannessen har sine tvil i det som Aarset seier, fordi mange av dei namna som Aarset legg fram, mest sannsynleg er namn som har vore i kontinuerleg bruk (Johannessen, 2004, s. 13). «[...] å snakke om en nordisk navnerenessanse i landssammenheng før 1865, er vanskelig» (Johannessen, 2004, s. 23), men han meiner vi kan finne «svake spor» av namnerenessansen i Bergen dei to tiåra før, noko Ola Stemshaug òg nemner (Johannessen, 2004, s. 24; Stemshaug, 2008, s. 428). På grunn av dette meiner Stemshaug den nordiske namnerenessansen er eit byfenomen i startfasen, men òg noko som berre skjer i dei øvre sosiale sjikta (Stemshaug, 2008, s. 428). Dette finn vi òg hjå Aarset, men her nemner han berre at det var noko som «slo gjennom i byane» (Aarset, 1982, s. 66). Det er også på grunn av at det er eit byfenomen at Stemshaug meiner den nordiske namnerenessansen ikkje var noko særleg merkbar før 1860-1870-åra, og då med store regionale og sosiale skilnader, noko Gulbrand Alhaug er samd i (Alhaug, 2008, s. 11; Stemshaug, 2008, s. 429). Ifølge Kruken har i det minste den nordiske namnerenessansen kome godt i gang i 1910 i heile Noreg, og derfor sette han ei grense der i hans arbeid med å leite etter pionerane i den nordiske namnerenessansen då det ikkje var formålstenleg å leite i ei tid når renessansen alt var i gang (Kruken, 2020, s. 53). Frå Særheim og Kruken sin artikkel i Norsk språkhistorie boka skriv dei at det finst eit konservativt innlandsbelte i Sør-Noreg, som går frå Sirdal og Setesdal i sør-delen og opp til indre Sør-Trøndelag oppe i nord, der dei ikkje får inn namnerenessansen før etter 1900 (Særheim & Kruken, 2018, s. 347). Dette kan sjølvstøtt verke inn på kva eg vil finne i denne undersøkinga, men Time kommune ligg meir

vest for Sirdal kommune, og dermed utanfor grensa for det konservative beltet. Likevel vil det vere interessant å undersøkje kor tid eg finn døme på når den nordiske namnerenessansen startar i Time kommune.

Alle desse påstandane (mfl.) seier at den nordiske namnerenessansen kjem gradvis og med store regionale skilnader. Ifølgje Gunnstein Akselberg er den «Slik sett [...] ein meir eller mindre klart avgrensa historisk periode» der det ikkje er vanleg å drøfte noko renessanseperiode før siste halvdel av 1800-talet, eller etter dei fyrste tiåra inn på 1900-talet (Akselberg, 2005, s. 102). Derfor har eg valt å halde meg til tidfestinga til Akselberg, fordi den er meir presis, og den vert støtta av fleire andre (Akselberg, 2005, s. 102; Alhaug, 2008; Johannessen, 2004, s. 23; Stemshaug, 2008, s. 428; Særheim & Kruken, 2018, s. 344; Aarset, 1982, s. 67).

Men kva er den nordiske namnerenessansen? Renaissance, som tyder atterføding, vil i denne samanhengen seie eldre namn som vert tekne i bruk att, etter ei tid der dei har vore heilt ute frå namnetilfanget. Nokre har ikkje vorte bruka på mange hundre år, og nokre har ikkje høyrte heime i det området dei vert teken opp att frå, til dømes namn som *Sturla*, som var allment på Island frå 900-talet, eller *Frøydís*, som er kjend som dotter til Eirik Raude frå Grønland kring år 1000 (Akselberg, 2005, s. 100). Denne forklaringa støttar det Aarset definerer som den nordiske namnerenessansen: ei ny oppbløming og interesse for dei nordiske namna, som inkluderer både eldre namn og namn som aldri har vore bruka før (Aarset, 1982, s. 67). Medan Gudlaug Nedrelid forklarar det med at folk som var «oppglødde av nasjonalistisk straumdrag» starta å bruke eldre nordiske namn og former av namn som var tilgjengeleggjort i omsetningane av sagalitteraturen og annan tilgjengeleg litteratur (Nedrelid, 2017, s. 221). Særheim og Kruken forklarar den nordiske namnerenessansen for ei tid der dei tok opp att dei nordiske namna, men òg den historiske måten å skrive dei namna som hadde vore i kontinuerleg i bruk og dermed hadde fått ei dialektform, til dømes *Aadne* og *Arne*, der *Aadne* er dialektforma til *Arne* (Særheim & Kruken, 2018, s. 344).


I Noreg byrja den nordiske namnerenessansen ein del seinare enn i Sverige og Danmark, men han fekk derimot eit mykje større omfang her i landet. Det kan vere fordi Noreg er ein ung nasjon, og namna som kjem frå ei «ærefull fortid» styrka namneberarane, og dei som var kring desse, si nasjonale kjensle (Alhaug, 2019). Det har òg samanheng med at Noreg mest sannsynleg hadde ei større trong til å skape noko eige, fordi landet lenge hadde vore under andre land, sist under Danmark som Noreg vart frigjort frå i 1814 med si eiga grunnlov. Då

har renessansenamna vore med på å skape ei kjensle av ei tilhøyrslse til ein norsk kultur, ved å vere ein del av ein gamal norsk tradisjon som vart teken fram att gjennom til dømes litteraturen. Det å namngje barna sine med eit nordisk namn, er ifølgje Benedicta Windt-Val og Kristoffer Kruken ein ideologisk form for namngjeving, fordi den har vore med på å løfte fram ideologien og anderørsla som folk var opptatt av kring den tida. I tillegg har denne forma for namngjeving vore med på å skape ein kjensle av sosial samhøyrslse i dei lokale samfunna og i ein større nasjonal forstand (Kruken, 2006, s. 61; Windt-Val, 2011, s. 119).

2.3 Det sosiale og geografiske aspektet

Ivar Utne skriv at det er vanleg at namna spreier seg ut ifrå urbane områder ut til dei rurale områda, til dømes frå Stavanger og ut til Bryne, og ifølgje han er Oslo-området eit kjerneområde for namn: Når namna har slege rot der, vil det spreie seg utover i resten av landet. Men namna kan òg oppstå andre stader, men vil då trenge «drahjelp» frå Oslo og Bærum for å få spreining vidare (Utne, 2011, s. 16). Dei siste åra har denne spreinga skjedd i løpet av få år, eller på berre nokre månader. For nokre få tiår sidan kunne det take opptil fleire år før namna kom til mindre stader som var langt frå ein storby, og derfor meiner Utne at eldre namnetradisjonar har halde seg betre i fylke som Sogn og Fjordane og Finnmark (2011, s. 16). Det finst òg døme på namn som spreier seg frå rurale område, som *Silje* og *Endre*, begge dei to namna har ikkje hatt noko rotfeste i Oslo-området, men kom frå Vestlandet og Nord-Noreg (2011, s. 17). Men når namna spreier seg ut frå eit sentrum og ut til periferiane, er ofte namna på veg ut or namnemoten i sentrum, kanskje fordi dei høgre sjikta ikkje ville ha dei same namna som dei frå lågare sjikt (Aarset, 1982, s. 75).

Fleire av dei forskarane eg har vore inne på i kapittel 2.2, nemner at den nordiske namnerenessansen startar i byane og i dei øvre sosiale sjikta, og i dette kapittelet vil eg utforske korleis det viser seg. Tidlegare nemnte eg at eit renessansenamn kan vere eit namn som får attende den opphavlege skriftforma, i diagrammet nedanfor, henta frå Store norske leksikon, vil eg vise korleis renessansenamnet *Erling* og arvenamnet *Elling* har utvikla seg i forskjellige fylke på 1800-talet.



Figur 2-1 Henta frå Store norske leksikon, diagramma er laga av Erik Bolstad, artikkelen er den nordiske namnerenessansen. Diagramma viser korleis bruken av namnet Erling og Elling har utvikla seg i dei forskjellige fylka på 1800-talet.²

I diagramma over er det tydeleg at det var i Oslo³ og i Bergen at namnet *Erling* var mest utbreidd, medan *Elling* var meir bruka i dei meir rurale strøka. Ein kan derfor sjå at renessansenamnet *Erling* kom fyrst til byane, medan den yngre forma *Elling* stod sterkt i dei meir rurale stadene fram til *Erling* tok over seinare (Alhaug, 2020). Diagrammet ovanfor kan derfor vise at renessansenamna var meir vanleg i dei store byane, og dei dialektale formene (arvenamna) var meir utbreidd i dei rurale fylka.

Som eg har nemnt tidlegare var det dei høgre sosiale sjikta i byane som bruka renessansenamna fyrst, medan dei lågare sjikta tok over desse namna på slutten av 1800-talet (2020). Gulbrand Alhaug forklarar dynamikken mellom dei øvre sosiale sjikta og dei nedre mtp. namngjeving:

Inspirert av nasjonalromantikken tok da nordmenn i bruk namn frå sagatida, t.d. *Hjørdis*, *Dagny*, *Gudrun*, *Gunnar*, *Sigurd* og *Sverre*. Slike namn fann foreldra i Snorre og annan sagalitteratur. Dette var bl.a. namn som hadde legi i dvale i mange hundre år, og som nå vart *gjenfødd* (jf. *renessanse*). Også denne namnemoten fekk fyrst innpass i overklassa, men mot slutten av 1800-talet var ein del av desse namna, t.d. *Hjørdis* og *Dagny*, mest brukt i lågare sosiale lag i dei store byane. Her kan vi observere ein "namnedynamikk" i klassesamfunnet på 1800-talet: Etter kvart som overklassa oppdaga at fornamna "deira" var tekne i bruk i lågare sosiale lag, måtte dei finne nye namn til barna sine for å halde på avstanden til lågare sosiale lag. (Alhaug, 2021)

Når dei øvre sjikta oppdagar at dei nedre sjikta bruker dei same namna, finn dei nye namn å gje barna deira, som Alhaug ovanfor kallar for «namnedynamikk». Det er på denne måten at

² Diagramma er laga av Erik Bolstad i artikkelen om Den nordiske namnerenessansen av Gulbrand Alhaug (2020), henta frå https://snl.no/den_nordiske_namnerenessansen

³ På 1800-talet heiter byen egentleg Kristiania, men i kjelda eg bruker heiter det Oslo, Store norske leksikon

det heile tida kjem nye namn inn i namnetilfanget. Foreldra har ønskt seg unike namn, som skal vere med å løfte opp barna sine, og dei vel derfor namn som dei finn i eit høgre sosialt sjikt. Men sjølv om det kom mange nye nordiske namn inn i namnetilfanget, var det likevel få namneberarar tidleg i namnerenessansen. Og desse finn vi stort sett i dei høgre sosiale laga, og spesielt i byane, men dei finst òg lengre ut på landet, særskild i dei familiare der dei var opptekne av politiske saker, som målsaka, venstresaka og folkehøgskuleideane (Aarset, 1982, s. 67).

På slutten av 1800-talet vaks det fram nye samfunnssjikt, med fabrikkar og fleire arbeidsplassar, samt arbeidarsjiktet vart generelt større (i byane), og dei øvre sosiale sjikta ønskte nok å halde ein viss avstand frå sjikt som dei følte var «under» dei, og kunne markere dette ved og til dømes velje namn som ikkje vart bruka i dei nedre sjikta. Men det kan hende det òg hjelpte at byane var dei fyrste som fekk faste skular, betre lærarvilkår og betre utdanning på eit generelt plan, fordi dette gav dei moglegheit til å lese den litteraturen som vart skriven under den nasjonalromantiske anderørsla, og dei lærte om dei namna som vart bruka i mellomalderen og tidlegare. Bøndene hadde ikkje like mykje tid eller tilgang til skule og læring, jf. omgangsskulen før 1860, samt lenge etter det hadde dei òg færre skuledagar i veka på landsskulen enn i byskulen. Dette kan vere nokre (av fleire) forklaring på kvifor namnerenessansen kjem seinare inn til bygdene enn til byane, og at dei nedre sjikta fann namn hjå dei øvre sjikta (Seip, 1997, s. 126). Det kan hende dei nedre sjikta ikkje hadde like mykje tilgang til litteraturen der dei eldre namna vart teken i bruk, eller at dei ikkje var med på diskusjonen om målrørsla, men like fult kunne dei vere med på namnerenessansen ved å bruke renessansenamna som dei øvre sjikta bruka på barna sine, slik som i dømet til Alhaug: «[...] ein fyrbøtar og kona hans gav dottera namnet *Dagny* i 1898, men desse foreldra var neppe inspirerte av sagasus frå Ibsens diktning, men ville snarare etterlikne den tidlegare namnesmaken i høgare sosiale lag» (Alhaug, 2019). Ifølgje Tom Schmidt var det på 1500-talet stor forskjell i namnebruken mellom dei urbane og rurale strøka, men fordi det sosiale skiljet var i endring på 1800-talet, vaks nok også ønsket om å aksentuere skiljet endå meir. Dette førte til at dei nordiske namna som vart gjeninnført i byane oftast var dei namna som vart gjenfødd i skriftuttale, som *Sigurd*, medan i bygdene fanst det framleis former som var nedarva i både skrift og uttale, som *Sjurd* (Schmidt, 2002, s. 112). Han presiserer at det berre er tale om visse stader, derfor er det mogleg at dette kanskje ikkje gjeld stader som Time kommune.

I Kristoffer Kruken sin artikkel *Lærarar, målfolk og namnerenessanse* nemner han mannen som ein viktig bidragsytar til sjølvne namngjevinga, og at kvinna mest sannsynleg ikkje ville gått mot mannen hennar for å trosse eit ideologisk syn dei måtte ha (Kruken, 2020, s. 53). Deriblant dette synet, og andre faktorar, har han valt å sjå på berre mannen i sin undersøking der han vil finne ut om lærarar og målmenn eigentleg ikkje var pionerar i det å velje eit nordisk namn til barna sine under den nordiske namnerenessansen. Konklusjonen hans er at dei mest sannsynleg var pionerar, men det var derimot ikkje slik at det berre var dei som har valt «heil nordiske» namn, det var jamt over fleire i Noreg, med forskjellige yrkesgrupper, som valde slike namn. Den største forskjellen var nok at lærarane ofte ikkje var dei som var med på å lage nye namn, kanskje fordi dei fann namna uekte og falske. Men Kruken står fast ved at lærarane, som òg var målmenn, var den største gruppa av dei som berre bruka norrøne namn, og derfor var dei pionerar innanfor den nordiske namnerenessansen (2020, s. 69).

Det sosiale aspektet ved den nordiske namnerenessansen vil derfor vere slik som forskarane eg har vore inne på, renessansenamna har kome til dei større byane fyrst gjennom dei øvre sosiale sjikta. Kva rolle dette spelar for mi oppgåve, vil eg kome attende til seinare i oppgåva. Men eg som eg nemnde i kapittel 1.3 var Time eit bondesamfunn, der det ikkje var meir enn ein handfull med eit øvre sosialt sjikt, dei aller fleste var nok bønder og husmenn i dei fyrste periodane eg skal undersøkje. Derfor kan det hende at det ikkje vil vise eit stort sosialt skilje mellom dei øvre sjikta og dei nedre sjikta.

3. Klassifisering

Fleire forskarar som eg har funne fram til, vel å dele namnematerialet inn i to hovudkategoriar: *nordiske namn* (eller *arvenamn*) og *lånenamn*, somme deler også inn i tre der den siste er dei *justerte lånenamna*. Korleis skal ein då velje å klassifisere desse namna? Her vil det nok vere ulike svar utifrå kva for ein forskar ein spør, men ifølgje Vidar Haslum og Gudlaug Nedrelid er likevel den vanlegaste måten å dele inn på den fyrstnemnde måten, og derfor vil eg òg nytte meg av akkurat denne inndelinga (Haslum, 2005, s. 124; Nedrelid, 2017, s. 224). Derimot vil eg ikkje utelukke dei justerte lånenamna, men trekkje dei med som ein underkategori, dels under dei nordiske namna og dels under lånenamna. Dette synet vert støtta av blant anna Benedicta Windt-Val, som tek med dei justerte lånenamna i definisjonen av kva namn som høyrer med i den nordiske namnerenessansen (Windt-Val, 2011, s. 111). Hovudinndelinga vil då vere *nordiske namn* og *lånenamn*, som har kvar sine respektive underkategoriar. Dei nordiske namna er inndelte i: *arvenamn*, *renessansenamn*, *nylaga namn* med nordiske namneledd og *justerte lånenamn*. Lånenamna er inndelte i: *lånenamn*, *moverte namn* og *kortformnamn*. Desse underkategoriane vil verte forklarte nedanfor i dei respektive underkapitla, der eg òg vil forklare kvifor eg har valt å bruke akkurat desse.

For å svare på problemstillinga er det vesentleg å sortere namna inn i forskjellige kategoriar. Då kan ein samanlikne kva for ein kategori som skil seg ut i dei forskjellige periodane, og kva kategori som eventuelt minskar eller forsvinn ut. Dette vil også hjelpe til i resultatkapittelet når alle namna skal liggje under lupa, då kategoriane gjer det lettare å sjå namna som eit samla objekt når dei skal undersøkjast.

3.1 Nordiske namn

Eit av dei litt vanskelege problema som eg har støtt på, er terminologien som vert bruka i dette feltet. Eg har møtt fleire forskjellige variantar som til dømes *arvenamn*, *lånenamn*, *justerte lånenamn* og *renessansenamn*, slik dei eg nemnde innleiingsvis til dette kapittelet. Men kva er det eigentleg som avgrensar omgrepet «nordiske namn»? Gunnstein Akselberg forklarar dette på ein lettfatteleg måte:

Tanken bak termen nordiske namn er at dette er namn som har bakgrunnen sin i dei nordiske språka, det vil seie at dei har oppstått innom det nordiske språkvaldet, og at dei såleis skil seg frå dei framande eller innlånte namna som er komne inn i dei nordiske språka utanfrå. Til dømes er namn som *Knut*, norr. *Knútr*, og *Ivar*, norr.

Ívarr, i denne samanhengen nordiske namn, medan *Pål*, norr. *Páll*, til lat. *Paulus*, og *Jon*, til hebr. *Jōchanan*, gr. *Iōánnēs*, er innlånte eller framande namn. (Akselberg, 2005, s. 101)

Han seier i sitatet ovanfor at det er kvar namnet har opphavet sitt, eller kvar det kjem frå reint språkleg sett, som avgjer korleis namnet kan kategoriserast. Dei nordiske namna vil derfor vere namn som opphavleg kjem frå dei nordiske landa, og vidare skal dei også ha oppstått i det nordiske språkvaldet, som vil seie at dei skal ha opphav i dei nordiske språka.

Motsetnaden er namn frå andre land og språk, der namna opphavleg ikkje er frå det nordiske språket eller dei nordiske landa.

Gulbrand Alhaug tilrår å skilje mellom minst tre forskjellige kategoriar av nordiske namn:

- Dei nordiske arvenamna, til dømes *Aadne*.
- Justerte lånenamn, som er justerte på norsk grunn, til dømes *Lars*.
- Nylaga namn med nordiske namneledd, til dømes med namneledda *Rod-* eller *-borg* (Alhaug, 2004, s. 57).

Windt-Val har eitt punkt til som eg har valt å take med som gjeld dei nordiske namna som kan sporast attende til mellomalderen, anten dei har vore kontinuerleg i bruk eller om dei har lege i dvale og nyleg vorte tekne i bruk att (Windt-Val, 2011, s. 111). Det som har med kontinuitet å gjere, vil vere vesentleg seinare i inndelinga mi, som eg vil kome attende til seinare. Det finst nokre forskarar som meiner at ein skal avgrense dei nordiske namna til berre å inkludere dei namna som har opphav i dei nordiske språka, til dømes namn som *Einar* og *Jorunn* (Nedreid, 2017, s. 223), og det finst også fleire meiningar om kva som er eit nordisk namn, men eg har valt å bruke kategoriseringa til Windt-Val og Alhaug som rettesnor (Alhaug, 2004, s. 57; Windt-Val, 2011, s. 111).

Når eg slår saman Windt-Val og Alhaug sine definisjonar på kva eit nordisk namn er, kjem eg fram til desse punkta:

- Nordiske namn som har vore kontinuerleg i bruk sidan mellomalderen.
- Nordiske namn som har vore ute av bruk sidan mellomalderen, eller som har lege i dvale og vert bruka på ny.
- Nylaga namn med nordiske namneledd, som er inspirerte av nordiske namn og namnlagingsmønster.
- Justerte lånenamn, namn som eigentleg er lånenamn, men som har vore såpass lenge i bruk i Norden at dei har vorte justerte etter nordisk språk og namnemønster. Desse namna vil verte oppfatta som nordiske av namngjevaren.

Dette fører til inndelinga eg har valt å bruke:

1. Arvenamn
2. Renessansenamn
3. Nylaga namn
4. Justerte lånenamn

Dei justerte lånenamna har eit anna opphav enn dei nordiske, til dømes bibelske og kyrkjelege namn eller tyske, franske eller engelske namn. Desse namna kom tidleg inn i namnetilfanget vårt, og dermed har dei utvikla norske former, til dømes *Jon* av hebr. *Johannes*, *Berta* av *Birgitte* (som igjen er ei nordisk form av keltiske *Brigit*), og *Frikk* av det tyske namnet *Fredrik* (Windt-Val, 2011, s. 108). Sjølv om desse ikkje vert rekna som nordiske namn, er dei nok rekna som nordiske av namngjevarane. Akkurat dette vil eg kome attende til seinare i dette kapitlet, men ser meg nøydd til å nemne dei her, då dei er tekne med i kapitlet til dei nordiske namna. Årsaka til dette ligg nettopp i det at dei vart rekna som nordiske namn av namngjevarane, og dette vil eg take mest omsyn til når eg skal velje korleis namna skal kategoriserast. Det vil derfor ikkje verte teke omsyn til kvar namna kjem frå, då det ikkje har vore avgjerande for namngjevarane.

I det som følgjer, skal eg gå meir inn på kvart av dei punkta som er nemnde ovanfor, og kva dei tyder.

3.1.1 Nordiske namn som har vore kontinuerleg i bruk sidan mellomalderen (arvenamn).

Denne gruppa er ofte det som vert sett på som grunndefinisjonen av nordiske namn, og dei fleste namneforskarane eg har vore inne på, er samde om at desse namna er nordiske namn. Dette er ofte namn som har vore i bruk heilt attende til norrøn tid, og derfor vil eg bruke nemninga *arvenamn* om desse namna vidare i oppgåva. Dette kan til dømes vere *Ola*, som er ei norsk form av *Olav*, norrønt *Óláfr*. Dette namnet var vanleg uttaleform i heile landet, utanom i Telemark og Setesdal, der dei bruka uttaleforma *Olav*. Under den nordiske namnerenessansen kom dei opphavlege skriftformene i bruk att, og det førde òg med seg at talemålet retta seg etter skriftformene, som vil seie at namna vart uttala slik dei vart skrivne. Men det førde òg med seg at dei byrja å skrive namna slik dei opphavleg uttala dei, ved at *Ola* som vart skrive i den danske forma *Ole* frå 1700-talet, no under namnerenessansen byrja å verte skrive *Ola* att. Det var fleire dialektformer som forsvann ut frå namnetilfanget, fordi sjølv om dei skulle skrive namna slik som dei vart uttala, skulle dei òg følgje den opphavlege skriftforma, normert til den skriftmåten som vart tolka som korrekt.

Dei nordiske namna som har vore i samanhengande bruk, vert òg kalla for *arvenamn* av blant anna Gulbrand Alhaug (Alhaug, 2004, s. 57). Som namneforskar Vidar Haslum påpeikar, er dette ein parallell til *arveord*, som er dei orda som har vore i språket vårt så langt attende vi kan spore, til dømes *mor* og *far* (Haslum, 2005, s. 125). Arvenamn er namn som har vore i kontinuerleg i bruk sidan mellomalderen, og ofte har dei overlevd i dialektformer og gjerne på svært lokale stader. Då kan ein med andre ord seie at *nordiske namn* viser generelt til at eit namn kan sporast attende til norrøn tid, medan *arvenamn* tyder at desse namna som har vore i kontinuerleg bruk sidan norrøn tid. I området som eg skal ha fokus på, Time kommune, er til dømes *Elling* eit arvenamn, medan *Erling* er eit renessansenamn, endå begge har opphav i norrønt *Erlingr*. Dialektforma *Elling* speglar språket som har vore i endring i dette området, då det tidlegare har vore ei utvikling frå *rl* til *ll* (norr. *Erlingr* → *Elling*), og det er mykje mogleg at uttalen akkurat i Time har vore «*Edling*», slik som i ordet *fjedl* av *fjell* på jærsk. Det same kan vi sjå i namnet *Aadne*, som viser ei utvikling frå *rn* til *dn* (norr. *Árni* → *Aadne*). Andre stader kan det vere omvendt, men her vil det berre vere fokus på kva som er gjeldande for Time kommune. Arvenamna fekk ofte ein sterk vekst på 1800-talet og vert på den måten spreidd til heile landet. Dette følgjer eitt av nivåa til Kristoffer Kruken sin definisjon av namnerenessanse, der lokale namn kjem i nasjonalt omlaup (Kruken, 1993, s. 22). Vidare vil denne tydinga verte bruka for å skilje mellom dei namna som har vore kontinuerleg i bruk, og dei namna som har vore ute av bruk, eller lege i dvale. Dei namna som har vore ute av bruk, kjem eg attende til i neste delkapittel, der eg tek opp renessansenamna.

Alhaug skil ikkje mellom arvenamn og dei nylaga namna i si kategorisering (Alhaug, 2004, s. 57), men i denne oppgåva vil eg gjere det, og derfor vil ikkje arvenamn inkludere dei nylaga namna. Dette er også ei avgrensing som Benedicta Windt-Val gjer i si inndeling av kva namn som inngår i den nordiske namnerenessansen (Windt-Val, 2011, s. 111), og vil derfor vere den kategoriseringa eg har valt å bruke. Arvenamna vil i denne oppgåva vere nordiske namn som har vore kontinuerleg i bruk sidan mellomalderen. Eit problem som kan oppstå her, er dei namna som er i kontinuerleg omlaup andre stader, men som ikkje kjem inn i namnetilfanget i Time før etter andre halvdel av 1800-talet. Desse namna vil ikkje vere eit arvenamn i Time, men vil verte kategoriserte som renessansenamn Dette vil eg kome attende til seinare i neste delkapittel.

3.1.2 Nordiske namn som har vore ute av bruk sidan mellomalderen, eller som har lege i dvale og vert bruka på ny (renessansenamn).

Eg vil byrje med å definere kva eg meiner med *renessansenamn*: Renaissanceamn er nordiske namn som har vore heilt ute av bruk, men som har grunnlag i dei nordiske språka og kan sporast attende til ei urnordisk form. Namna har ikkje vore i kontinuerleg bruk, slik som arvenamna, men har lege i det som ein gjerne kallar for dvale sidan mellomalderen. Gjennom den nasjonalromantiske litteraturen som vaks fram på 1800-talet, vart folk kjende med dei eldre namna att, jf. kapittel 2.1, gjennom skriftene til blant anna Henrik Ibsen, Bjørnstjerne Bjørnson, Ivar Aasen mfl. Eg brukar nemninga *renessansenamn* om desse namna i samsvar med bruken hjå andre namneforskarar som Benedicta Windt-Val og Ole-Jørgen Johannessen (Johannessen, 2004, s. 13; Windt-Val, 2011, s. 111).

Ifølgje Gulbrand Alhaug sin artikkel i Store norsk leksikon er det vanskeleg å gje ein heilt eintydig definisjon av renessansenamn, ofte er det tale om norrøne namn som vart tekne i bruk att på 1800-talet, som ikkje hadde vore bruka sidan mellomalderen, men det vart også teken i bruk namn som ikkje hadde vorte brukt tidlegare og som ikkje hadde eit direkte norrønt opphav men som kom inn til dømes via litteratur (Alhaug, 2020). Andre namn kan også vere rimeleg å sjå på som *renessansenamn* sjølv om dei ikkje har norrønt opphav, slik som dei *justerte lånenamna*, i det minste ifølgje Benedicta Windt-Val (Windt-Val, 2011, s. 111). Desse vil eg kome attende til seinare i eit anna delkapittel. Uansett vil eit renessansenamn tyde eit namn som kjem attende i bruk, anten det har vore heilt ute av bruk, eller det går attende til den opphavlege skriftforma som namnet hadde i norrønt skriftspråk (Windt-Val, 2011, s. 111). Dette vil gjelde namn som til dømes *Ådne*, der arvenamnet fekk attende renessanseforma *Arne*, eller *Siri*, der arvenamnet fekk attende renessanseforma *Sigrid*. Dialektforma som her er kalla arvenamn, har oppstått fordi namnet har vore såpass lenge i namnetilfanget at det har vorte endra samstundes som det har skjedd endringar i språket, som igjen viser til kontinuerleg bruk av namna. Dessutan poengterer Gunnstein Akselberg noko viktig, der namnekontinuiteten har vore sterk kunne nok også dei lokale og familiære tradisjonstilhøva vere sterke, med andre ord kunne arvenamna stå like så sterkt som andre namn og kanskje vere like viktig for dei å halde på desse som det var å tilføre dei nye namna i høve til nasjonsbygging og det romantiske tilhøvet (Akselberg, 2005, s. 103). For å sjå utviklinga frå arvenamn til renessansenamn vil det derfor vere formålstenleg å kategorisere arvenamna og renessansenamna kvar for seg, slik at ein kan samanlikne kva som skjer med dei ulike typene nordiske namn med kvarandre.

Windt-Val skil mellom to motar som fann stad kring 1800-talet. Éin av dei var nordiske namn, som inkluderer arvenamna og dei justerte lånenamna, som fekk ei oppbløming på grunn av romantikken og nasjonalromantikken, med andre ord ei renessansebølge parallelt med den nordiske namnerenessansen. Denne andre moten gjaldt då utelukkande namn som ikkje hadde vore i dvale eller namn som var gløynde eller vart henta frå litteraturen (Windt-Val, 2011, s. 111). Ho trekkjer fram Johannessen som nemner at det er fleire nordiske namn som har høg bruksfrekvens før 1865, og dei kan dermed ikkje reknast som renessansenamn (Johannessen, 2004, s. 13; Windt-Val, 2011, s. 111). Desse er kan hende eit resultat av den moten ho nemner som kjem av oppbløminga av romantikken og nasjonalromantikken. Windt-Val meiner det er dei namna som har vore heilt vekke frå minnet til folk som er ein del av den nordiske namnerenessansen, men og dei namna som har vore i bruk ein annan stad som kjem inn som eit nytt tillegg til namnetilfanget. Dei vil på det tidspunktet dei kjem inn i namnetilfanget stå fram som ukjente namn for namngjevarane og passar derfor til kriteriet om å vere vekke frå minnet til folk (Windt-Val, 2011, s. 111). Begge desse motefenomene viser til ei fornya interesse for det nordiske språket og dei nordiske namna som er sjølve grunnpilaren til den nordiske namnerenessansen, og det passar derfor å take dei med i definisjonen på kva eit renessansenamn er, men då som ein parallell som skjer samstundes med den nordiske namnerenessansen.

Som nemnt i kapittel 2 vart folk kjende med dei gamle namna gjennom blant anna litteratur, til dømes i omsetjingar av gamle soger der folk lærte om gamle heltar, gudar, kongar og andre figurar (Aarset, 1982, s. 67). Desse namna hadde somme gonger aldri vore bruka tidlegare, medan andre var namn som vart teken opp att frå eldre tider. Eit av problema med den eldre litteraturen er at dei fleste figurane er mannlege, og ei liste over kva renessansenamn som var mest populære på slutten av 1800-talet sett opp av Gulbrand Alhaug i artikkelen Dagny, Hjørdis og Sverre, viser at det er klart fleire mannsnamn enn kvinnenamn. Han skriv også om det høgre sjiktet som var dei som tok i bruk dei nye namna fyrst, fordi det var dei som gjekk på teater og las den nyaste litteraturen fyrst osb. (Alhaug, 2019). Det han skriv med andre ord er at det er kan hende fleire unike mannsnamn enn kvinnenamn, og det vil kanskje vere fleire som heitte *Sigrid* eller *Ingebjørg* samstundes enn det er namneberarar på namn som *Fridtjof* eller *Olav*. I ein bokomtale av Kristoffer Kruken, Den nordiske namnerenessansen, peikar han på det faktum at namnerenessansen var sterkare blant mannsnamna enn blant kvinnenamna, noko som han finn merkeleg, då namnemotar plar å svinge meir blant kvinnenamn elles

(Kruken, 2006, s. 61). Det er med andre ord noko som kan vere interessant å følgje med på under undersøkinga mi, for å finne ut om det er nokre forskjellar mellom kjønna.

Dei nylaga namna med nordiske namneledd, som vart stava etter nordiske namngjevingsmønster, vert ofte rekna som renessansenamn. Eg vil kome attende til definisjonen av denne kategorien i neste delkapittel. Desse namna kan reknast som ein del av den nordiske namnerenessanserørsla fordi dei tek i bruk eldre nordiske namneledd og set dei saman til nye nordiske namn, som igjen er med på å skape variasjon i namnetilfanget (Nedrelid, 2017, s. 71). Men sjølv om desse namna vert rekna som renessansenamn av andre forskarar (Alhaug, 2004, s. 57; Windt-Val, 2011, s. 111), har eg likevel valt å rekne desse namna som ein eigen underkategori av nordiske namn, fordi eit renessansenamn er namn som får ei ny blømingstid. Derfor fell dei nylaga namna utanfor sjølve definisjonen på renessansenamn då dei nylaga namna aldri har vorte nytta tidlegare. Eit renessansenamn kan rett nok òg vere eit namn som aldri har vore i bruk tidlegare om faktiske personar, som nemnt i avsnittet ovanfor, men då vil det vere tale om eit namn som vi kjenner att frå litteraturen, til dømes namn som *Fridtjof*, som berre er kjent frå fornaldersoga *Soga om Fridtjov den frøkne* frå kring 1300.

Eg har tidlegare nemnt det kriteriet at namna må ha lege i dvale før ein kan kalle dei for renessansenamn i dette kapittelet. I denne diskusjonen skil Gunnstein Akselberg mellom renessansenamn i samband med *kronologisk brot* og *kronologisk kontinuitet*. Kategorien renessansenamn i samband med kronologisk brot femner om namn som går ut av bruk og vert tekne inn att i ein seinare periode. Kategorien kronologisk kontinuitet i samband med renessansenamn femner om namn som ikkje går heilt ut av bruk, men som får ei ny blømingstid i ein seinare periode (Akselberg, 2005, s. 100). I ei fotnote nemner Akselberg at namnegranskaren Vidar Haslum ikkje er samd med han i den kronologiske kontinuiteten, då det berre er dei som har eit brot og dermed ligg i dvale som kan kallast for renessansenamn (2005, s. 100; Haslum, 2005, s. 125). Haslum nemner i sin fotnote at namna kanskje burde vere ute av bruk frå kring 1350 heilt fram til 1850, men seier òg at eit renessansenamn kan vere eit namn henta frå ein annan stad i landet i det nest siste avsnittet frå same side (Haslum, 2005, s. 125). Alhaug på si side meiner det kan diskuteras om det eigentleg er eit renessansenamn om det ikkje er heilt i dvale. Han nemner namn som *Gunnhild*, som var dronningnamn på 900-talet og som låg høgt på lista over vanlege namn på 1700-talet, vidare nemner han *Gunnar*, som var ein sentral figur i *Njålssoga* som vart skriven kring 1280. Desse namna har ofte vore i samanhengande bruk mange stader, til dømes er begge namna godt

etablerte i Time kommune der ein kan sjå ei gradvis utskifting av skrivemåten i norsk lei: *Gunild* → *Gunhild* og *Gunder* → *Gunnar* (Alhaug, 2020). Her er Windt-Val usamd fordi ho vel å take med dei namna som har vore i bruk på avsidesliggjande stader, og som derfor vil opplevast som «nye og ukjente» der dei ikkje har vore bruka tidlegare, i definisjonen på kva eit renessansenamn er (Windt-Val, 2011, s. 111). Akselberg skildrar dette som den «skjulte» namnerenessansen, eller med andre ord: der kontinuiteten gjer det vanskeleg å avgjere om det er ein framhalden kontinuitet i den eine enden av tidsperioden, eller ein nordisk namnerenessanse i den andre enden. Den opne namnerenessansen er motsetnaden til den skjulte, der det er eit tydeleg brot med ein tidlegare namnetradisjon i det samfunnet ein undersøker (Akselberg, 2005, s. 102). Den skjulte namnerenessansen må i det tilfelle vere i eit lokalt samfunn der det er ein sterk kontinuitet i namngjevinga. Dei fleste forskarane er samde i at namnet må vere ute av bruk for å verte rekna som eit renessansenamn, men det finst døme der namna er i bruk i nokre lokalsamfunn, der dei må kategoriserast som arvenamn, medan dei må kategoriserast som renessansenamn der dei ikkje har vore i bruk tidlegare (eller på lange tider). Dette syner at namnerenessansen er eit *relativt* fenomen, og at ein må take utgangspunkt i tilhøva på den staden ein granskar, i dette tilfellet Time kommune.

Om vi tek eit lite blick ovanfor igjen, til dei namna som får attende ei norrønliknande skriftform finn vi til dømes *Aadne* → *Arne* eller *Elling* → *Erling*. Her er det den tradisjonelle dialektforma, eller den yngre forma sett på frå norrønt, som vert rekna som arvenamn, og det er namn som har vore kontinuerleg i bruk, medan den historisk-litterære forma (*Arne*, *Erling*) vert rekna som renessansenamn fordi dei har vore heilt ute av bruk før dei kjem inn att under namnerenessansen. Ein kan derfor rekne kriteriet med kontinuitet som ein raud tråd i kva som vert rekna som eit renessansenamn, og vi er derfor eit skritt nærare ein definisjon. Eit anna kriterium for renessansenamna er at endringa må vere så stor at uttalen verte endra. Det nyttar til dømes ikkje at dei byrjar å skrive *Erling* fordi dei sa *Erling* heile tida, sjølv om dei skreiv *Elling* tidlegare. Årsaka til at *Erling* her vert rekna som eit renessansenamn er fordi med endringa i skriftform, endra dei også korleis dei uttala namnet *Erling* (Haslum, 2005, s. 127).

Ei oppsummering på kva definisjon på eit renessansenamn vil vere til no: eit namn som har fått ei ny blømingstid på den staden som undersøkinga gjeld for, eller arvenamn som har fått attende ei norrønliknande skriftform, eller nye namn som kjem inn gjennom litteraturen som ikkje har vore i bruk tidlegare. Med Haslums definisjon: «[...] en mengde nye navneformer og navn – av nordisk opprinnelse, men uten noen opprettholdt lokal tradisjon – kommer i bruk over alt i det norske samfunnet. Det er slike navn vi kan kalle *nordiske renessansenavn* [...]»

(Haslum, 2005, s. 124), veit vi òg at det er tale om nordiske namn og ikkje lånenamn. Benedicta Windt-Val har valt å take med dei justerte lånenamna i sin definisjon av kva som kan reknast for eit renessansenamn (Windt-Val, 2011, s. 111), og nokre av dei justerte lånenamna vil mest sannsynleg høve inn i definisjonen. Eg har valt å ikkje rekne desse som renessansenamn fordi dei ikkje er av nordisk opphav, men eg vil likevel take dei med som ein eigen underkategori av nordiske namn fordi dei truleg vart rekna som nordiske namn av namnebrukarane, og eg vil kome attende til desse namna litt seinare. Det geografiske aspektet som vert nemnt i sitatet til Alhaug ovanfor er ikkje heilt uproblematisk, fordi nokre av namna som vert rekna som arvenamn ein stad, altså dei som har vore bruka kontinuerleg sidan mellomalderen, kan verte rekna som eit renessansenamn ein annan stad. I *Norsk personnamnleksikon*, vidare kalla NPL, vert det ofte lista opp kva det språklege opphavet er, og kvar namnet har vore eller er mest bruka i landet (Kruken & Stemshaug, 2013, s. 14). Dette vil vere til stor hjelp når eg seinare skal finne ut om namna har ein kontinuitet eller ikkje som avgjer om dei er renessansenamn eller ikkje. Då vil definisjonen på eit renessansenamn vere: eit nordisk namn som har fått ei ny blømingstid på den staden som undersøkinga gjeld for, eller arvenamn som har fått attende ei norrønliknande skriftform, eller nye namn som kjem inn gjennom litteraturen som ikkje har vore i bruk tidlegare.

3.1.3 Nylaga namn med nordisk namneledd (nylaga namn).

Den tredje kategorien innanfor dei nordiske namna er nylaga namn med nordiske namneledd. Denne kategorien er som nemnt tidlegare med i Benedicta Windt-Val si utgreiing av kva namn som høyrer til i kategorien renessansenamn (Windt-Val, 2011, s. 111), men vil ikkje verte rekna som dette i denne oppgåva, derimot vil dei verte rekna som ein del av den nordiske namnerenessansen fordi dei var med på å skape variasjon og tilhøyrslenskje (2011, s. 118). Ifølgje Gudlaug Nedrelid var ikkje Ivar Aasen særleg glad i desse namna i byrjinga, men kunne etter kvart sjå nytten i det å lage nye namn for å få meir variasjon i namnetilfanget, i tillegg ønskte Aasen at fleire av dei norske namneledda skulle verte nytta i staden for dei utanlandske ledda, som til dømes *-ius* og *-ine* (Nedrelid, 2005, s. 63; Aasen, 1878, s. 56). Aasen kjem med nokre forslag sjølv, til dømes *Dagrun* og *Solrun*, med etterleddet *-run* frå *Gudrun*. Dei fleste nylagingane var blant kvinnenamna, då det ikkje var særleg stor variasjon blant dei frå før, noko Aasen også syner gjennom dei forslaga han kjem med (Alhaug, 2019; Aarset, 1982, s. 80). Ifølgje Kristoffer Kruken er desse nylagingane noko som skjer i større grad kring kysten og i byane (Kruken, 2018, s. 8).

Nokre av dei nordiske namneledda kan høve både som forledd og etterledd, til dømes *Borg-* og *-borg*, medan andre berre høver som forledd eller etterledd, til dømes *Sol-* og *-var(d)*. Dei namna dette vil gjelde, er dei nylaga namna, og dei vil verte kalla *nylaga namn* vidare.

Moverte namn og andre avleidde namn vil ikkje verte inkluderte her, då det er ein skikk som kjem frå utlandet, dessutan inneheld dei ikkje berre nordiske namneledd. Moverte namn vil blant anna inkludere namn som *Oline*: Sjølv om det er avleidd av det nordiske namnet *Ole*, har det etterleddet *-ine* som er av utanlandsk opphav, og vil derfor ikkje vere eit reint nordisk namn. Eg vil kome attende til kva moverte namn og moving er i eit anna delkapittel.

Eli Fure seier noko interessant om dei nye namna som kjem inn: Ho samanliknar namn med ei klesdrakt, som er noko ein pyntar seg med. Dei lågare sjikta hadde nok meir trong til å pynte seg enn dei høgare sjikta, og på grunn av dette meiner ho at det var dei lågare sjikta som var fyrst ute i Asker og Bærum til å take i bruk nye namn, noko som igjen tyder på ein mental mobilitet (Fure, 1990, s. 53). Kanskje foreldra ønskte at barna deira skulle nå lenger i den sosiale rangstigen? Men det fanst òg ein trong til å kalle opp barna sine etter kjende personar, eller personar som stod høgare opp i samfunnet, fordi namnet kunne symbolisere at det skulle gå bra med beraren, eller at namnet skulle påverke barnet til å identifisere seg med nokon det hadde gått bra for (1990, s. 53). No er det rett nok ikkje berre dei nylaga namna Fure talar om, men nye namn som kjem inn i namnetilfanget som dei lågare sjikta hentar hjå dei høgare sjikta. Derimot høver det fint å sjå på det ho talar om i lys av dei nylaga namna, då det kan hende at det er nettopp dette som har gjort at foreldra har valt eit heilt nylaga namn til barnet sitt.

I Nedrelid (2005) sin artikkel «Flettfrid, Kjøtulv og meir vanlege nydanningar» er fokuset på nylaga namn. Ho deler namnelaginga inn i tre ulike kriteria til kvifor nokre namneledd vart valde, og kvifor nokre namneledd ikkje vart valde: 1. Kombinasjonen av namn må ikkje vere latterlege, eller verke uheldig; 2. Namnet må klinge bra; og til sist: 3. Namnet må ha gode assosiasjonar. Saman med desse punkta, og punkt frå andre forskarar, kan ein sjå at dei nylaga namn har hatt fleire funksjonar, til dømes at dei skulle vere med på å individualisere og skape variasjon i namnetilfanget, dei skulle vere med på å pynte namneberaren, somme gonger skulle dei minne om nokon det hadde gått bra for, og namnet skulle vere noko lyst og sterkt for å gje gode assosiasjonar. Derfor kan ein nok finne fleire namneledd som er «ljose og sterke» blant dei nylaga namna. Nedrelid nemner blant anna at *Dag-* er betre enn *Kveld-*, slik at det finst fleire tilfelle av fyrstnemnde, medan sistnemnde har ho berre funne eitt døme på i si undersøking (Nedrelid, 2005, s. 71).

For at dei nylaga namna skal kunne sjåast i lys av namnerenessansen, krevst det visse kriteria. Ifølgje Benedicta Windt-Val må dei ha nordiske namneledd, ved at ein bruka eldre nordiske namn og namnelagingsmønster som førebilete når dei vert sette saman (Windt-Val, 2011, s. 111). Det kan derfor ikkje vere til dømes **Royvard*; sjølv om *-vard* er eit nordisk namneledd, passar ikkje *Roy-* inn, då det er eit skotsk-engelsk namn.⁴ Det følgjer eit nordisk namnelagingsmønster, men begge ledda må vere av nordisk opphav. Derimot vil namn som *Dagvard* vere eit betre alternativ til namn som kjem inn med namnerenessansen – noko det òg gjorde, namnet er kjent sidan 1872 i Tønsberg (Kruken & Stemshaug, 2013, s. 110). Namnet er samansett av det nordiske namneleddet *Dag-*, som er det same som ordet *dag*, og det nordiske og fellesgermanske namneleddet *-vard*, som tyder «vaktar, vernar; vakt, varetekt» (2013, s. 107, 2013, s. 586).

3.1.4 Nordiske namn som eigentleg er lånenamn (justerte lånenamn).

Den siste kategorien av kva som kan reknast som eit nordisk namn, er dei namna som eigentleg er lånenamn, men som har vore såpass lenge i bruk i Norden at dei har vorte justerte etter nordisk språk og namnemønster. Ofte har desse namna vorte lånte inn i namnetilfanget for fleire hundre år sidan og har utvikla seg saman med dei andre namna og dermed fått norske former og ein plass i kulturen og namnetradisjonen. Fordi namngjevarane mest sannsynleg verkeleg har trudd at namna som dei har gjeve til barna sine, er norske, vert desse namna rekna som nordiske namn av fleire, blant anna av Gulbrand Alhaug og Benedicta Windt-Val (Alhaug, 2004, s. 162; Windt-Val, 2011, s. 108–109). Døme på slike namn er *Kari*, frå det greske *Aikaterine* (lat. *Catarina*), og *Lars*, frå lat. *Laurentius*.

Denne kategorien tek ikkje omsyn til kvar namnet eigentleg kjem frå, eller kunnskapen til namneforskarar, men til folk sine kjensler og kunnskapen eller oppfatningane til dei som er namngjevarar (Windt-Val, 2011, s. 108–109). Ein annan viktig faktor som spelar inn på utbreiinga av desse namna, er oppattkallingstradisjonen. Denne tradisjonen stod sterkt her i Norden, og det gav dei justerte lånenamna høve til å spreie seg og utvikle seg på lik line som dei nordiske namna (Kruken, 2020, s. 69). I denne oppgåva vil det ikkje verte teke omsyn til oppattkalling, då det vil føre til at undersøkinga vert altfor omfattande, men vert nemnd her som årsaka til at dei justerte lånenamna stod så sterkt som dei gjorde.

⁴ *Roy* er derimot eit namn som kjem inn kring 1890-åra, med klar påverknad frå Amerika, gjennom brevveksling og heimkomne emigrantar (Kruken & Stemshaug, 2013, s. 482).

Det er ikkje alle forskarar som reknar dei justerte lånenamna for nordiske namn, blant anna skil Kristoffer Kruken mellom norrøne namn og andre namn, medan Alhaug nyttar ei samla nemning nordiske namn som inkluderer arvenamn og namn som er lånte inn og har vorte justerte på norsk grunn (Alhaug, 2004, s. 173; Kruken, 2020, s. 54). Vidare i oppgåva vil desse namna verte kalla *justerte lånenamn*, som er forkorta form for lånenamn som er justerte på nordisk grunn.

For at eit namn skal kunne klassifiserast som eit justert lånenamn, bør det verte sett nokre krav til kva ein kan rekne som «godt nok» justert. Det fyrste kravet er som nemnt ovanfor at namngjevaren må rekne namnet som eit nordisk namn, og det andre kravet er at det må ha vorte justert på nordisk grunn, slik at det er godt nok justert til å høve inn i dei nordiske namnemønstra og den nordiske namnstrukturen. For å finne krava til sistnemnde punkt kan vi vende oss til kva som kjenneteiknar eit nordisk arvenamn:

- Dei har svært ofte éi eller to stavingar
- Trykket ligg på fyrste staving (Alhaug, 2004, s. 159).

Dei justerte namna burde derfor følgje minst eitt av desse fonologiske kjenneteikna til dei nordiske arvenamna. I tillegg burde det liggje ei tilhøyrsløse til den nordiske kulturen eller bruken, gjerne gjennom litteratur eller i det at namnet har vorte bruka gjennom mange hundre år (2004, s. 159). I mitt materiale vil det verte synleg ved at dei vil vere kontinuerleg i bruk frå den fyrste undersøkte perioden. Dei justerte namna bør ha vore i bruk frå endå tidlegare, til dømes frå 14–1500-talet, men den tida ligg utanfor mitt namnemateriale, og vil derfor ikkje vere mogleg for meg å finne ut av. Desse namna vil ofte vere stutte, ved å ha éi eller to stavingar som nemnt i kriteria til Alhaug ovanfor. Eit siste kriterium som Alhaug nemner, er at dei ofte har tonem to, men fordi eg ikkje har lydband frå 1800-talet, vil dette vere vanskeleg å avgjere i dag, og derfor vil eg ikkje take omsyn til dette i denne oppgåva.

Som ein kan sjå av klassifiseringane, er det ein brei definisjon. Til hjelp for å justere klassifiseringane, vert Alhaugs ekskurs om klassifisering av namn bruka jamt og trutt. Sjølv om han seier at denne ekskursen vik frå det som har vore vanleg innanfor norsk personnamnforsking er det likevel positivt å sjå ei utvikling innanfor fagfeltet, då det opnar opp for nye synsvinklar (Alhaug, 2004, s. 55). Denne oppgåva vil ha mest fokus på *arvenamna* og *renessansenamna*, fordi dei viser til ein utvitydig nordisk namnerenessanse, nettopp i det at dei er nordiske namn. Likevel vil dei justerte lånenamna ha ein fot med i spelet, fordi dei truleg vart tolka som nordiske av dei som bruka namna. Derfor ønskjer eg å

take dei med som ein del av den nordiske namnerenessansen, men vil likevel setje eit skilje mellom *arvenamn*, *renessansenamn*, *nylaga namn* med nordiske namneledd og *justerte lånenamn*.

3.2 Lånenamn

Eit lånenamn vil seie eit namn som ikkje har nordisk opphav og som ikkje har vorte justert til nordisk form, som vil seie at dei har vorte tilpassa det nordiske talemålet jf. kriteria til dei justerte lånenamna (Alhaug, 2004, s. 57, 2004, s. 159). Desse namna kjem frå andre språk, der dei aller fleste har kristent eller bibelsk opphav. Det finst også nokre namn som opphavleg er lånenamn, men som har vore så lenge i bruk i Norden at dei etter kvart har fått eigne dialektformer og dermed også eigne skriftformer, dei justerte lånenamna. Desse vart gjennomgått i førre kapittel og vil derfor ikkje verte utdjupa noko meir her. Jf. kapittel 3.1 er dei nordiske namna namn som har eit opphav i dei nordiske språka, og på lik line er lånenamna namn som har opphav frå andre språk ifølgje Gunnstein Akselberg (Akselberg, 2005, s. 101), noko eg vil fortsette å nytte i dette kapittelet.

Fordi kategorien med lånenamn kan verte veldig stor, vil det vere formålstenleg å dele han inn i nokre underkategoriar:

- Lånenamn
- Moverte namn
- Kortformnamn

Denne inndeling vil fungere som ei vektskål mot dei nordiske namna betre enn til dømes ei inndeling der ein skil mellom kyrkjelege namn og tyske namn, fordi lånenamn i denne settinga vil innehalde alle lånenamn som vert bruka i si opphavlege form (med nokre modifikasjonar som til dømes *Laurits*, som er ei form av lat. *Laurentius*). Føremålet med oppgåva er jo nettopp å sjå på styrketilhøvet mellom dei nordiske namna og *dei andre namna*, og då høver det bra å drage «alle lånenamna under ein kam» for å gjere det meir oversiktleg. Poenget med kategorien lånenamn vil liggje i at det er alle namn som ikkje er av nordisk opphav, og vil derfor vere samanlikningsgrunnlaget mot renessansenamna og arvenamna. Under den store hovudkategorien passar det bra å dele han inn i mindre kategoriar: *lånenamn*, *moverte namn* og *kortformnamn*. Då set ein skiljet mellom namn som er (omtrent) i si opphavlege form, og dei namna som har utvikla seg så mykje at dei ikkje lenger kan kategoriserast som ei opphavleg form, til dømes *Nilsine*, som er laga til mannsnamnet *Nils*,

med andre ord som er movert til eit kvinnenamn ved hjelp av etterleddet *-ine*. Eit anna døme er *Frank*, som er ei engelsk kortform av namnet *Franciscus*, der namnet *Frank* er ei stuttare form med færre stavingar, i tysk har dei tilsvarande form laga direkte til gamalhøgtysk – *franko*, men *Frank* kjem hovudsakleg frå engelsk påverknad her i landet ifølgje NPL (Kruken & Stemshaug, 2013).

Med denne inndelinga kan det verke litt forvirrande når den eine underkategorien ber det same namnet som hovudkategorien, men forklaringa til dette ligg i at med denne inndelinga vil framleis lånenamna vere ein hovudkategori, og under seg vil han ha dei to underkategoriane *moverte namn* og *kortformnamn*, som samstundes vil verte rekna kvar for seg.

3.2.1 Lånenamn

Som tidlegare i kapittelet var eg inne på korleis eg vil skilje ut *lånenamna* og det fyrste inndelingskriteriet er det språklege opphavet til eit namn, og som ei logisk slutning er det kvar namnet opphavleg kjem ifrå, eller kvar det kan sporast attende til som er avgjerande for kvar namnet verte kategorisert. Det som vil vere hovudpoenget med kriteriet til å vere eit lånenamn er at desse namna har eit anna språkleg opphav enn det nordiske språket. Benedicta Windt-Val forklarar kva ho legg i eit nordisk namn eller eit «tilpasset navn», og ho nyttar opphavet til namna som grunngeving for klassifiseringa av namna (Windt-Val, 2011, s. 108–109). Når eg har nytta opphavet til å forklare kva eit nordisk namn er, vil det vere ein logisk slutning å gjere det same med lånenamna.

Nokre av desse namna kan vere ei form av eit anna namn, som til dømes *André*, som er ei fransk form for det greske *Andreas*. Om denne kategorien hadde vore delt annleis, ville det vore tenleg å bruke den yngste forma som er der namnet er lånt frå, og i dette tilfellet ville namnet vorte kategorisert som eit fransk namn. Sidan denne oppgåva har eit noko marginalt materiale, er det meir tenleg å kategorisere alle desse namna under ein hovudkategori, der ein berre har fokus på at namnet har eit framandt språkleg opphav.

Vidare i denne kategorien finn vi dei kyrkjelege namna, og dei er gjerne omtala som ei hovudgruppe av andre forskarar, til dømes Gudlaug Nedreliid (Nedreliid, 2017, s. 224). Med termen kyrkjelege namn er det medrekna bibelske namn, helgennamn og andre namn som har tilhøyrsløse i kyrkjeleg samband. Dette vil vere til dømes det hebr. namnet *Adam*, som dei fleste kjenner frå Det gamle testamentet, det greske namnet *Kristoffer*, etter helgenen *Christophoros*

frå Lykia i Vesleasia på 200-talet, og det kristne namnet *Kristian*, som er ei form av lat. *Christianus*, med bakgrunn i greske *Khristianos* som tyder 'kristen'. Namnet *Kristian* kjem opphavleg ikkje frå Bibelen, men er relatert til den kyrkjelege tradisjonen, eller om ein ser det i eit språkleg perspektiv, kjem frå *Kristus* (Alhaug, 2004, s. 59).

Det vil vere mogleg å skilje mellom dei kyrkjelege namna og andre lånenamn. Til dømes kan ein setje skiljet mellom kyrkjelege namn og namn med anna språkleg opphav, til dømes namn som vart lånt frå Tyskland, England eller Russland. Dette ville vere formålstenleg å gjere blant mannsnamna, men ikkje blant kvinnenamna, fordi dei utgjer ei mykje større gruppe blant mannsnamna enn hjå kvinnenamna. For å bruke den same inndelingsmetoden blant mannsnamn og kvinnenamn har eg valt berre å skilje ut moverte namn og kortformnamn. Dette vil også vere lettare med tanke på når eg skal take ei avgjerd om kvar namnelånet kjem frå, til dømes namnet *Gustav*, som har eit omdiskutert opphav ifølgje NPL, eller namnet *Hein* som har to moglege opphav ifølgje NPL.

Andre namn som vert plasserte inn i denne kategorien, er dei namna som opphavleg har vore slektsnamn, eller namn som kjem frå Ossian-songane. Det er tale om veldig få namn i Time kommune, derfor vil det vere mest formålstenleg å setje dei her. Om ein skal rekne dei som ein kategori for seg sjølv, ville det vorte ein så liten kategori at dei ville take meir plass enn kva som er naudsynleg.

3.2.2 Moverte namn

Den andre kategorien av lånenamna er moverte namn, det er namn som er avleidde av andre namn. Dette kan vere kvinnenamn som er avleidde av mannsnamn, eller mannsnamn som er avleidde av kvinnenamn. Namn som kjem av oppattkalling over kjønnskiljet vil verte kalla movering, der kvinnenamnet i utgangspunktet er eit mannsnamn, som til dømes *Jens*, som med moveringa vert *Jensine*. Det skjer sjeldnare at kvinnenamn vert omgjorde til mannsnamn, men om det skjedde i min periode, var det med ei latinisering av kvinnenamna der etterleddet *-inus/-ius* vart nytta, til dømes *Irenius*, *Catharinus* eller *Dorotheus* (Alhaug, 2008; Kruken, 1982, s. 63). Ifølgje Kruken var det heller ikkje vanleg med kvinnenamn som var avleidde av kvinnenamn, til dømes *Gurine* av *Guri* (Kruken, 1982, s. 63). Vidare vert alle namna som er avleidde over kjønnsgransa kalla for *moverte namn*, og det same gjeld dei namna som er avleidde av same kjønn, fordi kategorien vil verte for smal til å dele han inn i fleire underkategoriar.

Opphavet til dei moverte namna kjem av at det i Europa raste ei motebølge kring slutten på 1700-talet og byrjinga på 1800-talet. Den aukande handelen som gjekk føre seg over sjøgrensene, og flyttinga til Amerika som førde med seg brevveksling, tok med seg nye namnemotar frå mellomhavslanda, mellom anna desse *-ine* namna som eg nemnde ovanfor. I Noreg var det ein stabil namngjevingsskikk, der det var lite impulsar og det var vanleg med oppattkalling. Namn som *Anna, Kari, Berte, Ola, Per* og *Jon* var dei namna som oftast gjekk att. Ifølgje Ivar Utne kjem det ei omvelting i norsk namneskikk utover på 1800-talet, der namn som til dømes *Karoline, Hansine, Petra, Martinius* og *Theodor* kjem inn. Fyrst kjem dei til dei høgre sosiale sjikta, men kring 1875 var det om lag 15 prosent av kvinnenamna som etterleddet *-ine* (Utne, 2011, s. 83). Mange importnamn slutta også på *-a*, eller den franske endinga *-ette*, til dømes *Petra, Karola, Paula, Jakoba, Josefa, Henriette* og *Kaspara*. Nokre vart til i Nord-Europa, som *Edvarda* og *Wilhelmina*, men etterledda kunne òg kome på norske namn, til dømes *Olina, Olea, Olava, Olaus, Olavus, Olai* og *Olette* (2011, s. 83). I artikkelen til Alhaug skriv han dessutan at namn på *-ine* var særskilt populære som namn nummer to; heile 29 prosent av dei med dobbelnamn i Nord-Noreg hadde namn med etterleddet *-ine* som namn nummer to i perioden 1865–1900 (Alhaug, 2008).

3.2.3 Kortformnamn

Den siste underkategorien av lånenamn som eg vel å nytte, er kortformnamn. Mange av kortformnamna har uvisst opphav, slik som *Ine* og *Line*, fordi dei gjerne vert laga på tvers av fleire språk, og dei kan vere forkorting av fleire namn. Til dømes kan *Ine* vere ei forkorting av alle namna som endar på *-ine*, som til dømes *Pauline* og *Karoline* (Alhaug, 2004, s. 175). Namn som det ikkje har hendt noko særleg med, og som ein veit opphavet til, vil verte plassert i den kategorien som høver best. Døme på dette kan vere *Olga*, som er ei russisk form av det nordiske namnet *Helga*,⁵ eller *Arnt*, som er ei lågtysk form av det tyske namnet *Arnold*; begge desse vil verte kategoriserte som lånenamn, medan *Line*, som er kortform av namn med etterleddet *-line/-lina*, vil verte kategorisert som kortformnamn.

Ved overgangen til 1900-talet kjem det nye etterledd i bruk, til dømes *-y* som i *Jenny* og *Jessy*. Dette kjem av den store utvandringa til Amerika, som igjen førde til ein del brevveksling mellom Amerika og Europa. Som ein konsekvens av dette fekk europearane fleire nye inspirasjonar til nye namn. Dessutan var det ein god kulturell kontakt mellom Noreg

⁵ Ifølgje Alhaug vitnar *Olga* om vikingane sin påverknad på den russiske kulturen, saman med andre namn, som *Oleg, Gleb, Igor* og *Rurik* (Alhaug, 2011, s. 286).

og England på grunn av sjøfarten og handelen som den førte med seg. Dette gav oss blant anna nye namn og nye etterledd, som nemnt ovanfor, men òg til dømes namna *Villy*, *Jenny* og *Lilly* mfl. (Alhaug, 2008).

Nokre av dei kyrkjelege namna har med tida fått kortformer, til dømes *Lena*, som er ei kortform av dei greske namna *Magdalena* og *Helena*. Desse vil Terje Aarset kategorisere som kyrkjelege namn (Aarset, 1982, s. 82), men i denne oppgåva vil dei verte rekna som kortformnamn. Namn som er kjæleformer vert også inkluderte i denne kategorien, fordi dei ofte er vanskelege å skilje frå kortformer. Kjæleformer vert gjerne bruka i barnespråk og følgjer ofte ein struktur som ein kan finne i barnespråk. Dette kan vere til dømes *Maia*, som er ei nordisk kortform og kjæleform for *Maria* (Alhaug, 2011, s. 10; Kruken & Stemshaug, 2013, s. 367).

Kortformnamna vil nok vere meir populære seinare, særskild blant mannsnamna ifølgje Gulbrand Alhaug, men då som korte namn, eller nærare sagt einstava ord, til dømes *Kim*, *Ulf* eller *Kjell* (Alhaug, 2008). Når vi talar om kortformnamn i denne samanhengen, gjeld det like mykje tostava ord som til dømes *Emma* eller *Hanna*. I den same artikkelen til Alhaug nemner han «a-mote og e-mote» (Alhaug, 2008), som vil seie at tidleg på 1900-talet var det *a-mote* blant kvinnenamna, der namna skulle ende på *-a*, til dømes *Lena* og *Marta*. Tidlegare i namnetilfanget som eg nyttar har det vore ein klar overvekt av namn som endar på *-e*, som kan vere ein dansk skriftspråkleg påverknad. Dette vil eg komme attende til i neste delkapittel når eg skal take føre meg lemmatisering.

3.3 Lemmatisering

Det finst nokre namn som for oss i dag kanskje ser og høyrer heilt ulike ut, men som likevel ein gong har vore eitt og same namn, til dømes *Karen* og *Kari*. Tidlegare vart namnet *Kari*, som er ei norsk form av *Katrine*, som regel skriva i den danske forma *Karen*. Det same kan ein seie gjeld for namn som *Maren* og *Mari*, *Elen* og *Eli*. Skal ein då kategorisere desse namna kvar for seg, eller skal ein standardisere dei, ved å kategorisere dei saman? Eller kva med namn som *Christian* og *Kristan*, skal vi sjå på desse som same variant av same namn? Om ein skal undersøkje kor frekvent eit namn er i ein moderne namnestatistikk, er det kanskje greitt å halde enkelte av namna frå kvarandre, men når ein skal undersøkje kor stor frekvens ein kategori har i eit namnemateriale, er det kanskje like greitt å samle fleire namn saman for å få eit meir oversiktleg bilete (Alhaug, 1992, s. 115).

Å *lemmatisere* tyder å ordne ordformer i eit *lemma*, ifølgje Store norske leksikon, medan eit lemma er den leksikalske forma av eit ord som ein kan finne i ei ordbok. Det finst fleire ord som har mange former, men som deler same grunntydinga, til dømes ein *stol*, *stolen*, *stolar*, *stolane* osv. Alle desse orda viser til ein gjenstand ein kan sitje på, men dei er forskjellige i bøyinga. Når ein talar om eit lemma, er det éi av desse ordformene ein talar om som skal vise til alle ordformene, i ordboka vil det i dette tilfellet vere ordet *stol*. Med andre ord er det oppslagsforma, eller ei standardform som vi er ute etter, og i eit namnemateriale vil det ofte vere fleire namn som kan analyserast som same namn, derfor vil eg i dette kapitlet undersøkje korleis eg skal skilje eit namn frå eit anna, eller om dei skal analyserast som eit og same namn, med andre ord finne ei standardform.

Gulbrand Alhaug sin artikkel frå 1992 kallar det for lemmatisering, medan Eli Fure kallar det for namnstandardisering. Fure nemner eit system, kalla FONEQ, som vart utvikla av Mari Vestre og seinare gjort meir brukarvennleg av Lars Nygaard (Fure, 1990, s. 36). «Fornavn, etternavn (patronymikon og/eller familienavn) og bostednavn standardiseres til en lett ugjenkjennelig bokstavisk form ved hjelp av FONEQ, en navnestandardiseringsrutine som i grunntrekkene ble utviklet av hovedfagstudenten Mari Vestre ved Institutt for informatikk (UiO) i 1984-85. Hensikten med dette er at ulike stavemåter av samme navn (f.eks. Christian, Kristian, Xtian) skal få en felles standardisert form» (Nygaard, 1989, s. 226). I dette tilfellet skulle ikkje namna vere atkjeleg for andre lesarar, slik at det berre vert fokus på frekvensen av dataa som vert samla inn. Systemet som Fure har valt å bruke, gjer at ho kan styre kva namneformer ho sjølv vil kategorisere som like (Fure, 1990, s. 36). I denne oppgåva vil eg derimot bruke systemet som Alhaug presenterer, der ein kan dele det inn i fire ulike nivå som gjer inndelinga meir systematisk:

- Grafemisk nivå
- Fonemisk nivå
- Arki-nivå
- Etymologisk nivå (Alhaug, 1992, s. 117).

Dette gjev oss tre hovudkategoriar i måten ein slår saman namn på: det er reint lydleg, eller med bakgrunn i korleis ein stavar namna, og den siste er det etymologiske, der ein går attende til kvar namnet kjem frå. Kort forklart inkluderer grafemisk nivå alle måtane å stave eit namn på. Dette vil gjere namnematerialet mykje større, og ein får vist alle dei forskjellige måtane å skrive eit namn på, til dømes *Christoffer* og *Kristoffer*, eller *Cathrine* og *Katrine* osv. Ofte

vert dette nivået bruka som utgangspunkt for namneundersøkingar, før det eventuelt vert kategorisert på ein annan måte (Alhaug, 1992, s. 123).

I det *fonemiske nivået* bind ein saman namn der dei reint lydleg er like. Det vil seie namn som vert stava forskjellig, men som ein kan rekne med har same uttale, vert føydde saman. Dette er motsetnaden til det grafemiske nivået, der namn som *Cathrine* og *Katrine*, eller *Christoffer* og *Kristoffer*, vert haldne separat sjølv om dei vert uttala heilt likt (Alhaug, 1992, s. 124).

I det tredje nivået, *arkinivå*, vil namneformer frå det fonemiske nivået og som reint lydleg er nærliggjande relaterte til kvarandre, verte føydde saman, til dømes *Frederik* og *Fredrik*, eller *Bergitte* og *Birgitte* osv. (Alhaug, 1992, s. 125). Det er med andre ord små forskjellar som skil namna litt frå kvarandre, men dei ser nesten heilt like ut. Det er berre utforminga som gjer at namna skil seg litt frå kvarandre.

På det fjerde nivået, *etymologisk nivå*, bind ein saman namneformer som kjem frå same opphav, til dømes *Jens*, *Jon* og *Johannes*, og det same gjeld *Siri* og *Sigrid*. Ein vil med andre ord ikkje skilje mellom nokre av arvenamna og renessansenamna, eller mellom nokre av lånenamna og dei moverte namna eller kortformnamna. På dette nivået vil det vere naturleg å velje det namnet som dei andre namneformene har utvikla seg frå til å vere standardform. I dei døma som er bruka her vil det vere *Johannes* og *Sigrid*, men berre om dei er presenterte i namnematerialet som vert bruka (Alhaug, 1992, s. 138). Eg vil kome attende til kva namneformer eg har valt å bruke som standardform, men vil nemne at i alle nivåa til no er det mogleg å velje kva form ein sjølv vil nytte som standardform.

For å finne fram til kva form som eg vil velje som standardform, vil eg bruke Alhaug sin artikkel «Lemmatisering av namnevariantar – ein nivåmodell basert på norsk materiale» der han presentert tre forskjellige måtar ein kan lemmatisere på:

1. Namn med fremmend ortografi, dvs. med bokstavane *q w z x c*, vert stava i samsvar med allmenne rettskrivingsprinsipp for moderne norsk, t.d. *Carl* > *Karl*.
2. Namn som er skrivne i samsvar med eldre ortografiske konvensjonar, vert stava etter gjeldande rettskrivingsprinsipp, t.d. <å> i staden for <aa>, altså *Pål* i staden for *Paal*.
3. Nordiske namn vert stava i samsvar med språkhistorisk bakgrunn, t.d. *Halldis* (jf. norr. *hallr*) – altså ikkje *Haldis*. (Alhaug, 2004, s. 27)

Dette er prinsipp eg vil nytte i denne oppgåva, fordi materialet vert litt mindre og meir overkomeleg og handterleg, i tillegg til at det i visse tilfelle vil gjere det enklare å sjå utviklinga på enkelte namn. Eg vil òg nytte med av det fonemiske nivået og arkinivået som

rettesnor til standardform, der dei namna som vert uttala likt, og som berre har små forskjellar i skrivemåten vert bundne saman. Døme på dette er blant anna *Berntine* og *Bertine*, eller *Bærent* og *Bernt*. Eg har derimot valt å ikkje følgje det etymologiske nivået, sidan utviklinga har ført til at dialektforma kan seiast å vere eit eige namn, til dømes *Elling* i høve til *Erling*. Sjølv om endringa her ikkje er stor, har likevel *Elling* fått så stor plass i namnetilfanget i Time kommune at det har fått ein eigen verdi. Samstundes er oppgåva tent med å ikkje samanføre desse to namna, fordi når *Erling* kjem attende i namnetilfanget, er det på grunn av namnerenessansen som kjem inn i kommunen.

Det etymologiske nivået kan nokre gonger verte blanda saman med arkinivået, til dømes namn som endar på etterledda *-a* og *-e*. Her er forma med *-e* ofte ei form som kjem av den danske skriftform påverknaden. I slike tilfelle vil ikkje alle namna verte føydde saman, fordi det er nokre tilfelle der det har førekome ulik utvikling som gjer at dei får forskjellige etterledd. Dette vil gjelde namn som til dømes *Anna* og *Anne*, der *Anna* er eit lånenamn og *Anne* er ei norsk form av *Anna*, og vil derfor verte klassifisert som eit justert lånenamn. Det same har hendt med *Marta* og *Marte*, der *Marta* er eit lånenamn og *Marte* er ei nordisk form av *Margareta*, som gjer namnet til eit justert lånenamn. Namna *Berte* og *Berta* kjem frå same opphav og er begge norske former av namnet *Birgitte*, derfor vil det ikkje verte skilt mellom desse to. For mannsnamn kan vi sjå det same i namna *John* og *Jon*, der *John* er eit lånenamn, ei engelsk og eldre form av *Johannes*, medan *Jon* er ei nordisk form av *Johannes* og vil derfor vere eit justert lånenamn, men fordi *h*-en opphavleg har vore ein lengdemarkør, m.a.o. /jo:n/, vil desse formene ikkje verte skilde og begge namna vil verte føydd saman som eitt namn. *Ola* og *Ole* vil heller ikkje verte skilde, fordi *Ola* vart meir og meir bruka utover på 1800-talet, som følgje av namnerenessansen, men dei har nok alltid vert uttala som namnet *Ola*, og vil derfor vere formålstenleg å ikkje skilje mellom desse to namna.

I tabellane nedanfor, jf. tabell 3-1 og tabell 3-2, vil eg liste opp nokre av namna som eg har valt å skilje mellom, og nokre av dei namna som eg har valt å føye saman til éi standardform. I rekkja med namn som er føydde saman til éi standardform, vil dei formene som er utheva vere den forma som eg har valt som standardform. I tillegg vil eg undersøkje kva namnevariant som har høgast bruksfrekvens, og vil i nokre tilfelle take omsyn til dette. I desse tabellane er det berre lista opp nokre få av dei vala eg har teke, og det vil verte lagt ved ei fullstendig namneliste som vedlegg til sist i oppgåva.

Tabell 3-1 Tabell over mannsnamn som er slått saman eller heldt skilt.

| Mannsnamn: | |
|---|---------------------------------------|
| Føydd saman: | Skilt: |
| <i>Kristian, Christian</i> | <i>Even og Eivind</i> |
| <i>Even, Evin</i> | <i>Gunleiv og Gundlef</i> |
| <i>Eivind</i> og <i>Eyvinn</i> | <i>Halvor og Halvard</i> |
| <i>Ommund, Omund</i> og <i>Aamund</i> | <i>John, Johan</i> og <i>Johannes</i> |
| <i>Peter</i> og <i>Petter</i> | <i>Kiddel</i> og <i>Kjetil</i> |
| <i>Syvert</i> og <i>Syver</i> | <i>Lars</i> og <i>Laurits</i> |
| <i>Torger, Torier</i> og <i>Torgier</i> | <i>Mons</i> og <i>Magnus</i> |
| John og Jon | <i>Ola, Olav</i> og <i>Oluf</i> |
| | <i>Peder, Peter</i> og <i>Per</i> |
| | <i>Sivert</i> og <i>Syvert</i> |
| | <i>Tarald</i> og <i>Torvald</i> |

Blant mannsnamna vil det vere tenleg å ikkje føye saman alle dei nordiske namna, då fleire av desse kan vise til ei endring når namnerenessansen kjem inn, og dei vil derfor verte talde kvar for seg. Derfor har eg òg valt å følgje same regelen i dei fleste kategoriane for å vere konsekvent, men eg vil sortere dei etter arki-nivået, der former som er nesten heilt like vil verte føydde saman, som til dømes *Torier* og *Torger*. Det vil alltid vere nokre unntak, til dømes *Sivert* og *Syvert*, fordi *Sivert* er ei yngre tysk form av *Sigvard*, og *Syvert* er ei yngre norsk form av *Sigvard*, vil eg halde dei separert. Eg skil derimot ikkje mellom *Syver* og *Syvert*. *Syver* er òg ei yngre norsk form av *Sigvard*, men kan ha vore assosiert med det norske namnet *Sjurd*, som er ei norsk form av *Sigurd*. I denne samanheng trur eg ikkje *Syvert* har noko kopling til namnet *Sigurd*, og dei vert derfor skilt som to forskjellige namn, men fordi det ikkje er nokon stor forskjell mellom *Syvert* og *Syver*, både med tanke på opphav og skriftforma, vil dei verte føydde saman til éi form.

Tabell 3-2 Tabell over kvinnenamn som er slått saman eller heldt skilt..

| Kvinnenamn: | |
|---|-------------------------------------|
| Føydd saman: | Skilt: |
| <i>Berte, Birte</i> og <i>Berta</i> | <i>Anna</i> og <i>Anne</i> |
| <i>Kristen, Christi, Kirsti, Kristi</i> og <i>Kisti</i> | <i>Eli, Elin</i> og <i>Elen</i> |
| <i>Elen</i> og <i>Ellen</i> | <i>Ingeborg</i> og <i>Ingebjørg</i> |
| <i>Gitloug</i> og <i>Gietlou</i> | <i>Karen</i> og <i>Kari</i> |

| | |
|---|----------------------------------|
| <i>Judit, Judite og Judita</i> | <i>Kristi og Kirsten</i> |
| <i>Kristine, Kirstine, Kistine, Kjerstine og Kjestine</i> | <i>Mali, Malene og Magdalena</i> |
| <i>Kristi, Kirsti, Kisti og Christi</i> | <i>Maren og Mari</i> |
| <i>Mali, Madli og Malli</i> | <i>Marte og Marta</i> |
| <i>Terese og Teresia</i> | <i>Margit og Margrete</i> |

Blant kvinnenamna har eg valt å skilje dei namna som etymologisk kjem frå same namn, men som berre vert skilt med dei ulike etterledd *-a* og *-e*, til dømes *Anna* og *Anne* (jfr. forklaringa ovanfor). Andre namn som berre har tilfeldig etterledd og/eller som kjem frå same etymologisk opphav, til dømes *Berta* og *Berte*, vil i desse tilfella verte føydde saman. Ofte vart det ikkje skilt mellom formene *Birte* og *Berte* i eldre kjelder, og fordi *Birte* berre er representert i den fyrste perioden vert det ikkje skilt mellom desse i denne oppgåva, og vil derfor verte føydd saman med *Berta* og *Berte*. *Kirstine, Kistine, Kjerstine* og *Kjestine* er alle former av *Kristine*, og vil derfor vere lånenamn (movert namn) og dei vert føydd saman til *Kristine*. *Christi, Kirsti, Kisti, Kisten* og *Kirsten* er norske former av *Kristine*, og vil vere justerte lånenamn (movert namn), desse vil også verte føydd saman til ei form, men dei vil og følgje det fonemiske og arkinivået, der *Ch-* vert skriven *K-*, som er ei meir norsk form å skrive på, der har eg valt *Kristen* som standardform. Dei siste formene av *Kristine*, dei nordiske/danske formene *Kirsten* og *Kisten*, har mest sannsynleg har vore uttala med *-i* på same måte som med *Eli* og *Kari*, som er namn eg kjem attende til i neste avsnitt, dei vil verte føydde saman under standardforma *Kirsten*, og dei vil verte halden separert frå *Kristine* fordi dei kjem frå forskjellige opphav. *Margit* er ei norsk form av *Margareta*, medan *Margrete* er ei nordisk/dansk form av *Margareta*. *Margit* er såpass justert, at det er kategorisert som eit justert lånenamn, medan *Margrete* nesten er stava i si opphavlege form og vil derfor vere eit lånenamn. Derfor vil desse formene òg haldast separert frå kvarandre.

Tidlegare vart det nemnt at dei namna som kan vise til ein overgang til namnerenessansen, ikkje vil verte føydde saman til éi form, dette vil gjelde namn som til dømes *Eli, Ellen, Elin* og *Elen*. *Elen* og *Ellen* er dansk-norske former av *Helene*, og årsaka til at *Elen* og *Ellen* vil verte kategoriserte som justerte lånenamn er at dei er såpass mykje nytta i namnetilfanget at det kan reknast for å vere eit godt innarbeidd namn som mest sannsynleg vart rekna som eit norsk namn av namngjevarane. *Eli* er ei norsk form av *Helene*, medan *Elin* er ei nordisk form av *Helene*. I desse tilfella vil det vere formålstenleg å berre føye saman *Elen* og *Ellen*, og halde på dei to andre formene for å sjå utviklinga. Det vil også vere tenleg å halde *Karen* og *Kari* åtskilde, fordi *Karen* er ei nordisk form av *Katrine*, og *Kari* er ei norsk form av *Katrine*. Dessutan byrja dei å uttale *Karen* kring 1700-talet, sjølv om det tidlegare berre var skriftforma

av uttaleforma *Kari*. Det same vil eg gjere med *Maren* og *Mari*, der *Maren* er dansk form av *Marina*, og eldre skrivemåte av *Mari*, som er norsk form av *Maria*. *Ingeborg* kom inn på seinmellomalderen (hovudsakleg frå dansk og svensk), som ei skriveform av det nordiske namnet *Ingebjørg*. Dette namnet er derfor med på å vise til ei endring i namnerenessansen når *Ingebjørg* kjem inn i nest siste periode, og derfor vil desse namna ikkje vere føydde saman.

Andre namn som ikkje naudsynleg har noko med namnerenessansen å gjere, er namn som *Gietloug* og *Gitloug*, som begge er former av *Gislaug*. Her vil det vere berre ein *-e-* som skil namna, og derfor vil dei verte føydde saman til éi form. *Judita* og *Judite* var vanlege former av *Judit*, men ifølgje NPL vart det meir vanleg å skrive forma *Judit* etter 1900, slik som det var vanleg i engelsk. Sidan dette ikkje har noko med namnerenessansen å gjere, har eg valt å føye desse namna saman til éi form. Dei siste to namna, *Terese* og *Teresia*, er begge lånenamn. *Terese* er ei form av *Teresia*, der sistnemnde vart litt meir bruka på 1800-talet. Desse har ikkje noko med namnerenessansen å gjere og vil derfor verte føydde saman til éi form.

4. Metodekapittel

I mi oppgåve vil eg undersøkje utviklinga til personnamna i Time kommune, der eg skal undersøkje korleis personnamna utviklar seg, frå rett før og under den nordiske namnerenessansen, med eit særskilt fokus på dei nordiske namna, jf. kapittel 1.1. Dette vil vere ei teoretisk oppgåve, der eg har nytta kyrkjebøker frå Digitalarkivet som kjelde til namnematerialet mitt. Desse er gjort tilgjengelege gjennom digitalisering, der dei har vorte skanna inn til eit datasystem som opnar opp for at folk kan arbeide med desse kjeldene heimanfrå. Alle namna som vert samla inn vert set inn i rekneark for å få eit oversyn over alle namna som har vorte gitt til alle barna i dei gitte tidsromma. Eg har valt å bruke namn på dåpsbarn fordi dei vil berre dukke opp ein gong i løpet av materialet eg nyttar, om eg hadde valt å bruke materialet frå til dømes folketeljingar vil nokre av namna kome fleire gonger, fordi kvar person vart tald kvar gong det var teljing. Det ville og vore mogleg å telje namn på personar over 50 år i folketeljingane, og dei ville ikkje hatt noko samanheng med namna som eg er på utkikk etter, som er namn som kjem inn i nøyaktig det tidsrommet eg har valt for å passe med tida, m.a.o. dei «moteriktige» namna.

Namna i kyrkjebøkene er primære kjelder, som vil seie at dei ikkje er fortolka før dei er nytta i denne oppgåva, anna enn frå presten og/eller klokkaren som har skrive ned informasjonen, derfor vil det vere mi eiga tolking som vil verte presentert i denne oppgåva. Dei opplysningane eg kjem til å nytte er tilgjengeleg data som ikkje er underlagde teieplikta, fordi dei er meir enn hundre år gamle ifølgje Arkivverket si heimeside (N.N., 2017b). Prosjektet treng ikkje å verte registrert inn til NSD, fordi dataa er anonyme og kan ikkje identifisere enkeltpersonar på noko vis. Det vil berre vere fornamn som vert bruka i ein femårsperiode på ein fast stad som data til denne oppgåva.

Årsaka til at valet falt på Time kommune var reint praktisk, av di det var fleire kjelder frå Time enn frå til dømes Klepp, som ville vore eit naturleg val for meg då det er bustadkommunen min. Begge desse kommunane er såkalla bondesamfunn, som vil seie at dei ikkje er like sentralisert som til dømes Sandnes og Stavanger. Eg ønskjer med denne oppgåva å undersøkje namngjevinga som ikkje har vorte like mykje påverka av sentraliseringa som skjedde i perioden kring den nordiske namnerenessansen⁶. Kanskje finn eg ut at den nordiske namnerenessansen ikkje fekk like tidleg rotfeste i Time, som er eit ruralt strøk, som han fekk i

⁶ Då tenkjer eg blant anna på industrialiseringa som var i full gong i verda, også i Noreg.

dei meir sentraliserte byane, eller kanskje renessansenamna ikkje når fram der i det heile i dei periodane eg har valt.

4.1 Periodane

Eg vil nytte korte tidsintervall på fem år mellom 1800 og 1915 for å sjå kor mange nordiske namn som er der, fordi Gulbrand Alhaug nemner at slike korte tidsintervall kan fastslå meir presist kor tid renessansenamna kom inn, enn til dømes tidsintervall med lengre mellomrom og lengre periodar (Alhaug, 2004, s. 127). Totalt vil det vere sju periodar for å sjå korleis stoda var før den nordiske namnerenessansen, og korleis den var under namnerenessansen. Dette vil gje eit godt oversyn over kor mykje endring det eigentleg er snakk om. For enkelheita si skuld er det ikkje nøyaktig like mange år mellom kvar periode, men periodane er valt ut for å ha mest mogleg spreidde periodar, men og for at det skal vere enklare å finne att namna i kyrkjebøkene fordi periodane som er valt ut er innafor same kyrkjebok og er ikkje spreidd ut over fleire bøker. Men det finst nokre unnatak der det var mellomrommet mellom periodane som avgjorde at det var betre å velje til dømes 1826-1830, der nokre namn frå 1826 er i ei kyrkjebok, medan dei resterande frå det same året er å finne i den neste boka. For å halde på eit kontinuerleg mellomrom mellom periodane har eg valt å nytte desse periodane:

- Fyrste periode: 1800-1804 – Bok 1: 1799-1815 (Ministerialbok nr. A 2, 1799-1817).
- Andre periode: 1826-1830 – Bok 2: 1816-1826 og bok 3: 1826-1841 (Ministerialbok nr. A 3 /1, 1816-1826; Ministerialbok nr. A 4, 1826-1841).
- Tredje periode: 1851-1855 – Bok 4: 1841-1855 (Ministerialbok nr. A 5.1, 1842-1855).
- Fjerde periode: 1866-1870 – Bok 5: 1855-1871 (Ministerialbok nr. A 6, 1856-1871).
- Femte periode: 1881-1885 – Bok 6: 1871-1881 og bok 7: 1881-1892 (Ministerialbok nr. A 7, 1872-1881; Ministerialbok nr. A 8, 1881-1892).
- Sjette periode: 1896-1900 – Bok 8: 1892-1901 (Ministerialbok nr. A9, 1893-1903).
- Sjuande periode: 1911-1915 – Bok 9: 1903-1920 (Ministerialbok nr. A 12, 1904-1920).

Frå no av vil alle periodane verte referert til som fyrste periode, andre periode osv.. Alle kyrkjebøkene som vert nemnd i lista ovanfor er henta frå Digitalarkivet, der eg har valt å nytte meg av ministerialbøkene som ofte vart skriven av soknepresten. Dei andre bøkene er klokkarbøkene som ofte vart skriven av klokkaren eller andre medhjelparar i kyrkja. Ifølgje Kristoffer Kruken kunne klokkaren ofte vere ein lærar frå bygda, og dei var som han skriv om i artikkelen sin om lærarar som målfolk, oppteken av skriftforma på namna. Dette førde til at presten og klokkaren somme gonger i året gjekk gjennom materialet sitt for å samanlikne og rette på dei feila som eventuelt hadde oppstått, og sjølv sagt var det greitt å ha bøker i reserve om noko skulle skje med ei av dei (Kruken, 2020, s. 68). For at det skal vere meir ryddig i

oppgåva vil eg ikkje referere til kyrkjebøkene kvar gong namna vert bruka i ein tabell eller i eit diagram, men eg kjem til å leggje ved tabellane som eg har nytta til å lage tabellar og diagram som vedlegg heilt til sist. Svakheitene til dei periodane som er vald, ligg som nemnd i at dei ikkje er kontinuerleg. Årsaka til at valet falt slik, var fordi kyrkjebøkene gjorde det vanskeleg å velje periodar som var meir kontinuerlege, slik som er nemnd sist i fyrste avsnitt.

I starten på lista ovanfor er det 22 og 21 år mellom dei tre fyrste periodane, årsaka til at dei periodane er med i det heile er fordi dei er med for å gje eit bilete over korleis namnesituasjonen og styrketilhøvet mellom namnekategoriane var før namnerenessansen kjem inn kring midten av 1800-talet, jf. kapittel 2.2. Desse periodane vil derfor fungere som eit utgangspunkt for korleis namnesituasjonen var før endringa kjem inn. Etter ca. 1850 er det berre elleve år mellom kvar periode for at vi skal få eit tettare bilete over kva som skjer med namnesituasjonen og styrketilhøvet mellom namnekategoriane under den nordiske namnerenessansen. To av bøkene som er valt ut overlappar kvarandre i ein av periodane eg har valt, slik eg nemnde, og årsaka til dette ligg i at det var betre å halde på kontinuiteten mellom kvar periode ved at det er konstant elleve år mellom dei periodane frå og med den fjerde perioden, og dermed halde det meir ryddig og systematisk.

4.2 Kategoriane

Frå kyrkjebøkene har eg notert kvart namn på alle borna som vart døypte i dei sju periodane eg skal sjå nærare på, som eg har nemnt tidlegare. Eg har òg sortert dei etter kjønn, kor tidt dei er gjentekne og delt dei inn i kategoriar. I tabellane eg har laga, er dei sortert etter namn som er mest nytta til namn som er minst nytta. Namna på barna skal sorterast i ulike kategoriar, som vart grundig gått gjennom i kapittel 3, og kategoriane er: *arvenamn*, *lånenamn*, *renessansenamn*, *justerte lånenamn*, *kortformnamn*, *moverte namn* og *nylaga namn* med nordiske namneledd. Deretter i delkapittelet 3.3, som handlar om lemmatisering, vart det gjennomgått korleis eg har valt å korte ned på talet på unike namn gjennom å føye saman fleire namn som eigentleg er det same namnet, der namna berre har små detaljar som skil dei frå kvarandre. Dei vala eg har teke angående desse kategoriane og inndelinga, vil vere mi eiga tolking av kva namn det er, men eg har nytta Norsk personnamnleksikon (2013) som eit gjennomgåande verktøy for å finne ut kva opphavet til kvart namn er, samt eg har nytta 10 001 navn (2011) som eit supplement der eg har vore usikker.

Totalt i denne oppgåva er det 1618 mannsnamn og 1445 kvinnenamn (totalt 3063 namn) i namnematerialet, og for å kome fram til eit resultat ligg det mykje arbeid i å kategorisere alle

desse namna, som nemnd ovanfor. Når ein skal telje namna slik eg gjer i denne oppgåva kan det skje feil, blant anna kan eg ha oversett nokre namn eller eg kan ha talt eit namn ein gong for mykje. Men det totale oversynet vil gje oss eit nærliggjande nøyaktig oversyn over heile situasjonen, og derfor er det likevel nyttig å sjå på namna på denne måten.

Dette vil vere ei kvantitativ oppgåve, som vil seie at det vil verte fokus på å få så mykje data som mogleg for å få eit mest mogleg nøyaktig svar. For å ha overkomeleg mengd med data har eg valt å berre sjå på namn frå Time kommune. Valet mitt fall på denne kommunen blant anna fordi den ligg i rurale omgjevnader og har ikkje den same sentrale kontakten med omverda slik gjerne Sandnes og Stavanger kommune har. Dette vil vere med på å gje eit innblikk i korleis namna såg ut i det norske bygdesamfunnet der påverknaden frå dei «pene herrane og fruene» i storbyane kanskje ikkje var like stor. Dessutan vil det kvantitative aspektet vere med på å gje eit tydeleg tal på kor stor endringa kan ha vore, eller i det store og det heile kva omfang det eigentleg er tale om her. Dette vil eg undersøkje nærare i resultatkapittelet, men også korleis ein kan sjå dei eventuelle endringane i materialet som vert nytta.

4.3 Dei sosiale sjikta

Fordi det er interessant å undersøkje dei sosiale aspekta i namngjevingsprosessen, som blant anna Tom Schmidt hevdar at det er i dei øvre sosiale sjikta at dei nye formene for namn kjem inn fyrst (Schmidt, 2002, s. 112), og er derfor noko eg vil studere (i ein mindre grad) for å finne ut om det er i dei øvre sjikta den nordiske namnerenessansen startar i Time kommune. Men i dette området kan det vere noko vanskeleg å bruke dei øvste sosiale sjikta, då dette er ein rural bondekommune der dei aller fleste vil vere bønder, arbeidarar eller husmenn. Likevel har eg valt å take med akkurat dette forskingsspørsmålet for å undersøkje om det er mogleg å finne ut noko om dette. Det var blant anna prester og kjøpmenn i denne kommunen som kan vere med å gje eit svar, men sidan dei er veldig få kan det nok tenkjast at gardmennene vart sett på som eit «høgre sjikt» under det faktisk høgre sjiktet blant dei som budde i kommunen. Derfor vil eg take omsyn til at gardmennene somme gonger kan reknast for eit høgre sjikt, men vil likevel halde dei fråskilt frå det høgre sjiktet. Totalt vil dei verte plassert i seks ulike sjikt: *Høgre sjikt, gardmenn, arbeidarar, husmenn, fattig sjikt* og dei *ugifte/tomt felt* til sist.

Det fyrste sjiktet i materialet mitt, er det høgre sjiktet, her kan ein finne til dømes prestar, lensmann eller kyrkjesongar. Sjiktet vert kalla for høgre sjikt, for å samle alle dei yrka som høyrer til dei øvste sjikta i samfunnet. Det nesten sjiktet er gardmenn, her har eg samla alle

namna som høyrer til ein gard på eit vis. Dette kan vere gardeigar, gardmann eller forpaktar. Det er fleire forskjellige typar arbeidarsjikt i materialet som eg nyttar meg av, og derfor har eg valt å samle dei yrka som til dømes bakar, smed og snekkar i ein kategori kalla arbeidarar. Dette vil vere det sjiktet som famne om flest moglege yrkestitlar, og årsaka til at eg har valt å samle alle under eit sjikt, er fordi det vil verte for få namn på kvart yrke om dei skal vere samla kvar for seg, og det vil verte for mange forskjellige sjikt om ein skal halde på alle yrkestitlane. Det fjerde sjiktet er husmenn, dette er det einaste sjiktet der det berre er ein yrkestittel. Dette er fordi sjiktet er nokså stor i nokre av periodane, og kan derfor stå sjølvstendig i dei periodane det gjeld. I det fattige sjiktet finn vi dei som er leietakarar, tenarar, daglønarar og fattiglem. Det er ikkje tale om store grupper kvar for seg, og det tener seg derfor best å samle dei til ein kategori. Den siste kategorien er dei som er ugift, eller som ikkje har nokon yrkestittel bak namnet sitt. Det at dei er ugift er ikkje eit yrke i seg sjølv, og vil derfor ikkje kunne reknast som eit yrke, samtidig vart dei som fekk barn utanom ekteskap sett ned på av samfunnet i den tidsperioden oppgåva tek føre seg, derfor høver det at dei fell på den siste kategorien der dei som er utanfor samfunnet «høyrde til»⁷.

Poenget med å undersøkje dei sosiale sjikta vil liggje i kva renessansenamn som kom fyrst inn, og i kva sjikt det kom inn frå. Som nemnd er Schmidt ein av dei som seier at det er i dei øvre sjikta renessansenamna kom fyrst inn, andre som seier dette er Gulbrand Alhaug og Terje Aarset (Alhaug, 2019; Aarset, 1982, s. 75), og det er derfor formålstenleg å undersøkje om dette også høver for Time kommune.

⁷ Eg har valt å setje «høyrde til» i hermeteikn fordi dette er ikkje noko eg eller samfunnet står for i dag, men på den tida (1800-talet og tidlegare), var dei ugifte sett på som syndarar, og det vart sagt at til og med fattiglem «visste betre» enn å få barn utanfor ekteskap.

5. Kategorisering og sortering av namnematerialet – resultatet

I dette kapittelet kjem alle namna til å verte analyserte og kategoriserte etter dei ulike klassifiseringane som vart gjennomgått i kapittel 3. Alle dei 3063 namna vil fyrst verte delte inn i mannsnamn og kvinnenamn, og i dei periodane som er gjeldande. Kategoriane som vert bruka, er som nemnt i kapittel 3 *arvenamn*, *renessansenamn*, *nylaga namn*, *justerte lånenamn*, *lånenamn*, *moverte namn* og *kortformnamn*. I arbeidet med kategoriseringa har eg valt å bruke *Norsk personnamnleksikon* (2013) av Ola Stemshaug og Kristoffer Kruken og *10 001 namn* (2011) av Gulbrand Alhaug. Personnamnleksikona har vore veldig nyttige i arbeidet, men i fleire høve må ein bruke skjønn, fordi det ikkje alltid er heilt openbert kva kategorisering som vil vere den heilt korrekte. Eg har henta informasjon om kvar namna kjem frå, kor tid dei har vore bruka, og kva dei tyder. Denne informasjonen vil hjelpe meg med å kategorisere namna der eg tenkjer dei høyrer heime. Det vil ikkje finnast eit fasitsvar for kvar eg skal plassere namna, og den plasseringa eg har valt, er ikkje naudsynleg den einaste moglege plasseringa.

For enkelheita si skuld har eg valt å dele dette kapittelet inn i to hovuddelar, der den fyrste delen vil handle om inndelinga i kategoriane slik eg nemnde ovanfor. I det neste delkapittelet vil eg gå gjennom alle tala på kor mange namn som var i kvar periode, og kor mange namn det var i kvar kategori. Når eg har kategorisert alle namna, vil dette vere med på å syne korleis utviklinga har vore, og korleis styrketilhøva har vore i alle periodane. Dette vil eg gjere ved å vise til blant anna tabellar som syner kor mange namn som er i kvar kategori prosentvis.

For å halde det ryddig har eg valt å dele dei to hovuddelane i to mindre delkapittel, eit for mannsnamn og eit for kvinnenamn, men eg kjem til å diskutere det overordna biletet når eg kjem inn på tabellane og prosentvis kor mange namn som er i kvar kategori. Dette vil eg gjere fordi det vil vere interessant å samanlikne korleis situasjonen var frå begge kjønns ståstad mot kvarandre. Samstundes er det like interessant å undersøkje utviklinga til kjønna kvar for seg i tillegg, og derfor vil dei verte delte inn i kvar sine tabellar og diagram, men dei vil verte sette opp mot kvarandre i analysen av tabellane der dette vil vere naturleg.

Fordi eg har valt å sjå på det geografiske og sosiale aspektet i samband med den nordiske namnerenessansen, jf. kapittel 2.3, vil det også verte teke med kva sosialt sjikt dei enkelte renessansenamna kjem inn i. Her vil det også verte skilt mellom mannsnamn og kvinnenamn, men i analysen vil dei verte sette opp mot kvarandre der det vil vere naturleg.

5.1 Mannsnamn

5.1.1 Nordiske namn

I dette delkapittelet vil eg kategorisere alle dei nordiske namna, og som forklart i kapittel 3.1 vil det vere namn som har sitt utspring i dei nordiske språka, men også dei som har vorte endra så mykje at dei til slutt liknar og kjennest som nordiske for namnebrukarane (justerte lånenamn), jf. kapittel 3.1.4. Renessansenamna og dei nylaga namna med nordiske namneledd vil også verte kategoriserte og sorterte i dette kapittelet, jf. med kapittel 3.1.2 og 3.1.3, men òg i samsvar med det som Gulbrand Alhaug og Benedicta Windt-Val skil ut som nordiske namn, der renessansenamna er namn med ny oppbløming, og dei nylaga namna med nordiske namneledd er namn som nyttar nordiske namneledd og nordisk namnlagingsmønster (Alhaug, 2004, s. 57; Windt-Val, 2011, s. 111). Som Gunnstein Akselberg klassifiserte dei nordiske namna, er det det språklege opphavet som ligg til grunn når eg har kategorisert dei nordiske namna, jf. kapittel 3.1 (Akselberg, 2005, s. 101).

5.1.1.1 Arvenamn

I dette kapittelet vil eg vise kva namn eg har valt å kategorisere som arvenamn, ved å bruke mønsteret som vart lagt fram i kapittel 3.1.1. Benedicta Windt-Vals og Gulbrand Alhaugs definisjon av eit arvenamn er som nemnt nordiske namn som har vore i kontinuerleg bruk sidan mellomalderen (Alhaug, 2004, s. 57; Windt-Val, 2011, s. 108). I tabellen nedanfor vil namna stå i standardforma som eg har valt ut frå dei kriteria som eg har valt frå Alhaug si inndeling (Alhaug, 1992, s. 117), men eg kjem til å leggje ved namna i si originale form som eit vedlegg heilt til sist. Ifølgje Vidar Haslum har arvenamna ein parallell relasjon til arveorda, som ein kjenner att ved å sjå korleis språkutviklinga har vore. I kapittel 3.1.1 nytta eg dømet *Elling*, som kan sporast attende til endringa som skjedde i lyden *rl > ll*, og at det er mogleg at akkurat dette namnet vart uttala med ein *dl* lyd som i ordet *fjedl < fjell* (Haslum, 2005, s. 125). Ifølgje Kristoffer Kruken var det fleire lokale namn som kom i nasjonalt omloop under namnerenessansen, mykje fordi arvenamna fekk ein sterk vekst på 1800-talet (Kruken, 1993, s. 22). Dette vil ein kanskje finne att når vi skal sjå på korleis utviklinga og styrketilhøva har vore. Som vi kan sjå av tabellen nedanfor, har eg ikkje teke med nokon nylaga namn slik Alhaug kanskje ville gjort i si kategorisering, jf. kapittel 3.1.1.

Tabell 5-1 Arvenamn - mannsnamn

| Arvenamn | | | | | | |
|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| 1. periode | 2. periode | 3. periode | 4. periode | 5. periode | 6. periode | 7. periode |
| Anfinn | Børge | Asbjørn | Børge | Anfinn | Asbjørn | Asbjørn |
| Asbjørn | Einar | Elling | Bård | Einar | Einar | Børge |
| Bård | Endre | Endre | Elling | Eivind | Eivind | Bård |
| Eivind | Erik | Einar | Endre | Elling | Endre | Einar |
| Elling | Even | Erik | Einar | Endre | Erik | Eivind |
| Endre | Halvor | Gunnar | Erik | Erik | Gunleiv | Elling |
| Erik | Ivar | Gunleiv | Gunleiv | Gunleiv | Gunnar | Gunleiv |
| Even | Karl | Halvor | Halvor | Gunnar | Halvor | Gunnar |
| Gunnar | Knut | Håvar | Karl | Halvard | Karl | Ivar |
| Halvard | Ola | Ivar | Knut | Helge | Knut | Karl |
| Halvor | Ommund | Karl | Mons | Ivar | Ola | Knut |
| Ivar | Osmund | Kiddel | Ola | Karl | Ommund | Ola |
| Knut | Reier | Knut | Ommund | Knut | Reier | Ommund |
| Mons | Svein | Ola | Reier | Mons | Svein | Sigmund |
| Ola | Tore | Ommund | Sigmund | Ola | Torkel | Svein |
| Ommund | Tolleiv | Osmund | Svein | Ommund | Tolleiv | Tolleiv |
| Osmund | Torger | Reier | Tarald | Reier | Torger | Tore |
| Reier | Torkel | Svein | Tore | Svein | Ådne | Torger |
| Svein | Tørres | Tarald | Tolleiv | Tore | | Torkel |
| Tjølv | Ådne | Tore | Torger | Torkel | | Ådne |
| Tollak | | Tjølv | Torkel | Tollak | | |
| Tolleiv | | Tolleiv | Tørres | Tolleiv | | |
| Torkel | | Torger | Ådne | Torger | | |
| Torger | | Torkel | | Ådne | | |
| Tørres | | Ådne | | | | |
| Ådne | | | | | | |

Dei fleste av desse namna er namn som har vore kontinuerleg i bruk sidan mellomalderen, nokre frå tidlegare og andre frå litt seinare. Blant desse namna ser ein at dei fleste namna er namn som går att fleire gonger, til dømes *Ola* og *Ådne* som er faste innslag. Namnet *Ola* vart lenge skrive *Ole*, men uttalen var mest sannsynleg *Ola*, og det er derfor den standardforma eg har valt. Namn som ikkje går att, til dømes *Sigmund* og *Tarald*, er namn som finst i namnetilfanget i Time kommune, men som ikkje naudsynleg kjem fram i kvar av dei periodane som eg har valt. Blant desse namna finn vi òg namn som har følgd utviklinga i språket, til dømes *Elling* og *Ådne*, der begge er namn som kjem attende seinare i si opphavlege form som renessansenamn, jf. kapittel 5.1.1.2: *Erling* og *Arne*. I tabell 5-1 får ein også eit bilete av at dei unike namna ser nokså jamt delt ut frå ein periode til ein annan periode, då det ikkje er store endringar som skjer mellom kvar periode. Vi kan også lese av tabell 5-1 at frå fyrste til siste periode er det framleis fleire namn som går att som ikkje har vore bytte ut, til dømes *Ola* og *Ådne*. Eg vil kommentere to namn særskilt:

Magnus kjem frå latin, som er tydeleg med *-us*-endinga (tyder ‘stor’), men likevel er det bruka ofte som eit kongenamn i mellomalderen, blant anna *Magnus Erlingsson* (1156–1184).

Namnet har vorte bruka frå tidleg av og er godt representert i Snorres kongesoger, og som nemnt har fleire norske kongar bore dette namnet. Derfor meiner fleire at *Magnus*, eller som over her i tabellen i forma *Mons*, burde reknast som arvenamn, blant anna Terje Aarset (Aarset, 1982, s. 66), medan Alhaug på si side meiner namnet er eit lånenamn (Alhaug, 2004, s. 171). Eg har likevel valt å plassere *Mons* her, då renessanseforma *Magnus* er eit kjent kongenamn som har vore nytta her i Norden så lenge at det kjennest som norsk for norske namnebrukarar.

Namnet *Eivind* er bruka i den tida då namnerenessansen blømer i Time, men etter litt søk i kyrkjebøkene fann eg døme på at namnet har vore i bruk sidan det fyrste dømet i den fyrste perioden, og då er det ikkje tale om eit renessansenamn, men høver her som arvenamn. Ein kunne kanskje tenkje seg at akkurat dette namnet ville vore eit renessansenamn, fordi *Even* er ein dansk skrivemåte av *Eivind*. *Even* har vore den dominerande forma av namnet *Øyvind* sidan etterreformatorisk tid, og hadde ein nedgang på 1800-talet, som vi kan vitne her. Her kunne det kanskje vore eit problem å sjå om det var ein framhalden kontinuitet eller eit tydeleg brot med kontinuiteten slik Gunnstein Akselberg skil mellom, jf. kapittel 3.1.2, men sidan eg fann at det var fleire som hadde namnet *Eivind*, har eg valt å plassere namnet her. Dette er eit syn som også Ole-Jørgen Johannessen støttar, då namn som har høg bruksfrekvens før 1865 ikkje burde reknast som renessansenamn, jf. kapittel 3.1.2.

5.1.1.2 *Renessansenamn*

Her kjem dei namna som er renessansenamn. Det vil seie at det berre er namn frå kring 1850-åra som vert kategoriserte, jf. kapittel 2.2. Namna her vil verte kategoriserte etter dei kriteria som blant anna Benedicta Windt-Val, Vidar Haslum og Ole-Jørgen Johannessen har sett, som vil seie at det er namn som har fått ei ny blømingstid, etter at dei ikkje har vore bruka i dette området på lang tid, eller nokon gong, eller namn som har fått attende den opphavlege skriftforma si (Haslum, 2005, s. 124; Johannessen, 2004, s. 13; Windt-Val, 2011, s. 111). Dei nylaga namna med nordiske namneledd og dei justerte lånenamna vil ikkje verte kategoriserte her, sjølv om nokre av dei har vorte rekna som renessansenamn av til dømes Windt-Val (Windt-Val, 2011, s. 111), men dei vert kategoriserte for seg sjølve for å få eit betre oversyn over alle styrketilhøva mellom kategoriane.

Tabell 5-2 *Renessansenamn - mannsnamn*

| Renessansenamn – mannsnamn | | | | |
|-----------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| 3. periode | 4. periode | 5. periode | 6. periode | 7. periode |
| <i>Ingvald</i> | <i>Ingvald</i> | <i>Arne</i> | <i>Alf</i> | <i>Alf</i> |
| | <i>Olav</i> | <i>Ingvald</i> | <i>Arne</i> | <i>Anstein</i> |
| | <i>Oluf</i> | <i>Kjetil</i> | <i>Bjarne</i> | <i>Arne</i> |
| | <i>Torvald</i> | <i>Magnus</i> | <i>Egil</i> | <i>Berger</i> |
| | | <i>Olav</i> | <i>Erling</i> | <i>Bjarne</i> |
| | | <i>Sigvald</i> | <i>Gunvald</i> | <i>Bjørn</i> |
| | | <i>Torstein</i> | <i>Harald</i> | <i>Brynjulf</i> |
| | | <i>Torvald</i> | <i>Håkon</i> | <i>Eilev</i> |
| | | | <i>Ingolf</i> | <i>Erling</i> |
| | | | <i>Ingvald</i> | <i>Fridtjof</i> |
| | | | <i>Ingvar</i> | <i>Gudmund</i> |
| | | | <i>Kjetil</i> | <i>Guttorm</i> |
| | | | <i>Leif</i> | <i>Harald</i> |
| | | | <i>Magne</i> | <i>Håkon</i> |
| | | | <i>Olav</i> | <i>Ingolf</i> |
| | | | <i>Ragnvald</i> | <i>Ingvald</i> |
| | | | <i>Reidar</i> | <i>Ingvar</i> |
| | | | <i>Sigurd</i> | <i>Jostein</i> |
| | | | <i>Sverre</i> | <i>Kåre</i> |
| | | | <i>Toralf</i> | <i>Leif</i> |
| | | | <i>Tor</i> | <i>Magne</i> |
| | | | <i>Torvald</i> | <i>Magnus</i> |
| | | | <i>Torleif</i> | <i>Odd</i> |
| | | | <i>Trygve</i> | <i>Olav</i> |
| | | | <i>Øistein</i> | <i>Ove</i> |
| | | | | <i>Ragnvald</i> |
| | | | | <i>Randulf</i> |
| | | | | <i>Roald</i> |
| | | | | <i>Salve</i> |
| | | | | <i>Sigbjørn</i> |
| | | | | <i>Sigmund</i> |
| | | | | <i>Sigurd</i> |
| | | | | <i>Sigve</i> |
| | | | | <i>Stein</i> |
| | | | | <i>Steinar</i> |
| | | | | <i>Sverre</i> |
| | | | | <i>Torleif</i> |
| | | | | <i>Torvald</i> |
| | | | | <i>Tor</i> |
| | | | | <i>Torgeir</i> |
| | | | | <i>Tormod</i> |
| | | | | <i>Trygve</i> |
| | | | | <i>Valbjørn</i> |

Berre ved å sjå på tabell 5-2 kan ein sjå tydeleg korleis utviklinga av renessansenamna arta seg. Det byrjar med eitt enkelt namn i den tredje perioden, men det kan derimot ikkje vere tale om ein namnerenessanse når det berre er eitt namn som er representert, då den nordiske namnerenessansen er ei anderørsle som hender i eit samfunn, ikkje hjå berre éin person. Dessutan talar ikkje Ole-Jørgen Johannessen for at det er eit renessansenamn når det har vore høg bruksfrekvens før 1865, jf. kapittel 3.1.2. Det kan derimot vere tale om ei spire, på lik line

med den Kristoffer Kruken nemner i artikkelen «Spirene til den nordiske namnerenessansen» (Kruken, 1993). Etter kvart som tida går, ser ein at dei unike namna aukar i omfang, og i den siste perioden er det heile 43 unike renessansenamn blant mannsnamna. Namnet *Ingvald* har ofte blanda seg saman med *Ingolf* og *Ingjald*, tradisjonelle former er *Ingevald* og *Engvald*. I denne tabellen, jf. tabell 5-2, har eg likevel valt å skilje mellom *Ingvald* og *Ingolv*, då det ikkje er visst at dei har vorte blanda i dette materialet.

I den fjerde perioden (1866-1870) har *Torvald* kome inn i staden for *Tarald*. *Ingvald* har no fått to namneberarar og held dermed fram som eit renessansenamn i denne perioden. *Olav* og *Oluf* har kome inn i staden for *Ola*. Alle desse er med på å utgjere omkring to og ein halv prosent renessansenamn av alle mannsnamna i denne perioden. Dette er ein vekst på meir enn 100 prosent, som vil seie at namnerenessansen er på god veg inn i samfunnet i Time kommune. Dessutan er dette namn som ikkje har noko oppretthalden lokal tradisjon i dette området, jf. tabell 5-1 og 5-2, som følgjer kriteria til blant anna Vidar Haslum, der renessansenamn er namn som ikkje har noko oppretthalden lokal tradisjon (Haslum, 2005, s. 124).

I den femte perioden kjem det fleire nye namn inn: *Sigvald* og *Torstein*, som tidlegare ikkje har vore i bruk i dette området. *Sigvald* er kjent sidan 1303 på Voss, men berre litt bruka i etterreformatorisk tid, medan *Torstein* var eit svært vanleg namn i mellomalderen og i etterreformatorisk tid. Namnet har lokale former som *Tosten* og *Tostein* andre stader, men eg har ikkje funne nokon av dei her i Time kommune, derfor kan namnet ha kome inn frå ein annan stad. Det kan dermed tyde at desse namna har vore i kontinuerleg i bruk andre stader enn i Time kommune, men sidan dei ikkje har noko rotfeste her, vil dei verte kategoriserte som renessansenamn i denne kommunen, jf. kapittel 3.1.2. *Arne*, *Kjetil* og *Olav* er namn som har fått attende ei norrønliknande skriftform, men to av dei er framleis å finne i dialektforma: *Ådne*, og *Ola*, jf. tabell 5-1.

I den sjette perioden (1896–1900) kan vi sjå for alvor at namnerenessansen er komen til Time kommune fordi det er kome fleire nye unike namn inn i namnetilfanget: *Alf*, *Bjarne*, *Egil*, *Gunvald*, *Harald*, *Håkon*, *Ingolf*, *Ingvar*, *Leif*, *Magne*, *Ragnvald*, *Sigurd*, *Sverre*, *Tor*, *Toralf*, *Trygve* og *Øistein*. Nokre har fått attende ei norrønliknande skriftform: *Erling*, *Reidar*, *Torvald* og *Torleif*. *Arne*, *Kjetil* og *Olav* vert bruka i den opphavlege forma i denne perioden òg. *Ingvald* held fram med å verte bruka slik som i tidlegare periode.

I den siste perioden (1911–1915) ser vi at det har kome langt fleire unike namn inn, i tillegg til at det er mange fleire namneberarar. Totalt er det 43 unike namn med 105 namneberarar, som utgjer heile 39 prosent av alle mannsnamna i denne perioden. Nye namn som kjem inn no, er *Anstein, Bjørn, Brynjulf, Eilev, Fridtjof, Gudmund, Guttorm, Jostein, Karluf, Kåre, Odd, Ove, Randulf, Roald, Salve, Sigbjørn, Sigve, Stein, Steinar, Tormod* og *Valbjørn*. *Ove* er fyrst og fremst eit dansk namn, kjent her i landet sidan 1600-talet, men kan ha vore blanda saman med *Åke* som gjer at eg likevel har valt å plassere namnet her. Her finn ein eitt døme på namn som har kome inn frå litteraturen – *Fridtjof* – som vi veit kjem frå *Soga om Fridtjov den frøkne*, som blant anna Terje Aarset nemner er ein av måtane dei nye namna kjem inn i namnetilfanget på, jf. kapittel 3.1.2.

«Nye» namn som framleis er i namnetilfanget frå førre periode, er *Alf, Bjarne, Harald, Håkon, Ingolf, Leif, Magne, Ragnvald, Sverre, Tor* og *Trygve*. Nokre nye namn som har fått attende ei norrønliknande skriftform, er *Berger, Sigmund* og *Torgeir*. Framleis vert fleire av namna bruka i si opphavlege skriftform frå tidlegare periodar: *Arne, Erling, Ingvald, Olav, Sigurd, Torleif* og *Torvald*.

Alle namna som etter kvart fyller lista til renessansenamn i tabell 5-2, følgjer kriteria som vart gjort greie for i kapittel 3.1.2, der eg har valt å bruke kriteria til Johannessen, Haslum og Windt-Val, som er nordiske namn som har fått ei ny blømingstid i Time kommune, til dømes *Ingvald*; arvenamn som får attende ei norrønliknande skriftform, til dømes *Arne*, eller namn som kjem inn frå litteraturen som ikkje har vore i bruk tidlegare, til dømes *Fridtjof* (Haslum, 2005, s. 124; Johannessen, 2004, s. 13; Windt-Val, 2011, s. 111).

5.1.1.3 Nylaga namn

I dette delkapittelet vil eg greie ut om dei nylaga namna som kjem inn i namnetilfanget i den siste perioden. Grunngevinga til at eg har valt å ikkje setje desse namna inn i ein tabell slik eg har gjort med dei andre kategoriane til no, er fordi det er tale om berre fire namn, og i tillegg kom alle desse fire namna inn i den siste perioden: *Jofred, Karlof, Noralf* og *Odjof*.

Definisjonen på eit nylaga namn med nordisk namneledd er eit namn som har namneledd som kan sporast attende til dei nordiske språka, og at det vert bruka nordiske namnlagingmønster som førebilete, jf. kapittel 3.1.3. Det har òg vore hevda at dei fleste nylagingane var samansette av namneledd som hadde ein positiv og sterk karakter (Fure, 1990, s. 53; Nedreliid, 2005, s. 71).

Jofred er samansett av *Jo-* og *-fred* ‘fred, vern’, kjent sidan 1864 på Østlandet, fyrst nytta 1912 i Time. *Jo-* er eit nordisk namneledd, som kjem av det norrøne ordet *jór* som tyder ‘hest’. *-fred* er eit germansk namneledd, som er same ordet som det vanlege norske ordet *fred*. På norrønt finn vi ordet *friðr*, som tyder ‘kjærleik, fred’. Kruken og Stemshaug meiner derimot at det i denne samanhengen nok tyder ‘vern’. Når namneleddet *-fred* vart bruka som etterledd i mannsnamn, var det ofte i den norrøne forma *-(f)røðr*, men forma *-fred* kom nok inn med dei tyske namna, som til dømes *Fredrik* (*Frithuric*). *Jofred* har litt usikker bakgrunn, men det er eitt av dei to, eller begge som ligg til grunn. Namnet er derfor samansett av to namneledd som kan sporast attende til det nordiske språket, og samstundes er begge namneledda av ein positiv karakter, til dømes vil ‘hest’ i denne samanhengen vere eit sterkt dyr som folk med velstand hadde råd til. Saman med namneleddet som tyder ‘kjærleik eller fred’ eller ‘vern’ kan vi nok konkludere med at *Jofred* var eit samansett namn med positive namneledd. Derimot kan det nok diskuterast om begge desse namneledda er av nordisk opphav, slik kriteria til Benedicta Windt-Val er (Windt-Val, 2011, s. 111). Som nemnt kan etterleddet *-fred* ha kome inn saman med dei tyske namna, til dømes *Fredrik*. Likevel har eg valt å kategorisere dette namnet som eit nylaga namn med nordisk namneledd, då etterleddet reint språkleg kan kome av det norrøne ordet *friðr*.

Karluf er eit nyare namn av dei nordiske namneledda *Kar(l)-* og *-lof*, der sistnemnde er ei blandingsform av *-leiv* og *-laug*. Namnet er kjent sidan 1871 i Nord-Trøndelag og frå 1876 i Stavanger, Rogaland, der det vart bruka ein del fram til 1950-åra, der det tidleg var ein overgang til *Karluf*. I Time vart namnet fyrst teke i bruk i 1913 i forma *Karluf*. Namnet *Karl*, som er eit nordisk og fellesgermansk namn tyder ‘fri mann’. Namneleddet *-laug* tyder ‘gifte seg’, medan *-leiv* tyder ‘eigedom, arv’. Begge namneledda er av nordisk opphav i dette namnet, og er derfor eit endå betre døme på eit nylaga namn med nordiske namneledd enn det *Jofred* var.

Noralf er eit nyare namn samansett av namneledda *Nor-* og *-alv*. *Nor-* er eit nyare namneledd der opphavet er vanskeleg å definere heilt konkret. Det har vore bruka i eldre tid i fornamna og slektsnamna *Normann* og *Nordahl*, men kom i bruk i forma *Noralf* i Time i 1912. Landsnamnet *Noreg* kan òg ha spelt ei rolle gjennom dei nær slekta *Nore* og *Nor*. *-alv* er eit nordisk og fellesgermans namneledd som er same ordet som det norrøne *alfr* ‘alv’. Slik som *Karlof* er også *Noralf* eit nylaga namn der begge namneledda er av nordisk opphav, og det høver derfor bra til definisjonen frå kapittel 3.1.3.

Odjof, må nok vere eit nylaga namn etter mønster frå det relativt vanlege *Fridtjof*, her analysert som samansett av *Fri(d)t-* og *-jof*, og ikkje *Frid-* og *-tjof*, som det eigenleg er. Nammeleddet *-tjof* tyder ifølgje NPL ‘tjuv, røvar’, medan *Fred-*, som nemnt i det fyrste namnet i dette delkapittelet, tyder ‘fred, vern’. Dette er eit namn som eg ikkje har funne i NPL, som tyder på at det ikkje er eit utbreidd namn, sidan mange lite frekvente namn ikkje har kome med i NPL (Kruken & Stemshaug, 2013, s. 7). Det gjer ikkje namnet mindre interessant som nylaga namn. Det kan vere eit døme på eit forsøk på å utvide namnetilfanget i området, og på at dei kanskje har pynta barna sine med vakre og velklingande namn slik både Fure og Nedrelid nemner (Fure, 1990, s. 53; Nedrelid, 2005, s. 71).

Eg nemnde i kapittel 3.1.3 at Kristoffer Kruken skriv om dei nylaga namna at dei for det meste dukka opp i byane og langs kysten (Kruken, 2018, s. 8). Då kan ein dermed ikkje gå ut frå at det er eit stort fenomen her i Time kommune. Kommunen ligg nokså nære kysten, då han grensar til Klepp kommune der ein kan finne både Orrestranda og Borestranda. Men slik ein ser, er ikkje dette sin stor kategori og eg kan derfor anta at det kanskje vil vere tale om fleire nylaga namn i til dømes Klepp eller Stavanger kommune.

5.1.1.4 Justerte lånenamn

I dette delkapittelet vil eg kategorisere dei justerte lånenamna etter dei kriteria som Gulbrand Alhaug og Benedicta Windt-Val legg til grunn (Alhaug, 2004, s. 162; Windt-Val, 2011, s. 108–109). Dei justerte lånenamna har vore så lenge i bruk i Norden at dei har vorte justerte etter nordisk språk og namnemønster, jf. kapittel 3.1.4. Av den årsaka kjendest dei som nordiske for namngjevarane og namneberarane. Som oftast har desse namna vorte lånt inn for mange hundre år sidan og vore med på same utvikling som fleire av arvenamna, og dei har dermed fått norske former og ein plass i den nordiske kulturen og den norske namnetradisjonen (Windt-Val, 2011, s. 108–109). Som eg nemnde i kapittel 3.1.4, skilde ikkje Alhaug mellom arvenamna og dei justerte lånenamna (Alhaug, 2004, s. 173), men eg har valt å skilje mellom desse og nyttar terminologien justerte lånenamn.

Tabell 5-3 Justerte lånenamn - mannsnamn

| Justerte lånenamn | | | | | | |
|-------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| 1. periode | 2. periode | 3. periode | 4. periode | 5. periode | 6. periode | 7. periode |
| <i>Anders</i> | <i>Anders</i> | <i>Hans</i> | <i>Hans</i> | <i>Hans</i> | <i>Hans</i> | <i>Hans</i> |
| <i>Hans</i> | <i>Hans</i> | <i>Jens</i> | <i>Jon</i> | <i>Jens</i> | <i>Jon</i> | <i>Jens</i> |
| <i>Jens</i> | <i>Jon</i> | <i>Jon</i> | <i>Lars</i> | <i>Jon</i> | <i>Lars</i> | <i>Jon</i> |
| <i>Jon</i> | <i>Lars</i> | <i>Lars</i> | <i>Martin</i> | <i>Lars</i> | <i>Martin</i> | <i>Lars</i> |
| <i>Lars</i> | <i>Martin</i> | <i>Martin</i> | <i>Nils</i> | <i>Martin</i> | <i>Mikal</i> | <i>Martin</i> |
| <i>Morten</i> | <i>Nils</i> | <i>Nils</i> | <i>Peder</i> | <i>Mikal</i> | <i>Nils</i> | <i>Nils</i> |

| | | | | | | |
|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| <i>Nield</i> | <i>Peder</i> | <i>Peder</i> | <i>Søren</i> | <i>Mikkel</i> | <i>Peder</i> | <i>Peder</i> |
| <i>Nils</i> | <i>Syvert</i> | <i>Simen</i> | <i>Tønnes</i> | <i>Nils</i> | <i>Per</i> | <i>Per</i> |
| <i>Peder</i> | <i>Tønnes</i> | <i>Syvert</i> | | <i>Peder</i> | <i>Tønnes</i> | <i>Tønnes</i> |
| <i>Søren</i> | | <i>Søren</i> | | <i>Per</i> | | |
| <i>Tønnes</i> | | <i>Tønnes</i> | | <i>Søren</i> | | |
| | | | | <i>Tønnes</i> | | |

I tabellen ovanfor ser ein at det er fleire namn som går att, slik som det gjer blant arvenamna. Det viser at det er namn som er godt innarbeidde i namnetilfanget og som er ein del av namnetradisjonen i området. Dette gjeld særskild namn som *Hans*, *Nils* og *Per*, som har vore bruka i lang tid i Noreg og har nok stått sterkt på grunn av den sterke oppattkallingstradisjonen som vi har i Norden ifølgje Kristoffer Kruken (Kruken, 2020, s. 69). Eg kjem til å kommentere nokre av vala eg har teke her, men vil ikkje gå i djupna på alle.

Anders er ei nordisk form av *Andreas*, som er kjent sidan 1300-talet her i Noreg. I skrift kan vi stundom finne forma *Anners*, som viser at namnet har etablert ei uttaleform som er tilnærma det norske talemålet. *Anders* skil seg dessutan frå *Andreas* ved at dei har ulike tonelag i uttaleforma, der *Anders* har same tonelag (tonem 2) som dei norske namna *Egil* og *Asbjørn*.

Hans, *Jens* og *Jon* kjem frå det bibelske namnet *Johannes*. *Hans* er eigentleg ei tysk kortform av *Johannes*, men er kjent i Noreg sidan 1300-talet og har vore kontinuerleg mykje bruka; derfor vil nok folk flest tenkje på dette som eit norsk namn (Alhaug, 2004, s. 172). *Jens* er ei dansk form av *Johannes* og er derfor justert på nordisk grunn. Dessutan har namnet ei utprega nordisk form, i det at namnet er einstava. *Jon* er derimot kjent frå endå tidlegare, heilt attende til 1000-talet, med forma med *h* (*John*) får namnet eit engelske preg, men ifølgje NPL kan forma med *h* vere ortografisk pynt og har ikkje noko å seie for uttalen av namnet. *John* var vanleg skriftform for *Jon* på 1800- og 1900-talet, sjølv om det i dag vert tolka som engelsk påverknad ifølgje Gulbrand Alhaug (Alhaug, 2011, s. 190; Kruken & Stemshaug, 2013, s. 295). Dessutan talar den lange levetida i Noreg for at namnet vil høve inn her med namna som vart justerte på norsk grunn.

Lars er ei nordisk form for latin *Laurentius*. Namnet er kjent her i Noreg sidan 1488–89, men er sjeldan før 1600-talet. Etter kvart vart namnet eit av dei vanlegaste namna i landet, medrekna skriftforma *Laurits*. Namnet *Lars* er tilpassa norsk språkform, ved at namnet har éi staving, og det gjer at namnet ofte vert rekna som eit heilnorsk namn (Windt-Val, 2011, s. 108). *Laurits* har derimot ikkje noko norsk namneledd eller uttaleform og vil derfor verte rekna som eit lånenamn.

Morten, nordisk form av *Martin*, er ei forkorta form av latin *Martinus*. *Morten* er eit lån frå Danmark kring 1400-talet. Ifølgje *Store norske leksikon* var *Martin* av Tours (316–397) ein populær helgen i Noreg, og mortensmesse (11. november) var ein festdag som skulle haldast heilag. Når reformasjonen kom til Noreg, vart *Martin* av Tours og fleire andre helgenar tekne vekk frå kyrkjeleg liturgi. Men namnet *Morten* vart mykje bruka i etterreformatorisk tid, derimot tapte det seg kring 1800-talet, då *Martin* vart meir og meir bruka. Årsaka til at *Martin* tok over for *Morten*, kjem nok helst av at dei uttala namnet *Martin*, som er den norske forma av *Morten*, og etter kvart trengde dette òg gjennom i den norske skrivemåten. I alle fall vert det eit justert lånenamn.

Nils kjem av det greske namnet *Nikolaos* og er kjent i Noreg sidan 1400-talet. Som fleire andre namn som kom på den tida, er namnet godt innarbeidd i namnetilfanget, og det har vorte tilpassa dei nordiske namnemønstra. I eldre kjelder er namnet ofte skriven *Niels*, etter dansk skrivemønster, men frå midten av 1800-talet byrja folk å skrive *Nils*, som i dag er nesten einerådande form.

Peder er dansk form av latin *Petrus*, kjend i Noreg sidan 1300-talet. Hovudsakleg står denne forma i eldre kjelder for den norske namneforma *Per*, i dialekt òg *Pe*. Kring 1900 fekk namnet òg innpass i talemålet, men tapte seg mykje i fyrste halvdel av 1900-talet. Namnet *Per* er godt innarbeidd i det norske språket, både frå ordet «viktigper», frå eventyra om *Per*, *Pål* og *Espen Askeladden* og frå Ibsens *Peer Gynt*. *Per* er ei nordisk form av *Petrus*, som har utvikla seg ut frå formene *Peter* og *Peder*. Det er kjent i Noreg frå ca. 1440 og var eit svært vanleg namn i etterreformatorisk tid.

Søren er ei tilpassa form av latin *Severinus*. Dette er nok det namnet eg har vore mest usikker på om det er eit justert lånenamn, tilpassa nordisk form, eller om det berre er eit lånenamn. Namnet varierer nok mellom tonelag 1 og 2, og det har endra form frå *Severinus* → *Severin* → *Søvren* (i skrift mest *Søfren*) → *Søren*. Truleg har overgangen frå *e* til *ø* kome i dansk på 1400-talet, og mellom 1500- og 1600-talet går *Søvren/Søfren* og *Søren* om kvarandre i kjeldene, men seinare er det den siste forma som vert den dominerande. Namnet vert dessutan bruka som eit uttrykk ved feil eller som eit utrop der ein uttrykkjer ei negativ kjensle ved noko, som vil seie at ordet og namnet er godt innarbeidd i språket vårt.

Sivert og *Syvert* kjem eigentleg av det tyske *Sigvard*, som er tyskpåverka form av *Sigurd*, og som er lånt frå Danmark i seinmellomalderen. Men fordi namneforma *Sjurd* ikkje finst i

materialet mitt, kan det tenkjast at *Sivert* og *Syvvert* svarar til namnet *Sigurd* her. Den norske forma *Syver* eller *Syvvert* vart assosiert med talordet *syv* og vart stundom gjeven til det sjuande barnet i barneflokket. Desse årsakene gjer at eg har valt å setje namna under kategorien justerte lånenamn, då ein kan spore alle namna attende til *Sigurd*. *Sivert* her kan diskuteras, då det eigentleg er ei tysk form av *Sigvard*, som igjen er ei tysk form av *Sigurd*. Men *Sivert* vart ofte skriva for det heimlege *Sjurd*, som er ei norsk form av *Sigurd*, men ein kan ikkje utelukkande seie at det er det som er tilfelle her. Det er ikkje nokon teikn på at det er *Sigvard* som er den opphavlege forma i Time, men i dei siste periodane vil det vere *Sigurd* som er den dominerande forma, og kanskje det kjem av at *Sivert* her stod for den heimlege *Sjurd* som vart vidareført fram til dei endra forma til renessanseforma *Sigurd*, som er jf. tabell 5-2 kategorisert som eit renessansenamn.

Til slutt er det namnet *Tønnes*, som er ei tysk kortform av latin *Antonius*, kjent sidan 1560-åra, spesielt utbreidd i Agder og Rogaland. Former som har sprunge ut av dette namnet, er *Anton* og *Tønnes*, der *Anton* er tysk form av *Antonius* og *Tønnes* er ei tysk kortform av *Antonius*. Mest sannsynleg har folk oppfatta dette som eit nordisk namn, då det er eit namn med to stavingar og tilpassa uttalen i området, i tillegg til at det ikkje liknar særskilt på si opphavlege form.

Fleire av namna som er nemnde her, har ofte éi eller to stavingar, til dømes *Peder*, *Tønnes*, *Hans* eller *Nils*. Dette var som nemnt eit av kriteria til Alhaug, attåt at trykket skulle liggje på fyrste staving, og i tillegg skulle dei ha ei tilhøyrse til den nordiske kulturen eller bruken (Alhaug, 2004, s. 159), noko ein kan sjå ved at dette er eit namn som går att i nesten kvar einaste periode.

5.1.2 Lånenamn

5.1.2.1 Lånenamn

Dei namna som vert nemnde her, er alle namn som ikkje er av nordisk opphav. Eg kjem ikkje til å gå inn på like mange namn her som ovanfor i samband med dei andre kategoriane, fordi desse lånenamna ikkje er relevante for oppgåva mi på same måte som dei nordiske namna, anna enn opphavet og kor mange namneberarar dei har. Dei er viktige i den forstand at dei skal vere med på å vise kor sterkt renessansenamna (evt. dei nordiske namna) stod i jamfør med dei andre namna som vart bruka i same området. Likevel har eg valt å skilje ut dei moverte namna og kortformnamna for seg, fordi dei vil vere med på å vise eit større bilete over kva for nokre namn namngjevarane gav til barna sine. For å klassifisere kva som er eit

lånenamn og ikkje, har eg valt å nytte kriteria til Gulbrand Alhaug og Gunnstein Akselberg som seier at lånenamn er namn som har opphav i andre språk enn dei nordiske språka (Akselberg, 2005, s. 101; Alhaug, 2004, s. 57, 2004, s. 159), og så har eg lagt til at dei ikkje skal vere tydeleg justerte på nordisk språkgrunn.

I tabellen nedanfor har eg valt å lemmatisere fleire namn, blant anna har eg valt å skrive *Kristian* i staden for *Christian*, og eg har valt berre å bruke forma *Bernt* i staden for *Bærent* eller *Berent*. Fokuset på lånenamna vil ikkje liggje i korleis namna vart skrivne, men i kor mange dei var i tal. Likevel er det interessant å sjå kor mange fleire unike lånenamn som finst i namnematerialet enn dei andre kategoriane, som vil seie at det var mykje meir variasjon i lånenamna.

Tabell 5-4 Lånenamn – mannsnamn.

| Lånenamn | | | | | | |
|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| 1. periode | 2. periode | 3. periode | 4. periode | 5. periode | 6. periode | 7. periode |
| Abraham | Abel | Abel | Abel | Abel | Abraham | Albert |
| Adam | Abraham | Abraham | Adolf | Abraham | Albert | Alfred |
| Andreas | Aksel | Adolf | Albert | Adolf | Alfred | Andreas |
| Bernt | Andreas | Andreas | Andreas | Alfred | Andreas | Angel |
| David | Arnt | Arnt | Anton | Andreas | Anton | Anton |
| Fanuel | Bendiks | Bendiks | Arnt | Anton | Arnold | Arnold |
| Gabriel | Bernt | Bernt | Bernt | Arnt | Arnt | Arnt |
| Isak | Daniel | Betuel | Bertran | Arnold | Bernt | Artur |
| Ingebret | David | Daniel | Betuel | Bernhard | Betuel | Bernhard |
| Jesper | Fanuel | David | David | Bernt | Charles | Bernt |
| Johannes | Gabriel | Eilert | Elias | Bertel | Eilert | Bertel |
| Jonas | Henrik | Elias | Enevald | Betuel | Enevald | Betuel |
| Josef | Ingebret | Enevald | Enok | David | Gabriel | Dankert |
| Kristen | Isak | Enok | Fanuel | Enevald | Gustav | Emil |
| Kristian | Jesper | Fanuel | Filip | Gabriel | Herman | Enevald |
| Maurits | Johan | Fredrik | Fredrik | Gustav | Ingebret | Enok |
| Rasmus | Johannes | Gabriel | Gabriel | Henrik | Jakob | Gabriel |
| Samuel | Jonas | Henrik | Garman | Ingebret | Jesper | Gerhard |
| Simon | Josef | Ingebret | Gustav | Isak | Johan | Gustav |
| Sivert | Kornelius | Isak | Helmik | Jakob | Johannes | Harry |
| Vilhelm | Kristian | Jakob | Høglund | Joakim | Jonas | Helmik |
| Vinsens | Kristoffer | Jesper | Ingebret | Johan | Karsten | Henry |
| | Ludvig | Joakim | Jakob | Jonas | Konrad | Ingebret |
| | Maurits | Johan | Johan | Julius | Kornelius | Isak |
| | Peter | Jonas | Johannes | Jørgen | Kristian | Jakob |
| | Rasmus | Just | Jonas | Kornelius | Kørner | Jesper |
| | Simon | Jørgen | Josef | Kristian | Laurits | Johan |
| | Sivert | Kristian | Julius | Kristoffer | Leonard | Johannes |
| | Tobias | Kristoffer | Kornelius | Laurits | Oskar | Jonas |
| | | Kornelius | Kristian | Nikolai | Otto | Jørgen |
| | | Ludvig | Kristoffer | Oskar | Paul | Karles |
| | | Lukas | Laurits | Peter | Paulus | Karsten |
| | | Matias | Ludvig | Rasmus | Peter | Kristian |
| | | Nikolai | Maurits | Reinert | Rasmus | Kristoffer |
| | | Parnelius | Nikolai | Retsius | Reinert | Ludvig |

| | | | | | | |
|--|--|----------------|-----------------|----------------|-----------------|-----------------|
| | | <i>Peter</i> | <i>Peter</i> | <i>Samuel</i> | <i>Renholdt</i> | <i>Monrad</i> |
| | | <i>Rasmus</i> | <i>Rasmus</i> | <i>Sem</i> | <i>Sem</i> | <i>Ordin</i> |
| | | <i>Retsius</i> | <i>Reinert</i> | <i>Severin</i> | <i>Tobias</i> | <i>Oskar</i> |
| | | <i>Samuel</i> | <i>Rikard</i> | <i>Sigvart</i> | <i>Vilhelm</i> | <i>Palmer</i> |
| | | <i>Sem</i> | <i>Salomon</i> | <i>Simon</i> | | <i>Paul</i> |
| | | <i>Sivert</i> | <i>Samuel</i> | | | <i>Peter</i> |
| | | <i>Teodor</i> | <i>Severin</i> | | | <i>Rasmus</i> |
| | | <i>Tomas</i> | <i>Stefanus</i> | | | <i>Realf</i> |
| | | <i>Tobias</i> | <i>Teodor</i> | | | <i>Severin</i> |
| | | <i>Vilhelm</i> | <i>Veier</i> | | | <i>Valdemar</i> |
| | | <i>Veier</i> | <i>Vilhelm</i> | | | <i>Viktor</i> |
| | | | | | | <i>Vilhelm</i> |

Paul er forkorta form av *Paulus* og er eit namn ein kjenner frå Bibelen. Det er mogleg dette namnet har vorte uttala *Pål* og eigentleg burde høyre heime blant dei justerte lånenamna, men fordi det ikkje er mogleg å finne ut kva uttaleforma var, har eg valt å plassere namnet her. Når ein ser at dei unike lånenamna er så talrike som ovanfor her i tabell 5-4, vil det fortelje oss at dei har vore med på å gjere det manlege namnetilfanget omfangsrikt og hjelpt på valfridomen når ein namnegevar skulle velje namn til barnet sitt. Dei nordiske namna som vi har sett på i kapittel 5.1.1, har ikkje naudsynleg aleine vore like omfangsrike som desse lånenamna. Om dei er større i omfang når det kjem til kor mange som faktisk bar desse namna, vil eg kome attende til i kapittel 6.

5.1.2.2 Moverte namn

Det er ikkje mange moverte mannsnamn på generell basis, men nokre få finn vi i kyrkjebøkene frå Time. Som nemnt av både Kristoffer Kruken og Gulbrand Alhaug er det ikkje mange moverte mannsnamn (Alhaug, 2008; Kruken, 1982, s. 63), men dei står som ein eigen kategori fordi dei ikkje står i si opphavlege form som er kriteriet til å verte kategorisert som lånenamn.

Tabell 5-5 Moverte namn – mannsnamn

| Moverte namn | | | | | |
|---------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| 2. periode | 3. periode | 4. periode | 5. periode | 6. periode | 7. periode |
| <i>Elseus</i> | <i>Olai</i> | <i>Bertinius</i> | <i>Olai</i> | | <i>Gunnerus</i> |
| | | <i>Olaus</i> | <i>Olaus</i> | | <i>Malenius</i> |
| | | <i>Olias</i> | | | <i>Malvin</i> |
| | | | | | <i>Tolin</i> |

Eg kjem berre til å kome med nokre få kommentarar til desse namna, fordi det ikkje er tale om ein stor kategori, og dei vil derfor ikkje ha ein stor plass i oppgåva.

Bertinius, avleidd av namn på *Bert-*, men det kan òg vere ei kortform av *Albertinus*. På grunnlag av den latiniserte endinga har eg valt å kategorisere namnet som eit movert namn.

Gunnerus er ei latinisert form av *Gunnar*, som vil vere eit døme på at det ikkje berre er lånenamna som får ei ny ending. Dessutan er *Gunnerus* eit døme på at mannsnamna også kunne verte avleidde av andre mannsnamn.

Malenius er avleidd namn av *Malene*, namnet er kjent sidan 1839, og dette er eit av dei få døma på mannsnamn som er avleidde av eit kvinnenamn, som ifølgje Gulbrand Alhaug og Kristoffer Kruken ikkje skjer veldig ofte (Alhaug, 2008; Kruken, 1982, s. 63).

Malvin kan ha dobbelt opphav: anten avleidd av kvinnenamnet *Malvina* eller samansett av *Mal-* (til dømes *Malene*) og *-vin* 'venn'. Namnet er kjent sidan 1839 i Bergen, men vart nytta her i Time i 1913. *Malvina* er kjent frå Ossian-songane, og som nemnt i kapittel 3.2.1 ville dei vorte kategoriserte som reine lånenamn, men sidan *Malvin* er avleidd av eit kvinnenamn, vil det verte kategorisert som eit movert namn. Dette er dessutan eit døme på at det ikkje er alltid mannsnamna får ei latinsk ending når dei vert avleidde av kvinnenamn, slik Alhaug og Kruken nemner, jf. kapittel 3.2.2 (Alhaug, 2008; Kruken, 1982, s. 63).

Olai kan ha to opphav, anten latin genitivsform av *Olaus* eller kortform av *Nikolai*. Namnet er litt bruka på 1700-talet. *Olaus* er ei latinisert form av *Ola(v)* og *Ole* og litt bruka frå 1700-talet. Eg har valt å kategorisere begge desse namna her, då begge er ei form av eit anna namn der dei har fått eit nytt etterledd.

Olias er avleidd av namn på *Ol-*, helst kvinnenamnet *Oline*, med ei formell støtte i mannsnamnet *Elias*. Namnet er kjent sidan 1828 i Noreg, medan det i Time vart fyrst nytta i 1869.

Tolin kan vere ei maskulin form for *Toline*, men det er litt uvisst. I og med at dette berre er eit namn med éin førekomst, vil eg ikkje leggje mykje vekt på andre moglegheiter, anna enn at det kan vere ein dialektvariant av til dømes *Torleiv*, men mest sannsynleg ikkje. Men det kan òg vere at det er avleidd av fleire namn på *Tol(l)-*, som støttar mi avgjerd om å plassere det her under moverte namn.

5.1.2.3 Kortformnamn

Dette er som dei moverte namna ei veldig lita gruppe, men er likevel kategoriserte som ein eigen kategori fordi dei ikkje står i si opphavlege form. Eg kjem til å gjere det same med desse namna som med dei moverte namna: Eg kommenterer dei kort slik at dei ikkje tek opp meir plass enn naudsynleg. Sidan dei berre er tre namn totalt, vil eg ikkje setje dei opp i ein

tabell, men nemne at *Frenk* og *Mandius* kjem frå den sjette perioden og *Leo* frå den sjuande perioden.

Frenk er ein variant av *Frank* og ei engelsk kortform av *Franciscus*. Sjølv om det er ei tilsvarande form i tysk, kjem bruken her i landet hovudsakleg frå England, jf. NPL. *Leo* er bruka som kortform av *Leonhard* og *Leopold*, bruken kan kome av den russiske diktaren Leo Tolstoj. *Mandius* er formelt ei kortform for *Amandius*, men ifølgje NPL er sambandet litt usikkert på grunn av den tidlege dateringa.

Det kan sjå ut som kortformnamna får ein oppgang mot slutten av 1800-talet og byrjinga på 1900-talet, og det kan derfor vere at det kom fleire slike namn i ein seinare periode. Særskilt sidan Gulbrand Alhaug skriv at korte namn, særskilt korte mannsnamn, vart meir populære utover på 1900-talet, men då er det tale om namn som har éi staving (Alhaug, 2008) og ikkje slike kortformnamn som eg har sett på i dette delkapittelet.

5.2 Kvinnenamn

5.2.1 Nordiske namn

Som i det førre delkapittelet 5.1.1 om dei mannlege nordiske namna vil eg halde meg til definisjonane i kapittel 3.1 når eg skal kategorisere dei kvinnelege nordiske namna. Eit nordisk namn er som vi har sett tidlegare eit namn som har opphavet i dei nordiske språka. Dei justerte lånenamna vil framleis verte kategoriserte blant dei nordiske namna, då dei har vore i namnetilfanget i sær lang tid, i tillegg til at dei har vorte endra såpass mykje at dei liknar og kjennest som nordiske for namnebrukarane, jf. kapittel 3.1.4. Renessansenamna og dei nylaga namna med nordiske namneledd er sjølv sagt også presenterte her, jf. med definisjonane i kapittel 3.1.2 og 3.1.3. Gunnstein Akselberg sin definisjon av nordiske namn vert sjølv sagt nytta i dette delkapittelet òg, slik det vart nytta i det tilsvarande delkapittelet for mannsnamna, jf. kapittel 5.1.1, då dei nordiske namna har opphav i dei nordiske språka (Akselberg, 2005, s. 101).

5.2.1.1 Arvenamn

Som i det tilsvarande kapittelet om dei mannlege arvenamna (kap. 5.1.1.1) vil eg presentere kva namn eg har valt å kategorisere som kvinnelege arvenamn ved å bruke definisjonen til Benedicta Windt-Val og Gulbrand Alhaug. Eit arvenamn er som nemnt tidlegare eit nordisk namn som har vore i kontinuerleg bruk sidan mellomalderen (Alhaug, 2004, s. 57; Windt-Val,

2011, s. 111). I tillegg vil namna i tabellen nedanfor stå i den standardforma eg har valt ut ved å nytte meg av teorien til Alhaug om lemmatisering, jf. kapittel 3.3 (Alhaug, 1992, s. 117).

Namna i si originale form vert lagt ved som eit vedlegg heilt til sist.

Tabell 5-6 Arvenamn – kvinnenamn

| Arvenamn | | | | | | |
|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| 1. periode | 2. periode | 3. periode | 4. periode | 5. periode | 6. periode | 7. periode |
| <i>Astrid</i> | <i>Gitlaug</i> | <i>Guri</i> | <i>Gitlaug</i> | <i>Gunhild</i> | <i>Gunhild</i> | <i>Gunhild</i> |
| <i>Inger</i> | <i>Gunhild</i> | <i>Ingeborg</i> | <i>Gunhild</i> | <i>Gunvor</i> | <i>Ingeborg</i> | <i>Gunvor</i> |
| <i>Gitlaug</i> | <i>Guri</i> | <i>Inger</i> | <i>Guri</i> | <i>Ingeborg</i> | <i>Ragnhild</i> | <i>Guri</i> |
| <i>Gunhild</i> | <i>Ingeborg</i> | <i>Siri</i> | <i>Ingeborg</i> | <i>Inger</i> | | <i>Ingeborg</i> |
| <i>Gunvor</i> | <i>Inger</i> | | <i>Inger</i> | | | <i>Ragnhild</i> |
| <i>Guri</i> | <i>Ragnhild</i> | | | | | |
| <i>Ingeborg</i> | <i>Torunn</i> | | | | | |
| <i>Jorund</i> | | | | | | |
| <i>Ragnhild</i> | | | | | | |
| <i>Ranveig</i> | | | | | | |
| <i>Targjerd</i> | | | | | | |

Blant dei kvinnelege namna finn vi langt færre unike arvenamn enn blant dei mannlege arvenamna. Berre i fyrste periode finn vi 25 unike mannlege arvenamn, men berre 11 unike kvinnelege arvenamn. Deretter søkk talet på unike kvinnelege arvenamn, og i den sjette perioden er det berre tre unike arvenamn. Dei namna som likevel er å finne her, er namn som går att i fleire periodar, til dømes *Ingeborg* som går att i kvar einaste periode, som syner eit godt rotfeste i namnetilfanget i dette området. Argumentet til Kristoffer Kruken held derfor ikkje heilt mål blant kvinnenamna her i Time kommune, når han seier at arvenamna fekk ein stor vekst i løpet av 1800-talet (Kruken, 1993, s. 22). Men framleis kan han jo ha litt rett, det finn vi ut når vi skal sjå på utviklinga i kor mange namneberarar kvar namnekategori har.

Om vi kan sjå nokre teikn på parallellar til arveord i dette namnetilfanget, slik Vidar Haslum skriv om i artikkelen sin «Navnerenessanse eller gammel navneskikk eller begge deler?», vil vere slik han skriv eit skjønsspørsmål (Haslum, 2005, s. 125). Til dømes vart namnet *Targjerd* i fyrste periode skriven *Targiær*, som kan tyde på ei anna uttaleform enn kva skriftforma vil tilseie, og det vil seie at namnet har ein lang ubrotten tradisjon i dette området.

Som ein kan sjå her, er nokre av arvenamna nemnde i nesten kvar einaste periode, til dømes *Ingeborg*, *Gunhild*, *Inger* og *Guri*. Når namnekontinuiteten står så stødig, meiner Akselberg at dei kunne stå omtrent like støtt med tanke på nasjonsbyggingstilhøva og det romantiske tilhøvet som renessansenamna gjorde då dei kom inn (Akselberg, 2005, s. 103). Det vil seie at desse namna nok var like mykje med på å skape ei kjensle av å høyre til i eit norsk samfunn som det renessansenamna kunne gjere.

Siri er som vi kan sjå berre bruka i éin periode. Ved litt nærare søk i kyrkjebøkene fann eg at dette namnet har vore eit veldig vanleg kvinnenamn i fleire periodar. Eg har nok berre vore «uheldig» ved at namnet ikkje har dukka opp fleire gonger i mitt materiale. Av den årsaka er også namnet *Siri* eit arvenamn og ikkje eit renessansenamn. Dessutan er *Siri* ei yngre form av *Sigrīd*, som overtek for forma *Siri* under den nordiske namnerenessansen, som vi vil sjå i neste kapittel. I dette tilfellet kunne *Siri* her vore eit godt døme på eit namn som kunne høve under ein såkalla skjult namnerenessanse ifølgje Gunnstein Akselberg (Akselberg, 2005, s. 102), då eg har vore usikker på om namnet har vorte nytta ein annan stad i og med at det er ei heimleg form for *Sigrīd* som verte nytta som eit renessansenamn. Men etter litt søk i Digitalarkivet fann eg at namnet var eit mykje nytta namn i Time kommune, og derfor er ikkje *Siri* eit renessansenamn.

5.2.1.2 *Renessansenamn*

Her vil eg leggje fram dei kvinnelege renessansenamna, og slik eg gjorde med mannsnamna vil eg bruke teorien til Benedicta Windt-Val, Ole-Jørgen Johannessen og Vidar Haslum til å kategorisere dei kvinnelege renessansenamna. Eit nordisk renessansenamn er som nemnt i kapittel 3.1.2 eit nordisk namn som har fått ei ny blømingstid, som ikkje har vore bruka i området der undersøkinga er, nokon gong eller på lang tid, eller namn som har fått attende ei norrønliknande skriftform (Haslum, 2005, s. 124; Johannessen, 2004, s. 13; Windt-Val, 2011, s. 111).

Blant renessansenamna er det ikkje gjort mykje lemmatisering, til dømes vert det bruka *å* i staden for *aa*, til dømes *Aasa* vert skriven *Åsa* i tabellen nedanfor, jf. tabell 5-8, og for dei namna som har to skriftformer med til dømes enkel og dobbel konsonant, vert det valt ut éi form. Som nemnt i kapittel 5.1.1.2 vil ikkje dei justerte lånenamna og dei nylaga namna med nordiske namneledd verte kategoriserte her, begge kategoriane har eigne kapittel der dei vil verte kategoriserte for seg sjølve for å få eit betre oversyn over alle styrketilhøva mellom kategoriane. Renaissanceamna skulle jo vere namn som skulle følgje ei norrønliknande skriftform, som igjen skulle endre korleis dei uttala namna (Haslum, 2005, s. 127), og som vi kan sjå i tabellen nedanfor, er desse formene sær (eller heilt) like dei vi har i dag.

Tabell 5-7 *Renessansenamn – kvinnenamn*

| Renessansenamn | | |
|-----------------------|-------------------|-------------------|
| 5. periode | 6. periode | 7. periode |
| <i>Signe</i> | <i>Astrid</i> | <i>Asgjerd</i> |
| <i>Åsta</i> | <i>Gudrun</i> | <i>Aslaug</i> |
| | <i>Helga</i> | <i>Astrid</i> |
| | <i>Ingebjørg</i> | <i>Borghild</i> |
| | <i>Ingrid</i> | <i>Borgi</i> |
| | <i>Malmfrid</i> | <i>Eldbjørg</i> |
| | <i>Målfrid</i> | <i>Gerd</i> |
| | <i>Sigrid</i> | <i>Gudrid</i> |
| | <i>Torbjørg</i> | <i>Gudrun</i> |
| | | <i>Helga</i> |
| | | <i>Herborg</i> |
| | | <i>Hjørdis</i> |
| | | <i>Ingebjørg</i> |
| | | <i>Ingrid</i> |
| | | <i>Jofrid</i> |
| | | <i>Målfrid</i> |
| | | <i>Randi</i> |
| | | <i>Rannveig</i> |
| | | <i>Signe</i> |
| | | <i>Sigrid</i> |
| | | <i>Sigrun</i> |
| | | <i>Sigvor</i> |
| | | <i>Torbjørg</i> |
| | | <i>Tyra</i> |
| | | <i>Valdis</i> |
| | | <i>Åsa</i> |

Som ein kan sjå av denne tabellen, byrjar den nordiske namnerenessansen noko seinare med dei kvinnelege namna enn med dei mannlege, jf. tabell 5-2 for mannsnamna, der vi kunne sjå ei spire alt i tredje perioden. Her blant kvinnenamna byrjar dei å kome fyrst i den femte perioden (1881-1885). Eg har funne døme på at namnet *Signe*, som er ei yngre form av *Signy*, ikkje er den fyrste gongen det vert bruka som vist i denne tabellen, men det vart fødd ei jente i 1878 som vart kalla *Signe*, og far hennar var lensmann i bygda. Det tyder at det fyrste kvinnelege renessansenamnet vart teke i bruk i dei høgre sjikta i Time. Far til Signe som er nemnd her, er gardmann og høyrer til i eit lågare sjikt, men framleis blant dei betre stilte. Det same gjeld *Åsta*, som òg dukkar opp i gardmannsjiktet i 1885, som er litt seinare enn *Signe*, men like fullt i same periode.

I den sjette perioden (1896–1900) kjem det litt fleire renessansenamn i bruk, heile ni stykk. Namnet *Astrid* har vore eit av namna eg har stunda over kvar eg skulle kategorisere det. Namnet vart bruka i den fyrste perioden som eit arvenamn, og eg fann døme på at det vart

bruka som eit vanleg namn fram til 1857, men berre av foreldre eller fadrar og ikkje på eit dåpsbarn. Fordi det har lege i dvale i ein viss periode har eg funne det best å kategorisere det som eit renessansenamn, jf. kapittel 3.1.2.

Namn som endrar skriftform for å høve til den eldre skrivemåten, er *Ingebjørg*, tidlegare *Ingeborg*, og *Ingrid* (namnet avløyser mest sannsynleg namnet *Inger*).

Namn som kjem inn på historisk/litterært grunnlag: *Gudrun* (tidlegare former *Guro*, *Guru*, *Goro*), *Malmfrid*, som kjem inn saman med omsetjingar, *Tora*, til dømes *Tora* i Henrik Ibsens *Hedda Gabler*, *Torbjørg*, tidlegare former kunne vere: *Torborg*, *Torbjør*, *Torber*, *Torberg*, *Tørber* o.l., *Ragnhild*, som er eit kongeleg namn, til dømes dronning Ragnhild på 800-talet, namnet vart bruka i fleire litterære verk ifølgje NPL.

Namn som kjem inn på anna grunnlag: *Helga*, *Inga*, *Målfrid* og *Jofrid*. Sistnemnde var eit vanleg namn på Island frå mellomalderen av og byrja å spreie seg frå kring 1887 i Kristiansand her i Noreg.

I den siste perioden kjem det mange fleire nye unike namn inn i namnetilfanget, og samanlikna med arvenamna er det kring fire gonger fleire unike renessansenamn. *Sigrid* kjem inn og tek over for forma *Siri*, *Ranveig* kjem inn i staden for *Ranveg*. Sistnemnde har i tillegg vore i dvale sidan fyrste periode og kan derfor seiast å kome inn etter å ha vore i dvale ein liten periode framfor å seie at skriftforma har endra seg, fordi det er berre tale om ei lita endring frå monoftong til diftong. Men derimot er det ei lita endring, og derfor verte *Ranveg* arvenamn medan *Ranveig* eit renessansenamn.

Det kjem inn fleire namn på historisk/litterært grunnlag, til dømes *Borghild*, *Borgi*, *Gudrid*, *Gudrun* og *Hjørdis*. *Borghild* har kanskje vore bruka i eit anna område tidlegare, ifølgje NPL har namnet vore bruka øst i landet, men har spreidd seg og vorte meir bruka etter andre halvdel av 1800-talet. Ifølgje NPL er *Borgi* mest sannsynleg ein variant av *Borgny*, og der *Borni* er ein annan variant. *Gudrid* var eit vanleg namn frå 1300-talet av, men har vore mest brukt i skriftforma *Guri*, *Gudrid* kjem derfor attende under namnerenessansen av historisk/litterær årsaker. Det same med namnet *Gudrun*, som har vore kjent under forma *Guro*, men som under namnerenessansen kjem attende av historisk/litterær årsak i forma *Gudrun*. Ein av årsakene til at *Hjørdis* vart kjend var mest sannsynleg skodespelet til Ibsen «Hærmændene paa Helgeland».

Namn som kjem inn på anna grunnlag: *Asgjerd* er eit vanleg namn andre stader i Noreg, blant anna i Telemark og Agder i etterreformatork tid, og det kan ha spreidd seg frå Agder til Time. *Aslaug*, som er eit vanleg namn særleg i Telemark i mellomalderen og er ein del bruka i Buskerud og Agder, kan ha spreidd seg frå Agder til Time. *Eldbjørg* kan ha kome av spreining frå Telemark, men kan òg vere eit variasjonsnamn med namneledda *Eld-* og *-bjørg*. *Herborg* har vore eit «vanleg» namn andre stader, til dømes Hordaland og andre stader på Vestlandet. *Randi* har vore mykje bruka andre stader i landet og gjekk kraftig fram på landsbasis frå 1890-åra. *Signe* er mykje bruka andre stader i landet og spreidde seg under namnerenessansen. *Sigrun* er kjent frå andre stader, men har vore veldig lite bruka tidlegare. *Sigvor* er eit eldre namn frå Island, kjent her i landet frå 1357, svært vanleg på Voss i etterreformatork tid, og har vore i sporadisk bruk andre stader. *Valdis* var i bruk på Island i mellomalderen og er kjent her i landet frå 1862.

5.2.1.3 Nylaga namn

I dette delkapittelet vil eg slik som i kapittel 5.1.1.3 presentere dei nylaga namna med nordiske namneledd som kjem inn i det kvinnelege namnetilfanget. Det er ikkje tale om mange av desse namna, og dei vert av den grunn ikkje sette opp i ein tabell slik dei andre namna vert. Kriteria til at namna fell innanfor denne kategorien, ligg i at dei må vere samansette av nordiske namneledd ifølgje Benedicta Windt-Val og Nedrelid (Nedrelid, 2005, s. 71; Windt-Val, 2011, s. 111). I denne kategorien er det berre to kvinnenamn:

- *Gudfrid*, svarar historisk til *Guri(d)*. Fyrst nytta i 1911 i gardmannsjiktet.
- *Ingfrid* er eit nylaga namn av *Ing(e)-* og *-frid* og svarar historisk til *Ingrid*. Fyrst nytta i 1915, i det høgre sjiktet.

Begge desse namna vart bruka i den sjuande perioden og er derfor ikkje ein stor kategori. Om ein ser på korleis namna er oppbygde, vil det høve til kriteria som både Nedrelid og Stemshaug og Kruken legg til grunn, alle har eit positivt ledd i namna. *Gudfrid* har føreleddet *Gud-* som tyder det same som det norrøne ordet *gud*, og etterleddet *-frid* som tyder ‘vakker’. Namnet vert nytta fyrste gong i Time i 1911 i gardmannsjiktet. Namnet *Ingfrid*, som vart nytta fyrste gongen i 1916 av ein handelsbetjent frå det høgre sjiktet, er samansett av føreleddet *Ing-* og etterleddet *-frid*. Føreleddet er truleg det same ordet i gamalengelsk *Ing* som er eit namn på guden Frøya ifølgje NPL. Etterleddet *-frid* tyder framleis ‘vakker’ slik eg nemnde ovanfor her. Begge namna har nordiske namneledd, som ein kan spore attende til det norrøne

skriftspråket, og vil derfor også følge kriteria til både Nedrelid og Windt-Val (Nedrelid, 2005, s. 71; Windt-Val, 2011, s. 111). Dessutan kan ein også tale for at namna er vakre og velklingande, slik Nedrelid nemner som eit kriterium (Nedrelid, 2005, s. 71), i tillegg vil slike namn ifølgje Eli Fure vere namn som foreldra pyntar barna sine med, fordi dei symboliserer noko som er over dei ved at begge har eit namneledd som viser til ein gud (Fure, 1990, s. 53).

Eg nemnde tidlegare Kristoffer Kruken som hevdar at desse nylagingane skjer i større grad kring kysten og byane (Kruken, 2018, s. 8), og ein ser at det framleis er tale om veldig få namn her i Time kommune, og det ligg nok noko i det som Kruken skriv.

5.2.1.4 Justerte lånenamn

I dette delkapittelet vil eg presentere dei justerte lånenamna, på same måte som vart gjort i kapittel 5.1.1.4, og som nemnt der er dei justerte lånenamna namn som har vore så lenge i bruk i Norden at dei har vorte justerte etter nordisk språk og namnemønster (Alhaug, 2004, s. 162; Windt-Val, 2011, s. 108–109). Derfor kjendest dei nok som nordiske for namngjevarane. Dei justerte lånenamna vart ofte lånte inn for fleire hundre år sidan og har derfor reint språkleg vore med på same utvikling som språket vårt (Windt-Val, 2011, s. 108–109).

Som i dei tidlegare kapitla vil eg også her lemmatisere namna slik at dei følgjer same forma gjennom alle periodane. På denne måten er det lettare å følgje utviklinga på kor mange som har det same namnet, og det vil vere enklare å plassere dei i den kategorien dei høyrer heime i.

Slik som eg valde å gjere blant mannsnamna, jf. kapittel 5.1.1.4, kjem eg til å kommentere nokre av desse namna òg, men eg kjem ikkje til å gå djupt ned i alle detaljane, og eg kjem ikkje til å kommentere kvart einaste unike namn.

Tabell 5-8 Justerte lånenamn – kvinnenamn

| Justerte lånenamn | | | | | | |
|-------------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| 1. periode | 2. periode | 3. periode | 4. periode | 5. periode | 6. periode | 7. periode |
| Berit | Berte | Berte | Berte | Berte | Bergit | Bergit |
| Berte | Elen | Elen | Dorte | Dorte | Berte | Berit |
| Dorte | Karen | Karen | Elen | Elen | Elen | Berte |
| Elen | Kari | Kirsten | Gjertrud | Eline | Elin | Eli |
| Eli | Kirsten | Malene | Karen | Karen | Karen | Karen |
| Gjertrud | Mali | Maren | Kirsten | Kirsten | Katrine | Kari |
| Karen | Malene | Marte | Malene | Malene | Kirsten | Katrine |
| Kari | Maren | | Mali | Maren | Magnhild | Kirsten |
| Kristi | Marte | | Maren | | Malene | Mali |
| Mali | | | Marte | | Maren | Magnhild |

| | | | | | | |
|---------------|--|--|--|--|---------------|----------------|
| <i>Malene</i> | | | | | <i>Margit</i> | <i>Malene</i> |
| <i>Maren</i> | | | | | | <i>Margit</i> |
| <i>Mari</i> | | | | | | <i>Mari</i> |
| <i>Marte</i> | | | | | | <i>Marit</i> |
| <i>Sissel</i> | | | | | | <i>Mildrid</i> |

Det fyrste ein legg merke til i tabell 5-8 er korleis utviklinga er for kvart av dei unike namna. Det er til dømes like mange unike namn i den fyrste og den siste perioden, men nokre namn har forsvunne, medan andre har kome til. Til dømes forsvinn *Dorte*, *Kristi* og *Sissel*, og dei kjem ikkje inn att i siste periode. Nye som kjem til i siste periode er til dømes *Bergit*, *Katrine* og *Mildrid*.

Berte er ei norsk form av *Birgitte* som var vanleg på Austlandet og utgjorde ein parallell til *Brita* og *Berit*, som førde til at folk har tolka dette som eit norsk namn. *Birte* er ei dansk form av *Birgitte*, og ofte skil ikkje eldre kjelder mellom *Birte* og *Berte*, men *Birte* står sterkt i uttaleform og er ofte den mest bruka uttalen. *Berit*, som er ei norsk form av *Birgitte*, var vanleg i etterreformatorisk tid og er derfor «gamalt nok» til å høve i denne kategorien (Alhaug, 2004, s. 162; Windt-Val, 2011, s. 108–109).

Elen er dansk/norsk form av *Helene*, medan *Eli* er ei norsk form av *Helene*, i eldre kjelder står skriftforma *Elen*, vekslende med *Ellen*, ofte for talemålsforma *Eli*. Men på 1800-talet byrja namnet *Elen* å verte bruka som eit sjølvstendig namn. Alle namna har vorte endra såpass mykje at dei passar til å verte kategorisert her saman med dei justerte lånenamna, jf. kapittel 3.1.4.

Gjertrud er eit tysk namn, men har vore lenge i bruk i Noreg og derfor har nok folk tolka dette som eit norsk namn. Ein kunne kanskje tenkje seg at dette var samansett av *Gjerd*- og *-rud*, der *-gjerd* er eit nordisk namneledd, som tyder ‘gjerde, vern’, og *Rud* som er eit kjent gardsnamn. Men namnet kjem opphavleg frå tysk, som nemnt ovanfor her, og det at namnet ofte har ein stum -d i endinga tyder på at namnet høyrer best inn i denne kategorien med dei justerte lånenamna, då det har ein eigen uttaleform.

Karen er ei nordisk/dansk form av *Katrine*, som er kjend i Danmark frå 1500-talet. I eldre kjelder står skriftforma *Karen* ofte for talemålsforma *Kari*, men frå 1700- og 1800-talet vart *Karen* oftare og oftare bruka som talemålsform. *Kari* er ei norsk form for *Katrine*, som vart svært mykje bruka i etterreformatorisk tid, i skrift står det som oftast *Karen*. *Kari* og *Ola Nordmann* er eit vanleg uttrykk på norsk, derfor er nok dette namnet eit namn som er rekna som eit norsk namn blant vanlege folk.

Mali er ei norsk form av *Magdalena*, som er mykje bruka enkelte stader i etterreformatorisk tid, ein variant i Rogaland er *Malli*. Namnet kan nok ha vorte uttala *Madli*, slik det også vart skriva fleire gonger i namnematerialet eg samla frå Digitalarkivet, som svarar til det vi såg i namnet *Elling*, der uttalen mest sannsynleg har vore *Edling* her på Jæren. Dette kan verte sett på som ein parallell til arveorda ifølgje Vidar Haslum, som syner ein lang ubrotten namnetradisjon i området (Haslum, 2005, s. 125). *Malene* er ei nordisk form av *Magdalena*, som er mykje bruka i etterreformatorisk tid med sentrum i Rogaland. *Maren* kan ha dobbelt opphav, anten dansk form av *Marina* (latin hokjønnsform av *Marinus*), eller eldre skriftform av *Mari*. I dansk-norsk skriftradisjon står *Maren* oftast for *Mari*. *Mari* er ei norsk form av *Maria*, kanskje dels *Marina*, som er svært mykje bruka i etterreformatorisk tid, men ofte står *Mari* under skriftforma *Maren*.

Marte kan ha dobbelt opphav, anten nordisk form for *Margareta* eller sideform av *Marta*. Ifølgje NPL er det det fyrste opphavet som er viktig her, og derfor har eg valt å kategorisere *Marte* som eit justert lånenamn, medan forma *Marta* vert kategorisert som eit lånenamn. Dette har eg òg grunngjeve i kapittel 3.2, der eg presenterte lemmatisering og kriteria eg har valt å følgje for å lemmatisere namna i namnematerialet eg nyttar.

Som eg var inne på i det tilsvarande delkapittelet til mannsnamna, jf. kapittel 5.1.1.4, er det her fleire namn som går att i fleire periodar, til dømes *Elen*, *Mali* og *Karen*. Alle desse har to stavingar (eg finn ingen døme på namn med berre éi staving), og dei har ein kontinuerleg bruk i namnetilfanget som svarar til ei tilhøyrsele til namnebruken i dette området, jf. kapittel 3.1.4.

5.2.2 Lånenamn

5.2.2.1 Lånenamn

I dette kapittelet vert dei kvinnelege lånenamna presenterte, og det er som nemnt alle dei namna som ikkje har nordisk opphav. Lånenamna vil, som nemnt i kapittel 3.2, vere motvekta til dei nordiske namna, og derfor vil ikkje kvar av dei unike namna vere like relevant, anna enn kor mange dei er i kvantitet. Likevel er det interessant å undersøkje om det er fleire unike lånenamn i namnematerialet enn det er av nordiske namn, for å sjå kor stort omfang det er tale om før og under den nordiske namnerenessansen.

Med lånenamna har eg valt å lemmatisere litt meir enn det eg har gjort i dei andre kategoriane, ved at eg har føyd saman alle namna som er omtrent like, men har skiftande etterledd, til dømes *Maria* og *Marie* jf. arki-nivået i kapittel 3.3. Vidare har eg valt å føye

saman dei namna som vert uttala likt, men som har ulik skriftform, til dømes *Christine* og *Kristine*, jf. det fonemiske nivået i kapittel 3.3, der eg har valt den forma som er meir naturleg i det norske språket – *Kristine*. Eit anna døme er *Anna* der dei lenge skreiv *Anne*, som følgje av den danske påverknaden på skriftspråket vårt. Eg har valt å samle desse under *Anna* fordi det følgjer den lokale uttalen, jf. det etymologiske nivået i kapittel 3.3 (Alhaug, 1992, s. 123–125, 1992, s. 138).

Tabell 5-9 Lånenamn – kvinnenamn

| Lånenamn | | | | | | |
|-----------------|-----------------|------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| 1. periode | 2. periode | 3. periode | 4. periode | 5. periode | 6. periode | 7. periode |
| <i>Anna</i> | <i>Anna</i> | <i>Anna</i> | <i>Anna</i> | <i>Agata</i> | <i>Agnes</i> | <i>Agda</i> |
| <i>Bergitte</i> | <i>Dorotea</i> | <i>Dorotea</i> | <i>Bergitte</i> | <i>Agnes</i> | <i>Anna</i> | <i>Agnes</i> |
| <i>Elisabet</i> | <i>Elisabet</i> | <i>Elisabet</i> | <i>Elisabet</i> | <i>Anna</i> | <i>Bergitte</i> | <i>Anna</i> |
| <i>Helene</i> | <i>Helene</i> | <i>Gesine</i> | <i>Helene</i> | <i>Dorotea</i> | <i>Elfrida</i> | <i>Edit</i> |
| <i>Margrete</i> | <i>Marie</i> | <i>Helene</i> | <i>Judit</i> | <i>Elisabet</i> | <i>Elisabet</i> | <i>Elisabet</i> |
| <i>Marta</i> | <i>Pernille</i> | <i>Judit</i> | <i>Margrete</i> | <i>Klara</i> | <i>Klara</i> | <i>Ester</i> |
| <i>Rakel</i> | <i>Rakel</i> | <i>Magdalena</i> | <i>Marie</i> | <i>Marie</i> | <i>Marie</i> | <i>Helene</i> |
| <i>Sofie</i> | <i>Sara</i> | <i>Marie</i> | <i>Rakel</i> | <i>Marta</i> | <i>Marta</i> | <i>Judit</i> |
| <i>Valborg</i> | <i>Sofie</i> | <i>Pernille</i> | <i>Tabite</i> | <i>Pernille</i> | <i>Olga</i> | <i>Klara</i> |
| | <i>Tabite</i> | <i>Rakel</i> | | <i>Rakel</i> | <i>Rebekka</i> | <i>Margrete</i> |
| | | <i>Rebekka</i> | | <i>Regine</i> | <i>Regine</i> | <i>Marie</i> |
| | | <i>Regine</i> | | <i>Selma</i> | <i>Sara</i> | <i>Marry</i> |
| | | <i>Sofie</i> | | <i>Terese</i> | <i>Selma</i> | <i>Marta</i> |
| | | <i>Tabite</i> | | | | <i>Olga</i> |
| | | | | | | <i>Rakel</i> |
| | | | | | | <i>Rut</i> |
| | | | | | | <i>Sara</i> |
| | | | | | | <i>Selma</i> |
| | | | | | | <i>Sofie</i> |
| | | | | | | <i>Terese</i> |

Som vi kan sjå av tabell 5-9 er det jamt over med unike lånenamn i fleire av periodane før den siste perioden, og i periode fem og seks auke dei frå den fjerde perioden og fram til den siste. Det er ikkje mange unike namn i dei to første periodane, berre 9 stykk, mot 20 i den siste perioden, som vil seie at dei har meir enn dobla seg. Anna enn kor mange dei er kan vi sjå at det er nokre namn som kjem attende i fleire periodar, til dømes *Anna*, *Elisabet* og *Marie*, som tyder på at dei er namn som er stabile i området.

5.2.2.2 Moverte namn

Denne kategorien er mykje større blant kvinnenamna enn blant mannsnamna, noko som stemmer overeins med det som Kristoffer Kruken og Gulbrand Alhaug skriv i sine artiklar om at dei moverte namna er mykje meir vanlege blant kvinnenamn enn mannsnamn (Alhaug, 2008; Kruken, 1982, s. 63). Fordi denne kategorien er så stor blant kvinnenamna, og fordi han er eit viktig og interessant fenomen i den norske namnehistoria, jf. kapittel 3.2.2, er det derfor

formålstenleg å trekkje desse namna ut som ein eigen kategori. Det er også fordi dei er namn som opphavleg har vore i ei anna form enn den vi finn her, til dømes *Nilsine* som opphavleg kjem av det maskuline *Nils*. På eit overordna nivå vil dei verte rekna som lånenamn og vil vere ein del av motpolen til dei nordiske namna.

Desse namna har eg valt å lemmatisere slik som dei andre lånenamna, og eg har prøvd å nytte omtrent det same etterleddet i dei fleste namna for å halde meg konsekvent til det fonemiske nivået. Andre grep eg har nytta for å halde meg til det fonemiske nivået, er å halde meg til meir norske skriftformer, i namn som til dømes *Akseliane*, i staden for *Axeliane*, og *Vilhelmine* i staden for *Wilhelmine*, osv.. Dessutan vil dei formene som er nesten like verte føydde saman til éi form, til dømes vert *Berntine* og *Bertine* skrivne *Berntine* her, og på den måten halde meg til arki-nivået.

Tabell 5-10 Moverte namn – kvinnenamn

| Moverte namn | | | | | | |
|------------------|------------------|-------------------|------------------|--------------------|--------------------|------------------|
| 1. periode | 2. periode | 3. periode | 4. periode | 5. periode | 6. periode | 7. periode |
| <i>Akseliane</i> | <i>Akseliane</i> | <i>Akseliane</i> | <i>Akseliane</i> | <i>Bernhardine</i> | <i>Alfrida</i> | <i>Augusta</i> |
| <i>Johanne</i> | <i>Gurine</i> | <i>Berntine</i> | <i>Bergine</i> | <i>Berntine</i> | <i>Bernhardine</i> | <i>Berly</i> |
| <i>Jorine</i> | <i>Johanne</i> | <i>Fredrike</i> | <i>Gedine</i> | <i>Edvardine</i> | <i>Gurine</i> | <i>Gabrielle</i> |
| <i>Jørgine</i> | <i>Jorine</i> | <i>Gurine</i> | <i>Gurine</i> | <i>Gerhardine</i> | <i>Johanne</i> | <i>Gerda</i> |
| <i>Kristine</i> | <i>Jørgine</i> | <i>Gustava</i> | <i>Gustava</i> | <i>Gurine</i> | <i>Juliana</i> | <i>Gurine</i> |
| | <i>Kristine</i> | <i>Gustine</i> | <i>Gustine</i> | <i>Gustava</i> | <i>Julie</i> | <i>Johanne</i> |
| | <i>Nicoline</i> | <i>Johanne</i> | <i>Johanne</i> | <i>Johanne</i> | <i>Karoline</i> | <i>Jorine</i> |
| | <i>Oline</i> | <i>Jorine</i> | <i>Jorine</i> | <i>Jorine</i> | <i>Kaspara</i> | <i>Josefine</i> |
| | <i>Serine</i> | <i>Justine</i> | <i>Justine</i> | <i>Josefine</i> | <i>Konstanse</i> | <i>Justine</i> |
| | <i>Talete</i> | <i>Jørgine</i> | <i>Jørgine</i> | <i>Justine</i> | <i>Lovise</i> | <i>Karoline</i> |
| | | <i>Kristine</i> | <i>Karloline</i> | <i>Kristine</i> | <i>Magna</i> | <i>Kaspara</i> |
| | | <i>Lasine</i> | <i>Kristine</i> | <i>Nikoline</i> | <i>Olava</i> | <i>Kristine</i> |
| | | <i>Nikoline</i> | <i>Laurentse</i> | <i>Olava</i> | <i>Pauline</i> | <i>Laurentse</i> |
| | | <i>Oline</i> | <i>Martine</i> | <i>Oline</i> | <i>Petra</i> | <i>Lovise</i> |
| | | <i>Serine</i> | <i>Olava</i> | <i>Petra</i> | <i>Serine</i> | <i>Norvalda</i> |
| | | <i>Severine</i> | <i>Oline</i> | <i>Serine</i> | <i>Severine</i> | <i>Olava</i> |
| | | <i>Talete</i> | <i>Serine</i> | <i>Talete</i> | <i>Sigfrida</i> | <i>Oline</i> |
| | | <i>Vilhelmine</i> | <i>Severine</i> | | <i>Talete</i> | <i>Otta</i> |
| | | | <i>Talete</i> | | <i>Tomine</i> | <i>Petra</i> |
| | | | <i>Teoline</i> | | | <i>Serine</i> |
| | | | <i>Tomine</i> | | | |

Som i dei andre kategoriane kan ein sjå at det er ein del namn som går att i fleire periodar, blant anna *Akseliane*, *Gurine* og *Oline*. Det syner at namna har fått eit godt rotfeste i namnetilfanget, sjølv om akkurat denne kategorien er av nyare dato for den tida namna vart gjevne. Nokre av namna har derimot lengre rotfeste, som til dømes *Johanne* som er kjende frå 1400-talet. *Kristine* er eit relativt nytt namn, ifølgje NPL fekk *Kristine* innpass i talemålet på 1800-talet, tidlegare var det det norrøne namnet *Kristin* som vart skriven *Kristine*.

Eg nemnde i kapittel 3.2.2 at Kristoffer Kruken skriv at det ikkje er vanleg med kvinnenamn som er avleidde av andre kvinnenamn. Nokre døme på dette i mitt namnetilfang er blant *anna Jorine (Jorunn)*, *Talete (Tale)* og *Sigfrida (Sigfrid)*, men dei er som Kruken skriv, ikkje vanleg (Kruken, 1982, s. 63).

Ein kan finne døme på dei fleste variantane av moverte namn som er nemnde i kapittel 3.2.2, der Alhaug og Ivar Utne nemner namn som kjem inn med etterledda *-ine* og *-a* etter eit mannsnamn (Alhaug, 2008; Utne, 2011, s. 83), til dømes *Pauline* og *Petra*. Vi kan òg finne døme på det franske etterleddet *-ete* i *Talete*, som er avleidd av kvinnenamnet *Tale*, som i og for seg ikkje er vanleg, men som ein kan sjå i tabellen ovanfor at det er eit namn som går att fleire gonger.

Det siste etterleddet som vart nemnt i kapittel 3.2.2, er *-y* som kjem frå blant anna brevvekslinga mellom Noreg og Amerika eller handelskontakten mellom Noreg og England. Dette finn vi i namnet *Berly*, men er nok meir vanleg blant kortformnamna. Namnet *Berly* er eigentleg eit nyare namn, men namnet er samansett av *Ber-* frå *Berent*, som er eit maskulint namn, og *-ly* frå *Lilly* som er eit feminint namn, det er med andre ord samansett av namn frå begge kjønn, og høver derfor betre inn saman med dei moverte namna, jf. Utne, som klassifiserer moverte namn som namn som fekk ei anna ending, til dømes *-ine* (Utne, 2011, s. 83).

Norvalda er avleidd av *Norvald*, som er eit nyare namn av *Nor-* og *-vald*. Namnet er svært sjeldan bruka og høver også saman med dei nylaga namna slik namnet *Berly* gjere. Også i *Norvalda* ser vi at namnet er avleidd av eit maskulint namn, og det har fått den feminine endinga *-a* slik Utne skriv at dei moverte namna ofte fekk (Utne, 2011, s. 83).

Når dei kvinnelege moverte namna er så talrike som dei er her, kan det tyde på at dei er den kategorien som utgjer den store skilnaden for å gjere namnetilfanget rikare og som opnar opp for meir valfridom i kva namn foreldra kan velje til barna sine. Ein liknande tendens kunne vi sjå blant dei mannlege lånenamna, der dei er så talrike at det opnar opp for at fleire innanfor det same samfunnet kan ha eit unikt namn. I eit seinare kapittel vil eg undersøkje korleis dette utartar seg i prosent og tal.

5.2.2.3 Kortformnamn

I kapittel 5.1.2.3 kunne vi sjå at kortformnamn ikkje er ein stor kategori blant mannsnamna, men blant kvinnenamna er dette ein større kategori. Fordi dei ikkje er ein hovudkategori, vil eg ikkje gå inn på ei detaljert forklaring på kvart av kortformnamna, men i staden gje ei forklaring på nokre generelle trekk som ein kan sjå av namnematerialet. På eit overordna nivå vil kortformnamna reknast som lånenamn og vil vere ein del av motpolen til dei nordiske namna.

Tabell 5-11 Kortformnamn – kvinnenamn

| Kortformnamn og kjæleformer | | | | | |
|-----------------------------|--------------|---------------|---------------|---------------|--------------|
| 2. periode | 3. periode | 4. periode | 5. periode | 6. periode | 7. periode |
| <i>Else</i> | <i>Elise</i> | <i>Alette</i> | <i>Amalie</i> | <i>Alette</i> | <i>Alma</i> |
| <i>Grete</i> | <i>Grete</i> | <i>Elise</i> | <i>Elise</i> | <i>Alma</i> | <i>Arna</i> |
| <i>Lene</i> | <i>Hanne</i> | <i>Engel</i> | <i>Engel</i> | <i>Ella</i> | <i>Betsy</i> |
| <i>Lisbet</i> | <i>Janne</i> | <i>Gine</i> | <i>Gine</i> | <i>Emma</i> | <i>Elise</i> |
| | <i>Jette</i> | <i>Grete</i> | <i>Grete</i> | <i>Gine</i> | <i>Else</i> |
| | <i>Lene</i> | <i>Hanne</i> | <i>Hanne</i> | <i>Gunda</i> | <i>Erna</i> |
| | <i>Lise</i> | <i>Ine</i> | <i>Inga</i> | <i>Hanne</i> | <i>Elly</i> |
| | <i>Sikke</i> | <i>Janne</i> | <i>Janne</i> | <i>Inga</i> | <i>Hanne</i> |
| | <i>Sille</i> | <i>Lise</i> | <i>Kaja</i> | <i>Jenny</i> | <i>Ine</i> |
| | <i>Sine</i> | <i>Lotte</i> | <i>Lene</i> | <i>Jessy</i> | <i>Jenny</i> |
| | <i>Stine</i> | <i>Melia</i> | <i>Lette</i> | <i>Lette</i> | <i>Jessy</i> |
| | | <i>Mina</i> | <i>Line</i> | <i>Lisbet</i> | <i>Line</i> |
| | | <i>Sille</i> | <i>Lisbet</i> | <i>Lise</i> | <i>Sally</i> |
| | | | <i>Lise</i> | <i>Magda</i> | |
| | | | <i>Lotte</i> | <i>Maia</i> | |
| | | | <i>Milda</i> | <i>Seline</i> | |
| | | | <i>Tilde</i> | <i>Tea</i> | |
| | | | <i>Tine</i> | <i>Tilde</i> | |

Blant kortformnamna finn vi namn som har uvisst opphav, eller som er ei forkorting på tvers av språk eller av fleire namn, som er nokre av kjenneteikna på eit kortformnamn (Alhaug, 2004, s. 175), til dømes *Line*, som er kortform av alle namn som endar på *-line*, som kan vere *Karoline*, *Oline* eller *Pauline*. *Sine*, eit anna døme på namn som har eit uvisst opphav, er kortform av alle namn som endar på *-sine*, til dømes *Hansine* eller *Jensine*.

Blant desse namna finn vi òg namn som kjem av kontakten med Amerika og England gjennom utvandring og handel, til dømes *Jessy* og *Betsy*, som er kjenneteikna med etterleddet *-y*- jf. Ivar Utne og Gulbrand Alhaug (Alhaug, 2008; Utne, 2011, s. 82–83).

Av kjæleformer finn vi namn som *Jenny*, som er ei kjæleform av *Jane*, og *Maia* som er ei kortform og kjæleform av *Maria*. Som vi kan sjå, er det ikkje heilt opplagt at *Jenny* er eit

kjælenamn medan *Jessy* «berre» er eit kortformnamn, og det syner at det har vore formålstenleg å føye saman kjæleformer og kortformer under ein kategori, jf. kapittel 3.2.3.

5.3 Det sosiale og geografiske aspektet

I dette delkapittelet vil eg gå gjennom kvar periode for å undersøkje kva som skjer med namnekategoriane i kvart av dei sosiale sjikta. Som eg har vore inne på tidlegare, særskilt i kapittel 2, har det vorte påpeika i tidlegare forskning at det er i dei øvre sjikta den nordiske namnerenessansen fyrst byrjar. For å finne ut kva namn som høyrer til i kvart sjikt, har eg fyrst delt foreldra inn i seks forskjellige kategoriar: høgste sjiktet, gardmenn, arbeidarar, husmenn, dei fattige og til slutt dei ugifte eller dei som ikkje har eit yrke knytt til namnet sitt, vidare kalla ugift/tomt felt. Samstundes er det interessant å sjå på korleis sjikta har utvikla seg frå periode til periode, og det vil derfor verte presentert litt kort kva som skjer generelt innanfor kvar periode.

5.3.1 Periodane, steg for steg

For å finne ut om det stemmer det som Gulbrand Alhaug og Terje Aarset skriv om (sjå kapittel 2.3), at renessansenamna ofte kom inn i dei høgste sjikta fyrst, og at dei ofte gjekk nedover i sjikta, sjeldan oppover (Alhaug, 2021; Aarset, 1982, s. 67), vil eg presentere ein tabell der eg syner kor mange renessansenamn som kom inn i kvart sjikt, og kva periode dei kjem inn. Med det meiner eg kor mange namneberarar som bar eit renessansenamn for kvar periode. Tala vert presenterte i både prosent og heile tal, slik at det vil vere lettare å følgje kor mange namneberarar det faktisk er tale om, då Time kommune som sagt ikkje er ein stor kommune, sjå kapittel 1.3.

Tabell 5-12 Tabell over utviklinga av renessansenamn i kvart sjikt, begge kjønn. Prosentane syner kor mange namneberarar som ber eit renessansenamn av alle namneberarane i den perioden. Til dømes er det 2% mannlege renessansenamn i det høgste sjiktet som har eit renessansenamn av alle mannlege namneberarane i den sjuande perioden.

| Renessansenamnutvikling i sjikt: | | | | | | | | | | | | |
|---|--------------------|---|-----------------|----|-------------------|----|----------------|---|----------------|---|-------------------|---|
| Mannsnamn: | Høgre sjikt | | Gardmenn | | Arbeidarar | | Husmenn | | Fattige | | Ugift/tomt | |
| 7. periode | 2% | 6 | 21% | 56 | 15% | 39 | | | 1% | 1 | 1% | 3 |
| 6. periode | 2% | 4 | 18% | 35 | 6% | 12 | 2% | 3 | | | 1% | 2 |
| 5. periode | 1% | 2 | 6% | 15 | 1% | 2 | | | | | | |
| 4. periode | | | 2% | 6 | | | | | 1% | 1 | | |
| 3. periode | | | 1% | 1 | | | | | | | | |
| Renessansenamnutvikling i sjikt: | | | | | | | | | | | | |
| Kvinnenamn: | Høgre sjikt | | Gardmenn | | Arbeidarar | | Husmenn | | Fattige | | Ugift/tomt | |
| 7. periode | 1% | 3 | 22% | 48 | 7% | 16 | | | | | 2% | 4 |
| 6. periode | 2% | 4 | 5% | 8 | 3% | 5 | | | | | | |
| 5. periode | | | 1% | 2 | | | | | | | | |

I den fyrste perioden er det svært få data om kva stilling foreldra har, men nokre av dei er sokneprest, sersjant, furer og «Løchesønn i Stavanger», attåt nokre ugifte. Blant dei ugifte er det to som har gitt arvenamn til barna sine, *Ivar* og *Gunvor*. Sersjanten har gitt namnet *Tiølv* til barnet sitt, medan dei andre foreldra som stillinga er nemnd hjå, har gitt lånenamn til sine barn.

I kategorien med tomt felt blant mannsnamna finn vi 25 prosent av namneberarane som har lånenamn og 73 prosent nordiske namn.⁸ Kategorien med nordiske namn er den største kategorien som har flest namneberarar. Her er det òg fleire namn med dialektform, som *Torier*, *Evin*, *Elling* og *Aadne*, som vil seie at namna har lang tradisjon her. Blant kvinnenamna er det 37 prosent namneberarar som har lånenamn og 61 prosent nordiske namn. Blant dei kvinnelege namneberarane er ikkje arvenamna like mange, men dei justerte lånenamna vart tolka som nordiske namn, som til dømes *Kari* og *Elen*, derfor kan det nok tenkjast at dei trudde at det var fleire nordiske namn i bruk. Dei nordiske namna står derfor nokså sterkt i Time frå fyrste periode blant dei kvinnelege namneberarane òg.

I den andre perioden er det fleire stillingar som er nemnde i kyrkjeboka, og det vert enklare å skilje mellom kvart enkelt sjikt. Men det må nemnast at Time kommune ikkje var ein stor kommune, blant dåpsnamna finn vi 206 mannlege namneberarar og 164 kvinnelege namneberarar.

Det fyrste vi ser nedst i tabell 5-12 er at det ikkje er i dei høgre sjikta renessansenamna kjem inn fyrst, men i gardmannssjiktet, og det gjeld i begge kjønna. Derimot ser vi at det er tale om særst få renessansenamn frå lågare sjikt enn arbeidarsjiktet, totalt berre 14 namneberarar frå begge kjønn. Når ein undersøker ein rural kommune som Time kommune, er det også tale om særst få personar som er i dei høgre sjikta. For å vise dette har eg sett opp tabell 5-13 som syner kor mange namneberarar det faktisk er tale om i kvart sjikt i den femte perioden. Eg har berre nytta den femte perioden som eit døme på korleis fordelinga er i dei fleste periodane, det er ikkje alltid like mange eller få i kvar einaste periode. Tabellen gjev oss eit betre bilete over kvifor det berre er til dømes éin prosent renessansenamn i det høgre sjiktet i den femte perioden, då det totalt berre var 22 namneberarar i det sjiktet, medan til dømes gardmannssjiktet har 70 namneberarar berre blant lånenamnkategorien.

⁸ Dei manglande to prosentane finn vi i det høgre sjiktet.

Tabell 5-13 Tabell over kva sjikt alle mannsnamna vart brukt i, døme som er brukt her er den femte perioden. Tabellen er for å vise storleiken til alle sjikta.

| | Arvenamn | | Lånenamn | | Renessansenamn | | J. lånenamn | | Moverte namn | |
|--------------------|----------|----|----------|----|----------------|----|-------------|----|--------------|---|
| Høgre sjikt | 2% | 5 | 4% | 11 | 1% | 2 | 2% | 4 | | |
| Gardmenn | 21% | 53 | 28% | 70 | 6% | 15 | 13% | 33 | 1% | 1 |
| Arbeidar | 4% | 9 | 4% | 9 | 1% | 2 | 1% | 3 | | |
| Husmann | 1% | 3 | 3% | 7 | | | 2% | 5 | | |
| Fattig | 2% | 4 | 1% | 2 | | | 1% | 1 | | |
| Ugift/tomt | | | 2% | 6 | | | 1% | 1 | | |

Vidare med blick på tabell 5-12 ser ein at det er ei jamn utvikling i renessansenamna i dei øvste sjikta, i det minste blant mannsnamna. Ut frå denne tabellen er det blant gardmennene renessansenamna tek til å bløme, då det er dei som har høgast prosent av alle sjikta. Ein kan også sjå at dei blømer meir og meir etter kvart som tida går, frå 2 prosent av alle mannlege namneberarane i den fjerde perioden, vidare til 6 prosent av alle namneberarane i den femte perioden, 18 prosent i den sjette perioden, og til sist heile 21 prosent i den siste perioden. Blant dei kvinnelege renessansenamna går det frå 5 prosent av alle kvinnelege namneberarar i den sjette perioden til heile 22 prosent namneberarar i den siste perioden, eller frå 8 namneberarar med renessansenamn til 48. Den same forma for vekst kan vi sjå blant arbeidarane òg, der dei har 2 prosent namneberarar i den femte perioden blant mannsnamna, 6 prosent i den sjette og 15 prosent i den sjuande perioden. Blant kvinnenamna går det frå 3 prosent i den sjette perioden til 7 prosent i den siste perioden, ein litt mindre vekst med andre ord.

Dei namna som står under det siste sjiktet, dei ugifte eller tomt felt, kjem kanskje nokre gonger frå eit høgre sjikt, til dømes *Harald* i den sjette perioden, der far er handelsmann og mor er tenestejente. Då kunne ein kanskje valt å setje akkurat dette namnet i det høgre sjiktet, fordi ein veit at det er stor sjanse for at bakgrunnen til faren kan ha spela inn på at dei valde nettopp dette namnet. Men samstundes kjem mora frå eit lågare sjikt, det fattige sjiktet, og vart nok sett ned på av samfunnet på grunn av at ho fekk barn utanom ekteskap. Då hamnar dei ugifte diverre i ein eigen kategori slik eg har kategorisert dei her.

I den tredje perioden finn vi namnet *Ingvald*, som kanskje kan reknast som ei spire til den komande namnerenessansen, då det ikkje finst nokon andre liknande namn frå denne perioden eller tidlegare. Namnet høyrer til ein gardsgut og er kanskje derfor blant dei høgre sjikta i kommunen, slik eg nemnde i avsnittet under tabell 5-13. Det kjem òg ei spire til arbeidarsjiktet i denne perioden som inneheld to yrke: matros og skomakar.

I den fjerde perioden har folk frå det høgre sjiktet valt to arvenamn, eit justert lånenamn og eit lånenamn. Kyrkjesongarar frå det høgre sjiktet gav namna *Rasmus*, *Karen* og *Ingeborg*, medan ein lærar gav namnet *Karl*. I Kristoffer Kruken sin artikkel «Lærarar, målfolk og namnerenessanse», som er nemnd i kapittel 2.3, skriv han om lærarane som var pionerar innanfor namnerenessansen (Kruken, 2020, s. 69). Det er kanskje litt tidleg å tale om namnerenessanse i Time kommune alt i fjerde periode, men eg vil likevel nemne han no då det er noko eg vil halde eit auge til.

Totalt er det seks barn som får eit renessansenamn i gardmannssjiktet og eit barn i det fattige sjiktet som får eit renessansenamn. Barnet som får eit renessansenamn i det fattige sjiktet, fekk namnet *Oluf* og vart fødd i 1868, medan eit av barna fødte i gardmannssjiktet som heiter *Oluf* vart fødd i 1867, jf. vedlegg 10. Dette følgjer derfor det som har vore nemnt om at namna flytter seg frå høgre sjikt og ned til lågare sjikt. Den same tendensen kan vi finne ved namnet *Signe*, men då er det litt fleire år som skil: I 1911 er det ein gardmann som gjev namnet *Signe* til dotter si, og i 1914 er det ein arbeidar som gjev namnet *Signe* til dotter si, jf. vedlegg 11. Ifølgje kapittel 2.3 var det dei høgre sjikta som tok inn nye namn fyrst, medan dei sjikta som var nedanfor, ville overtake namna etter kvart, som førde til at dei øvre sjikta slutta å bruke dei namna. Som nemnt i kapittel 5.2.1.2 vart namnet *Signe* fyrst nytta av ei lensmannsdotter utanfor mitt namnemateriale, men vil likevel vere eit godt døme her, fordi i perioden eg nyttar rett etter ho, er det ei garddotter som får namnet *Signe*.

I eit anna tilfelle finn vi *Olav* som er fødd i 1867 i gardmannssjiktet, medan det vart fødd ein *Olav* i det høgre sjiktet i perioden 1883, dette følgjer ikkje den same tendensen som nemnt ovanfor, men sidan gardmennene mest sannsynleg høyrer til dei øvre sjikta i kommunen, er det ikkje tale om ei flytting frå eit langt lågare sjikt til det høgre sjiktet på lik line som om det hadde vore frå dei fattige til dei høgre sjikta. Samstundes kan vi kanskje forklare det ved å nytte skrivemåten av namna, då Gulbrand Alhaug nemner namnedynamikken i sin artikkel, jf. kapittel 2.3, der det høgre sjiktet endrar på namna etter kvart som dei oppdagar at dei lågare sjikta brukar dei same namna som dei (Alhaug, 2021). Den fyrste som tok i bruk namnet *Olav*, var som nemnd i gardmannssjiktet, der brukte dei skriftforma med *-f* (*Olaf*), og det same gjorde dei tre neste gardmennene som tok i bruk dette namnet. Men i 1881 vart også forma med *-v* teken i bruk i gardmannssjiktet, og i arbeidarsjiktet, totalt tre tilfelle før det vart teke i bruk av nokon i det høgre sjiktet, og då med skriftforma med *-v*. Då fell akkurat dette namnet litt vekk frå det biletet som vart teikna av Alhaug om namnedynamikken.

Inn i den femte perioden vert det introdusert eit nytt namn i det høgre sjiktet: *Torstein*, i tillegg til at namnet *Olav* også vert teke i bruk i det høgre sjiktet i denne perioden, slik eg nemnde i førre avsnitt. Fedrane til desse er stasjonsmeister og vaktmeister. Blant gardmennene kjem også namna *Arne*, *Helge*, *Ingvald*, *Kjetil* og *Sigvald* inn. Dette ser ut til å stadfeste tendensen som vart nemnd i kapittel 2.3, at det ser ut til at det er i det høgre sjikt dei tek inn nye namn fyrst (om vi reknar gardmennene for eit høgre sjikt, sjølv sagt), mykje fordi det er dei som har tilgang til nyare litteratur, teater eller aviser osv. Men det er også i denne perioden dei gjev flest barn lånenamn i det høgre sjiktet, det er berre om vi legg saman arvenamna og renessansenamna med dei justerte lånenamna at dei utgjer halvparten av alle mannsnamna i det høgre sjiktet, elleve lånenamn mot elleve nordiske namn. Fedrane til desse er stasjonsmeister og vaktmeister. Om lærarar var pionerar innanfor den nordiske namnerenessansen slik Kruken hevdar (sjå kapittel 2.3), kunne ein kanskje tenkje seg at fleire lærarar ville valt nordiske namn, men lærarar i denne perioden har valt namn som *Hans*, *Ingebrigt*, *Jon*, *Anna* og *Serina*. Nokre av lærarane gjekk derimot for arvenamn, som til dømes *Gunnar*, *Ola*, *Svein* og *Ingeborg*, men desse er som nemnt ikkje renessansenamn i Time. Kanskje dei følgjer den andre moten som *Benedicta Windt-Val* nemner, den som går ut på at dei nordiske namna generelt fekk ei ny oppbløming, parallelt med den nordiske namnerenessansen (*Windt-Val*, 2011, s. 111)? Dette verte uansett ein spekulasjon.

I den femte perioden er det òg fyrste gong det kjem renessansenamn inn i det kvinnelege namnetilfanget. Det er tale om to namn, som utgjer éin prosent, i gardmannssjiktet: *Signe* og *Åsta*. Eg har tidlegare nemnt namnet *Signe*, då det ikkje er fyrste gongen dette namnet vart teke i bruk, sjå kapittel 5.2.1.2, medan *Åsta* berre førekjem éin gong i dette namnematerialet. Renaissanceamna held fram med å vekse blant mannsnamna og utgjer no seks prosent i gardmannssjiktet og éin prosent i arbeidarsjiktet, av alle namneberarane i denne perioden, jf. tabell 5-12.

I den sjette perioden endrar det høgre sjiktet seg litt, og ein kan finne ein snunad i kva namn dei gjev barna sine, då det er fleire barn som får eit nordisk namn i denne perioden enn lånenamn blant mannsnamna, elleve nordiske namn mot sju lånenamn blant mannsnamna. Totalt sett er det langt fleire renessansenamn, blant mannsnamna og kvinnenamna er det to prosent kvar av renessansenamn i det høgre sjiktet, og i begge kjønn er det tale om fire namneberarar. Det er ingen lærarar som gjev barna sine lånenamn blant mannsnamna, men blant kvinnenamna er det fleire. Ein gjev eitt lånenamn, ein gjev eitt kortformnamn, og den

siste gjev eitt movert namn. Derimot er tre av fire kvinnelege renessansenamn valde av lærarar, der ingen lærarar har gjeve eitt mannleg renessansenamn, berre to har valt arvenamn.

Renessansenamn veks jamt og trutt denne perioden, og vi kan finne dei i fleire sjikt: blant mannsnamna er det hjå gardmennene 18 prosent, hjå arbeidarsjiktet seks prosent, husmannsjiktet to prosent og i det ugifte/tomt sjiktet er det éin prosent. Blant kvinnenamna er det fem prosent i gardmannsjiktet, og tre prosent i arbeidarsjiktet.

Det kjem tre nye mannlege renessansenamn inn i namnetilfanget frå det høgre sjiktet i denne perioden: *Egil*, *Ingolf* og *Leiv*. Blant gardmennene kjem ti nye namn, til dømes *Ingvard*, *Gunvald* og *Toralf*. Blant arbeidarane kjem seks nye renessansenamn inn, til dømes *Alf*, *Tor* og *Reidar*. I det ugifte/tomt sjiktet kjem *Harald* inn. Det same blant kvinnenamna, der *Gudrun*, *Helga* og *Malmfrid* kjem inn i det høgre sjiktet. I gardmannsjiktet kjem fem nye namn i bruk, til dømes *Ingebjørg*, *Tora* og *Torbjørg*, og i arbeidarsjiktet kjem *Målfrid* og *Ingrid* i bruk.

I den siste perioden er det fleire nordiske namn og færre lånenamn i det høgre sjiktet, og det er to prosent renessansenamn blant mannsnamna og éin prosent renessansenamn blant kvinnenamna. I denne perioden er det ingen lærarar som har valt noko anna enn nordiske namn, berre eitt tilfelle der ein lærar har valt eit justert lånenamn, *Magnhild*, men som ifølgje kategoriseringa mi jf. kapittel 3.1.4, vert rekna som ein del av dei nordiske namna.

Blant gardmennene er det 21 prosent renessansenamn blant mannsnamna, og blant kvinnenamna er det 22 prosent renessansenamn. Arbeidarsjiktet har vakse veldig sidan spira kom i tredje periode, og er nesten like stor som sjiktet med gardmenn. Blant mannsnamna er det 15 prosent renessansenamn, og blant kvinnenamna er det sju prosent renessansenamn. Det er ingen renessansenamn i det fattige sjiktet, men i det siste sjiktet med ugifte/tomt felt er det éin prosent renessansenamn blant mannsnamna, og to prosent blant kvinnenamna.

I den siste perioden kjem det nylaga namn med nordiske namneledd inn. Desse kjem ikkje inn i det høgste sjiktet men blant i gardmannsjiktet og arbeidarsjiktet. I gardmannsjiktet kjem tre namn med tre namnaberarar: *Noralf*, *Jofred* og *Gudfrid*. I arbeidarsjiktet kjem fire namn med fem namneberarar: *Karluf*, *Odjof* og *Ingfrid*.

I tabell 5-12 er det gardmennene som ruvar høgst og har brattast kurve i utviklinga av renessansenamn. Det er til og med gardmennene som er fyrst ute med å velje eit

renessansenamn til barna sine hjå begge kjønn. Dette passar kanskje ikkje så godt med det som teorien tidlegare i oppgåva har tala om, jf. kapittel 2.3, der blant anna Gulbrand Alhaug og Kristoffer Kruken nemner at det er dei øvre sjikta som valde renessansenamn fyrst (Alhaug, 2020; Kruken, 2020, s. 53). Som nemnt var det namna *Ingvald* blant mannsnamna, og *Signe* og *Aasta* blant kvinnenamna.

5.3.2 Korleis renessansenamna utviklar seg

Noko anna ein kan lese ut av tabell 5-12 ovanfor, er at blant kvinnenamna er det ingen husmenn eller namneberarar frå det fattige sjiktet som har valt eit renessansenamn, og svært få av desse har valt mannlege renessansenamn. Renaissanceamna finn ein fyrst og fremst i dei øvre sjikta: arbeidarar, gardmenn og høgre sjikt. Ein kunne kanskje tenkje seg at det ville vere fleire i sjuande periode i dei nedre sjikta som hadde valt eit slik namn, men det kan hende at fordi Time kommune er eit ruralt område, vil dette kome seinare, litt fordi sjølve namnerenessansen kjem i gang litt seinare i dette området enn til dømes i byane. Om undersøkinga hadde omfatta fleire periodar seinare kan det tenkjast at det hadde kome eit litt anna resultat. Eit anna faktum er at i seg sjølv er ikkje renessansenamna ein stor del av det totale namnetilfanget, og når gardmannssjiktet er eit så dominerande sjikt, jf. tabell 5-13, er det klart at fordelinga vert skeiv med tanke på kor stor prosentdel det er av kvar kategori i kvart av sjikta. Om ein i staden reknar ut kor stor del av kvart av sjikta renessansenamna utgjør, får ein eit litt anna svar. Eg har valt å take utgangspunkt i den femte perioden å vise nettopp dette, og vil vise korleis det syner hjå begge kjønn.

Tabell 5-14 Tabell over kor mange prosent det er av renessansenamn i kvart av sjikta i forhold til kor mange namneberarar det er i kvart sjikt, i staden for i forhold til kor mange namneberarar det er totalt i kvar periode. Tabellen tek føre seg mannsnamn og kvinnenamn, frå fjerde til siste periode.

| Kor mange prosent renessansenamn i kvart sjikt, mannsnamn | | | | | | | | |
|--|------------|-------|------------|--------|------------|--------|------------|--------|
| Sjikt: | 4. periode | | 5. periode | | 6. periode | | 7. periode | |
| Høgre sjikt | | | 9% | 2/22 | 24% | 4/17 | 33% | 6/18 |
| Gardmann | 3% | 6/217 | 9% | 15/172 | 28% | 35/123 | 41% | 56/138 |
| Arbeidarar | | | 9% | 2/23 | 27% | 12/44 | 39% | 39/100 |
| Husmann | | | | | 75% | 3/4 | | |
| Fattige | 3% | 1/31 | | | | | | |
| Ugift/tomt | | | | | 25% | 2/8 | 43% | 3/7 |
| Kor mange prosent renessansenamn i kvart sjikt, kvinnenamn | | | | | | | | |
| Sjikt: | 4. periode | | 5. periode | | 6. periode | | 7. periode | |
| Høgre sjikt | | | | | 27% | 4/15 | 17% | 3/18 |
| Gardmann | | | 1% | 2/170 | 7% | 8/107 | 40% | 48/120 |
| Arbeidarar | | | | | 14% | 5/37 | 20% | 16/79 |
| Ugift/tomt | | | | | | | 50% | 4/8 |

Når ein reknar ut kor mange prosent som har renessansenamn i eit sjikt, mot kor mange namneberarar som er i det same sjiktet får vi eit anna tal, jf. tabell 5-14. Då ser vi at det er ei nokså jamn deling på kvart av sjikta som har renessansenamn i denne perioden, mot tabell 5-12 som seier at gardmennene har seks prosent renessansenamn og det høgre sjiktet og arbeidarsjiktet har berre éin prosent i den femte perioden. Med denne utrekninga kan vi med andre ord finne ut at det er nesten like mange innanfor kvart av dei tre sjikta som har eit renessansenamn. Funnet om jamn deling av renessansenamna kan seie oss at dei står like sterkt i kvart av sjikta det gjeld. Det same gjeld dei andre periodane, med unntak av husmannsjiktet i den sjette perioden, der årsaka til at prosentsatsen er så høg, nok er at det er så få namneberarar i dette sjiktet denne perioden (totalt fire).

Blant kvinnenamna derimot ser vi at i den sjette perioden er det langt fleire av dei frå høgre sjikt som har valt eit renessansenamn enn det gardmannssjiktet eller arbeidarsjiktet har gjort. Det kan fortelje oss at det var meir populært å velje eit renessansenamn innanfor det høgre sjiktet enn det var i dei to andre sjikta. I den siste perioden skjer det ein snunad: Då er det meir populært innanfor gardmannssjiktet å velje eit renessansenamn og minst populært innanfor det høgre sjiktet.

5.3.3 Kvar renessansenamna kom inn i namnetilfanget, og kvar dei flytta til

I tabellen nedanfor vil eg leggje til renessansenamna i dei sosiale sjikta som dei har kome inn frå og kvar retning dei har flytta etterpå, det vil seie anten opp i sjikt, ned i sjikt eller berre stilt. Den fyrste kolonnen vil vere mannsnamn som kjem inn i høgre sjikt og flyttar seg nedover. Den neste kolonnen vil vere mannsnamn som har kome inn blant (?) gardmennene og flytta nedover derifrå, og etterpå dei som har kome inn blant arbeidarane og flytta nedover. Det finst derimot ei til gruppe, det er dei som har kome inn frå eit sjikt, men i staden for å flytta nedover slik dei fleste andre gjer, har dei flytta oppover i sjikt. Dette skjer frå tre forskjellige sjikt: gardmenn, arbeidarar og ugift/tomt felt. Tabellane tek berre omsyn til den fyrste gongen namna vert flytta i sjikta.

Tabell 5-15 Tabell over korleis dei mannlege renessansenamna flytta seg i sjikta

| Utviklinga til renessansenamna i sjikta, mannsnamn | | | | | | | | |
|--|------------------------|-----------------|----------------|--------------------------------|---------------|---------------|------------------------|----------------|
| Tal | R. namn som står stilt | | | R. namn som flytta opp i sjikt | | | R. namn som flytta ned | |
| | Høgre sjikt | Gardmann | Arbeidar | Gardmann | Arbeidar | Ugift | Høgre sjikt | Gardmann |
| 1 | <i>Egil</i> | <i>Sigmund</i> | <i>Jostein</i> | <i>Sigurd</i> | <i>Alf</i> | <i>Harald</i> | <i>Ingolf</i> | <i>Ingvald</i> |
| 2 | <i>Torstein</i> | <i>Gunvald</i> | <i>Anstein</i> | <i>Olav</i> | <i>Tor</i> | | <i>Leif</i> | <i>Oluf</i> |
| 3 | <i>Fridtjof</i> | <i>Sigbjørn</i> | <i>Randulf</i> | <i>Sverre</i> | <i>Erling</i> | | <i>Odd</i> | <i>Torvald</i> |

| | | | | | | | | |
|---------------|----------|-----------------|-----------------|----------|---------------|----------|----------|-----------------|
| 4 | | <i>Eilev</i> | <i>Brynjulf</i> | | <i>Bjarne</i> | | | <i>Kjetil</i> |
| 5 | | <i>Roald</i> | <i>Reidar</i> | | | | | <i>Arne</i> |
| 6 | | <i>Toralf</i> | <i>Steinar</i> | | | | | <i>Ingvar</i> |
| 7 | | <i>Guttorm</i> | <i>Sigve</i> | | | | | <i>Trygve</i> |
| 8 | | <i>Tormod</i> | <i>Berger</i> | | | | | <i>Ragnvald</i> |
| 9 | | <i>Gudmund</i> | <i>Ove</i> | | | | | <i>Magne</i> |
| 10 | | <i>Salve</i> | <i>Øistein</i> | | | | | <i>Torleif</i> |
| 11 | | <i>Valbjørn</i> | | | | | | <i>Stein</i> |
| 12 | | <i>Torgeir</i> | | | | | | <i>Kåre</i> |
| 13 | | <i>Sigvald</i> | | | | | | <i>Bjørn</i> |
| 14 | | | | | | | | <i>Håkon</i> |
| Totalt | 3 | 13 | 10 | 3 | 4 | 1 | 3 | 14 |

Av dei mannlege renessansenamna ser ein i tabellen ovanfor at det mest vanlege er at namna anten står stilt, eller at dei flytter nedover i sjikt, som vil seie at det er nokon frå eit lågare sjikt som tek namnet i bruk etter dei i dei høgre sjikta. Det er svært få av namna som flyttar opp i sjikt, som til dømes *Olav* som eg nemnde i kapittel 5.3.1. Då kan ein likevel seie at tendensen liknar på det som vart nemnt i kapittel 2.3, det Gulbrand Alhaug skriv om namnedynamikken, som handlar om at dei frå høgre sjikt har ein tendens til å velje nye namn når dei fangar opp at folk frå dei lågare sjikta vel dei same namna som dei (Alhaug, 2021), og Terje Aarset som skriv om korleis det var dei som var opptekne av politiske saker, som til dømes målsaka, venstresaka og folkehøgskuleideane, som var mest sannsynlege til å velje eit renessansenamn (Aarset, 1982, s. 67).

Det var som nemnt fleire namn som flytta ned i sjikt enn som flytta opp i sjikt, men det var òg fleire som kom inn i eit høgre sjikt om ein reknar med gardmannssjiktet. Det var 30 mannsnamn som kom inn i gardmannssjiktet, uavhengig om det flytta ned eller opp, og seks mannsnamn som kom inn i eit høgre sjikt. Sjølv om det var i dei sjikta det var mest vanleg, var det likevel mange som kom inn i arbeidarsjiktet, her kan vi sjå at det er tale om 14 mannsnamn, i tillegg til at det er eitt namn som kom inn i det lågaste sjiktet, ugift/tomt felt. Som eg nemnde i kapittel 5.3.1, var far til han som bar namnet *Harald* som kom inn i det lågaste sjiktet ein handelsmann, og det kan tenkjast at far sin familie har hatt litt å seie når det gjeld dette namnevalet, og iallfall om ein skal gå ut frå det som Kristoffer Kruken seier om at det er faren i familien som har vore den ideologiske namnegjevaren (Kruken, 2020, s. 53). Dette verte uansett spekulasjonar, men det er likevel eit interessant poeng.

Av dei mannsnamna som flyttar ned i sjikt, ser vi at det berre skjer frå eitt av dei to sjikta som eg har valt å rekne for dei høgste – det høgre sjiktet og gardmannssjiktet. Det er tale om heile 17 mannsnamn som har flytta ned, og tre av desse kom frå det høgre sjiktet medan resten kom frå gardmannssjiktet.

På same måte som i tabellen med mannsnamn vil eg setje inn dei renessansenamna blant kvinnenamna som kom inn i høgre sjikt og som flytta seg nedover i den fyrste kolonnen, og dei som kom inn i gardmannssjiktet i den neste. Sidan det ikkje er like mange kvinnelege renessansenamn, er det heller ikkje like mange kategoriar i denne tabellen, då dei to siste kolonnane er renessansenamn som kom frå arbeidarsjiktet og frå ugift/tomt felt og flytta seg oppover i sjikta. Slik ein ser blant mannsnamna er det overvekt i den kategorien der dei kjem inn frå gardmannssjiktet og flytter seg nedover i sjikt.

Tabell 5-16 Tabell over korleis dei kvinnelege renessansenamna flytta seg i sjikta

| Utviklinga til renessansenamna i sjikta, kvinnenamn | | | | | | | | |
|---|------------------------|-----------------|---------------|---------------|------------------------|----------------|------------------------|-----------------|
| Tal | R. namn som står stilt | | | | R. namn som flytta opp | | R. namn som flytta ned | |
| | Høgre sjikt | Gardmann | Arbeidar | Ugift | Gardmann | Arbeidar | Høgre sjikt | Gardmann |
| 1 | <i>Malmfrid</i> | <i>Herborg</i> | <i>Aslaug</i> | <i>Sigvor</i> | <i>Ingebjørg</i> | <i>Målfrid</i> | <i>Gudrun</i> | <i>Signe</i> |
| 2 | <i>Tyra</i> | <i>Torbjør</i> | <i>Ragna</i> | | | <i>Ingrid</i> | <i>Helga</i> | <i>Sigrid</i> |
| 3 | | <i>Eldbjørg</i> | | | | | | <i>Borghild</i> |
| 4 | | <i>Ranveig</i> | | | | | | <i>Randi</i> |
| 5 | | <i>Jofrid</i> | | | | | | <i>Astrid</i> |
| 6 | | <i>Valdis</i> | | | | | | <i>Åsa</i> |
| 7 | | <i>Asgjerd</i> | | | | | | |
| 8 | | <i>Hjørdis</i> | | | | | | |
| 9 | | <i>Gudrid</i> | | | | | | |
| 10 | | <i>Sigrun</i> | | | | | | |
| 11 | | <i>Åsta</i> | | | | | | |
| 12 | | <i>Borgi</i> | | | | | | |
| 13 | | <i>Gerd</i> | | | | | | |
| Totalt | 2 | 13 | 2 | 1 | 1 | 2 | 2 | 6 |

I tabell 5-16 ovanfor ser vi dei same tendensane som vi såg i tabell 5-15, der det er overtal av namn som ikkje bevegar seg ut frå sjiktet dei er i. Forskjellen mellom tabellane ligg i at dei kvinnelege namna ikkje er like mange, og det kan vere noko av årsaka til at kategorien med namn som flytter seg nedover ikkje er like lang som den der dei står stilt. Kategorien der dei flytter seg nedover, er likevel større enn den kategorien der dei flytter opp i sjikt på same måte som i tabell 5-15.

Som nemnt var det fleire som flytta ned i sjikt, åtte namn flytta ned i sjikt, men på same måte som vi kunne sjå blant dei mannlege renessansenamna, var det fleire kvinnenamn som kom inn i gardmannssjiktet enn dei andre sjikta. Totalt var det 20 kvinnelege renessansenamn som kom inn i gardmannssjiktet uavhengig om dei stod stilt, eller om dei gjekk opp eller ned i sjikt etterpå. Det var fire kvinnenamn som kom inn i det høgre sjiktet og fire kvinnenamn som kom inn i arbeidarsjiktet, i tillegg til eitt namn som kom inn i det lågaste sjiktet, ugift/tomt felt. Det var med andre ord ikkje tale om like mange namn som det var blant dei mannlege

renessansenamna, men derimot eit større overtal av dei som kom inn i gardmannssjiktet. Slik vi kunne sjå blant mannsnamna, var det eitt namn som kom inn frå det lågaste sjiktet ugifte/tomt felt – *Sigvor*. Historia til denne jenta er kan hende litt meir komplisert enn for mannsnamnet *Harald*, då ho vart fødd av ei jente som adopterte ho vekk. Eg kan med andre ord ikkje seie eller meine noko om kven som namngav denne jenta, men ho vart ført inn i kyrkjeboka med dei biologiske foreldra sine namn, og adoptivforeldra vart førte inn som ein kommentar under desse. Adoptivforeldra er frå det høgare sjiktet, der far er lærar og kyrkjesongar, og barnet kunne vel like så greitt vore sortert inn i det høgare sjiktet, men for å halde meg til det same mønsteret som eg har følgt kvar gong, vert det sortert som ugift/tomt felt.


Konklusjonen vert då at resultatane mine stemmer bra overeins med teoriane til Alhaug og Aarset for begge kjønn, at dei frå eit lågare sjikt kallar opp barna sine med namn dei finn frå eit høgare sjikt (Alhaug, 2021; Aarset, 1982, s. 67). Det kan hende det er slik Thorsten Andersson seier, at dei ønskjer at barna deira skal ha nokon frå høgare oppe i samfunnet å sjå opp til og «streba» etter (Andersson, 1996, s. 19), eller at det er så enkelt som at dei berre likte namnet. Uansett har dei fleste namna i denne undersøkinga flytta frå eit høgare sjikt, ikkje naudsynleg frå det høgste sjiktet, men likevel frå eit sjikt som er høgare oppe enn det som namnet flytter ned til.

6. Styrketilhøvet mellom kategoriane

For å vise korleis styrketilhøvet var mellom alle namna i kvar periode, må eg vise korleis situasjonen med namnetilfanget var og kor mange namn det var i kvar av kategoriane. Dette vil eg vise med to diagram, der eg har skilt mellom kjønn, kategori og periode. I desse diagramma går det fram kor mange prosent av barna som har fått namn innanfor dei forskjellige kategoriane: *arvenamn*, *lånenamn*, *justerte lånenamn*, *moverte namn*, *kortformnamn*, *nylaga namn* og *renessansenamn*, som eg har presentert i førre kapittel der kvart av namna har vorte kategorisert.

6.1 Mannsnamna

Her vil eg leggje fram korleis utviklinga av mannsnamna er i alle periodane. Det vil verte gått generelt gjennom korleis kvar kategori utviklar seg, og kva endring som skjer i namnetilfanget der dei nordiske namna, særskild renessansenamna, vil vere hovudfokuset.



Figur 6-1 Diagram over utvikling av mannsnamna i alle periodane, i alle kategoriane, vist visuelt. Tala som gjeld for diagrammet kan lesast av i tabell 6-1.

Tabell 6-1 Tabell over utviklinga av mannsnamna i alle periodane, i alle kategoriane, vist i prosent og i heile tal.

| Utvikling av mannsnamn | | | | | | | | | | | | | | |
|------------------------|--------|-----|-------|-----|--------|-----|--------|-----|-------|-----|--------|-----|---------|-----|
| Kategoriane: | Fyrste | | Andre | | Tredje | | Fjerde | | Femte | | Sjette | | Sjuande | |
| Arvenamn | 49% | 71 | 38% | 78 | 39% | 108 | 33% | 93 | 30% | 75 | 19% | 37 | 17% | 44 |
| Lånenamn | 26% | 37 | 39% | 81 | 33% | 91 | 38% | 108 | 42% | 105 | 40% | 78 | 30% | 81 |
| J. l. namn | 26% | 37 | 22% | 46 | 26% | 71 | 25% | 69 | 19% | 46 | 12% | 23 | 10% | 27 |
| M. namn | 0% | 0 | 1% | 1 | 1% | 3 | 2% | 5 | 1% | 2 | 0% | 0 | 2% | 4 |
| K. namn | 0% | 0 | 0% | 0 | 0% | 0 | 0% | 0 | 0% | 0 | 2% | 3 | 1% | 1 |
| N. namn | 0% | 0 | 0% | 0 | 0% | 0 | 0% | 0 | 0% | 0 | 0% | 0 | 2% | 4 |
| R. namn | 0% | 0 | 0% | 0 | 1% | 1 | 2% | 7 | 8% | 20 | 28% | 55 | 39% | 105 |
| A nor. namn | 75% | 108 | 61% | 124 | 66% | 180 | 60% | 169 | 57% | 141 | 59% | 115 | 68% | 180 |
| A. lånenamn | 25% | 37 | 39% | 82 | 34% | 94 | 40% | 113 | 43% | 107 | 41% | 81 | 32% | 86 |
| Totalt berar | 145 | | 206 | | 274 | | 282 | | 248 | | 196 | | 266 | |


Totalt er det 1617 mannlege namneberarar i Time kommune i dei periodane som eg har valt, jf. tabell 6.1, som er delt litt forskjellig mellom periodane. Blant desse kan ein sjå av diagrammet (figur 6-1) og tabellen (tabell 6-1) ovanfor at arvenamna søkk frå fyrste periode av, frå 49 prosent ned til 38 prosent mellom fyrste og andre periode, og fortsett fram til siste periode der det berre er 17 prosent. Lånenamna veks fram til femte periode, då dei når ein topp på 42 prosent, før dei søkk ned til 30 prosent i siste periode. Dei justerte lånenamna står nokså stabilt fram til dei tre siste periodane, då dei søkk ned til fyrst 19 prosent i femte periode, 12 prosent i den sjette og til 10 prosent i den siste perioden. Dei moverte namna og kortformnamna står ikkje sterkt blant mannsnamna, noko forskarane òg har nemnt (sjå kapittel 3.2.2 og 3.2.3), då det alltid har vore meir vanleg med moverte kvinnenamn enn med moverte mannsnamn. I Time kommune er det mellom null og to prosent i kvar periode som har slike namn, kortformnamna starta ikkje å kome i bruk før i den sjette perioden, medan dei moverte namna kom i andre periode. Nylaga mannsnamn vert ikkje tekne i bruk før i siste periode, og dei er ikkje særskilt utbreidde då heller, med berre to prosent. Renessansenamna byrjar å spire, slik Kristoffer Kruken nemnde i artikkelen sin om lærarar som pionerar, alt i tredje periode, men det er ikkje tale om ein namnerenessanse før den femte perioden, som nemnt i kapittel 5.3.1. Namnet det er tale om, er namnet *Ingvald* som kjem frå garden Garborg. Det er ikkje garden til Arne Garborg, sjølv om vi kan finne han i same periode, døypt *Aadne Garborg*.⁹ I den fjerde perioden ser vi at renessansenamna stig til to prosent då med sju namneberarar. I den femte perioden er det åtte prosent som har eit renessansenamn med 20 namneberarar. Frå den sjette til den sjuande perioden er det ein dobling i talet på namneberarar, der det er 55 namneberarar i den sjette perioden mot 105 namneberarar i den sjuande perioden. Totalt er det 266 potensielle mannlege namneberarar den siste perioden. Desse tala syner ein kraftig vekst når namnerenessansen får skikkeleg tak, når det er 105 namneberarar av 266 potensielle namneberarar som har eit renessansenamn. Tabellen ovanfor syner dermed eit godt bilete i korleis den nordiske namnerenessansen kjem inn blant mannsnamna.

Dessutan i tabell 6-1 har eg valt å leggje til to kategoriar som ikkje syner i diagrammet ovanfor, som heiter alle nordiske namn og alle lånenamn. Kategorien med dei nordiske namna vil inkludere arvenamna, renessansenamna, dei justerte lånenamna og dei nylaga namn med nordiske namneledd, jf. klassifiseringa i kapittel 3.1, og alle lånenamna inkluderer lånenamna,

⁹ Far til *Arne* står oppført i kyrkjeboka som *Even*, medan namnet mest sannsynleg har vorte endra seinare til *Eivind*.

dei moverte namna og kortformnamna, jf. klassifiseringa i kapittel 3.2. Grunnen til at eg har valt å gjere dette, er at eg ville sjå kor sterkt alle dei nordiske namna står i høve til alle dei andre namna som vart bruka. Blant mannsnamna kan ein lese av i tabellen at styrketilhøvet er nokså jamt i alle periodane, og endringa frå fyrste periode til den siste er frå 75 prosent nordiske namn og 25 prosent lånenamn til 68 prosent nordiske namn og 32 prosent lånenamn, som talar for at det som Gunnstein Akselberg nemner om at dei lokale og familiære tradisjonstilhøva kan vere sterke i eit område som dette (Akselberg, 2005, s. 103), men det er likevel så stor utskifting av namneinventaret at det er meir tale om eit brot her enn kontinuitet, særskild etter 1850. Det er tale om ein nedgang på sju prosentpoeng for dei nordiske namna og ein oppgang på sju prosentpoeng lånenamn, men om ein bruker den lågaste perioden for dei nordiske namna, som her er den femte perioden (1881-1885), har det gått frå 57 prosent nordiske namn og 43 prosent lånenamn til 68 prosent nordiske namn og 32 prosent lånenamn i den sjuande perioden (1911-1915). Då får ein eit betre inntrykk av den utviklinga som trass i alt har vore, med både oppgang og nedgang i tala. Sjølv om det er veldig jamt i alle periodane, er det likevel ei merkande endring som skjer frå periode til periode, noko som talar for at det er ei endring i namngjevinga.


I figur 6-2 nedanfor syner det betre kor jamt det er tale om at namnekategoriane var i høve til kvarandre, slik eg forklarte i førre avsnitt. Dei to strekane som svarar til alle lånenamna og alle dei nordiske namna går nesten parallelt med kvarandre gjennom alle periodane. Men det vert også meir visuelt kor mykje det er tale om at lånenamna veks gjennom alle periodane før dei søkk i den siste perioden, og ein kan også sjå eit lite hint av at dei nordiske namna heile tida søkk litt før dei stig heilt på slutten. Likevel kan ein sjå at dei nordiske namna ikkje klarar å nå heilt opp til det nivået dei var på i den fyrste perioden, medan lånenamna faktisk er i fleirtal over dei nordiske arvenamna, jf. tabell 6-1 for den siste perioden. I den fyrste perioden var arvenamna langt fleire enn lånenamna, med 67 namneberarar med arvenamn mot 37 namneberarar med lånenamn. I den siste perioden er det 81 namneberarar med lånenamn mot 44 namneberarar med arvenamn. Arvenamna aleine er derfor ikkje nok til å vere dominerande nordiske namn i den siste perioden, og derfor hjelper det at det er 105 namneberarar med renessansenamn i den siste perioden. Lånenamna får som nemnt ikkje mykje støtte frå dei moverte namna og kortformnamna, då det er fire namneberarar med eit movert namn og éin namneberarar med eit kortformnamn.



Figur 6-2 Nordiske namn (med arvenamn, renessansenamn, dei justerte lånenamna og nylaga namn med nordiske namneledd) mot lånenamn (med lånenamn, moverte namn og kortformnamn), mannsnamn. Tala bak prosentane vil vere dei same som kan lesast av i tabell 6-1.

6.2 Kvinnenamna

Her vil eg leggje fram korleis utviklinga av kvinnenamna er i alle periodane, slik det vart gjort med mannsnamna. Eg vil gå generelt gjennom korleis kvar kategori utviklar seg, og kva endring som skjer i namnetilfanget der dei nordiske namna, særskilt renessansenamna, vil vere hovudfokuset.



Figur 6-3 Diagram over utvikling av kvinnenamn, i alle periodane, i alle kategoriane, vist visuelt. Tala som gjeld for diagrammet her kan lesast av i tabell 6-2.

Tabell 6-2 Utviklinga av kvinnenamna i alle periodane, i alle kategoriane, vist i prosent og heile tal.

| Utvikling av kvinnenamn | | | | | | | | | | | | | | |
|-------------------------|--------|----|-------|----|--------|----|--------|----|-------|----|--------|----|---------|----|
| Kategoriane: | Fyrste | | Andre | | Tredje | | Fjerde | | Femte | | Sjette | | Sjuande | |
| Arvenamn | 24% | 30 | 16% | 26 | 15% | 39 | 13% | 36 | 7% | 16 | 6% | 10 | 5% | 12 |
| Lånenamn | 29% | 37 | 30% | 49 | 26% | 68 | 29% | 81 | 27% | 64 | 22% | 38 | 28% | 61 |
| J. l. namn | 37% | 47 | 31% | 50 | 25% | 65 | 23% | 65 | 22% | 51 | 24% | 40 | 13% | 29 |
| M. namn | 10% | 12 | 19% | 31 | 24% | 62 | 26% | 71 | 24% | 57 | 16% | 27 | 11% | 25 |

| | | | | | | | | | | | | | | |
|---------------------|-----|----|-----|----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|----|-----|-----|
| K. namn | 0% | 0 | 5% | 8 | 10% | 26 | 9% | 24 | 19% | 44 | 20% | 34 | 9% | 20 |
| N. namn | 0% | 0 | 0% | 0 | 0% | 0 | 0% | 0 | 0% | 0 | 0% | 0 | 1% | 3 |
| R. namn | 0% | 0 | 0% | 0 | 0% | 0 | 0% | 0 | 1% | 2 | 10% | 17 | 32% | 69 |
| A nor. namn | 61% | 77 | 46% | 76 | 40% | 104 | 36% | 101 | 30% | 69 | 41% | 67 | 52% | 113 |
| A. l. namn | 39% | 49 | 53% | 88 | 60% | 156 | 63% | 176 | 70% | 165 | 59% | 99 | 48% | 106 |
| Totalt berar | 126 | | 164 | | 260 | | 277 | | 234 | | 166 | | 219 | |

Totalt er det 1443 namneberarar blant kvinnenamna i Time kommune frå dei periodane eg har undersøkt, jf. tabell 6-2. Desse vil vere med på å fortelje korleis utviklinga i kategoriene har sett ut blant kvinnenamna, slik eg har gjort for mannsnamna i 6.1.1.


Blant kvinnenamna er det ikkje like mange arvenamn i utgangspunktet som blant mannsnamna, men det er like fullt den same trenden som hender her òg: Arvenamna søkk frå 24 prosent i fyrste periode til berre 5 prosent i den siste perioden. Lånenamna, derimot, har ein litt svingande trend, og i motsetnad til blant mannsnamna står lånenamna blant kvinnenamna meir stabilt og endar på kring same utgangspunkt som i fyrste periode, frå 29 prosent i den fyrste perioden til 28 prosent i den siste perioden. Dei justerte lånenamna står noko sterkare blant kvinnenamna enn blant mannsnamna, her startar dei på 37 prosent, mot 28 prosent hjå mannsnamna. Men som vi kan sjå i det visuelle diagrammet (figur 6-3), er dette ein søkkande kategori slik som arvenamna. Dei moverte namna er som venta ein mykje større kategori blant kvinnenamna og har ein litt annan trend enn lånenamna, der dei veks fram til den fjerde perioden, for så å søkke litt i den femte, før dei dalar ned i dei to siste periodane. Dei går frå 10 prosent i fyrste periode, til 19 prosent i andre, til dei når toppen i fjerde periode med 26 prosent og søkk heilt ned til 11 prosent i siste periode. Det kan hende det er atterhenget av trenden med dei moverte namna frå 1700-talet vi kan sjå her, sjå kapittel 3.2.2, som kanskje har kome inn litt seinare fordi Time er som nemnt ein rural kommune. Vi kan sjå nesten ein liknande tendens blant kortformnamna, dei startar fyrst i andre periode med 5 prosent, før dei stig frå 10 prosent i tredje periode til 20 prosent i den sjette perioden, før dei søkk attende til 9 prosent i den siste perioden, jf. tabell 6-2. Dette er ein nedgang på kring 50 prosent frå den sjette til den sjuande perioden, som talar for at dei ikkje er like populære som dei kanskje var tidlegare. Vi veit frå tidlegare kapittel at desse namna vil verte populære i ei seinare tid etter 1900, særskilt blant mannsnamna, men no i namnerenessansetida må dei nok vike for renessansenamna, særskilt i den siste perioden.

Dei nylaga kvinnenamna følgjer den same trenden som dei nylaga mannsnamna, der dei ikkje kjem inn før i den siste perioden. Det er litt færre nylaga kvinnenamn enn mannsnamn i Time, og det er tale om svært få namn i utgangspunktet, berre éin prosent av alle dei 219 kvinnelege

namneberarane har eit nylaga namn i den siste perioden. Der som ein tidleg (i den tredje perioden) kan sjå ei spire av namnerenessansen blant mannsnamna, er det lite av dette blant kvinnenamna. Her byrjar dei ikkje å kome før i femte periode, og kvinnenamna byrjar med to renessansenamn: *Signe* og *Åsta*. I den sjette perioden stig det frå éin prosent til 9 prosent og 15 namneberarar med ni unike namn. I den siste perioden stig det endå meir, til 27 prosent, 62 namneberarar og 22 unike namn. Dette syner ein kraftig vekst likeins som blant mannsnamna, men fordi dei byrja seinare, er ikkje talet i den siste perioden like høgt som blant mannsnamna.

Dei nylaga namna med nordiske namneledd er ein sær sars liten kategori, og det finst berre døme på slike namn i den siste perioden, då dei utgjer berre to prosent hjå begge kjønn. Årsaka til at eg har valt å setje denne kategorien som ein eigen kategori, er fordi han spelar ei viktig rolle for å skape unike namn, og dei nylaga namna utgjer slik ein liten del av dei nye namna som kjem inn i namnetilfanget. Dei nylaga namna er med på å auke valfridomen av særskilt kvinnenamna, men dei aukar òg talet på dei unike namna som hjelper namneberaren med å skilje seg ut som individ med ein eigen identitet ifølgje Eli Fure, som samanlikna namn med klesdrakt som ein pyntar seg med (Fure, 1990, s. 53). Ein kan kanskje seie det same om renessansenamna, bortsett frå at dei kjem noko tidlegare, og vi kan følgje utviklinga til denne kategorien i nokre periodar.

Slik eg gjorde med mannsnamna i tabell 6-1, har eg valt å gjere det same blant kvinnenamna i tabell 6-2, der eg slår saman alle dei nordiske namna og alle lånenamna. Det vil vere dei same kategoriane som er føydde saman: nordiske namn inkluderer arvenamn, renessansenamn, justerte lånenamn og nylaga namn med nordiske namneledd, og lånenamna inkluderer lånenamn, moverte namn og kortformnamn. Frå diagrammet om mannsnamna såg vi ein tendens til at dei var jamt spreidde i alle periodane, sjå figur 6-2. I diagrammet til kvinnenamna kan det sjå litt meir skiftande ut, slik det også gjer i tabellen, sjå tabell 6-2.



Figur 6-4 Nordiske namn (med arvenamn, renessansenamn, dei justerte lånenamna og nylaga namn med nordiske namneledd) mot lånenamn (med lånenamn, moverte namn og kortformnamn), kvinnenamn. Tala som er presentert her er dei same som kan lesast av i tabell 6-2.

Slik eg skreiv i førre avsnitt, viser desse diagramma, figur 6-2 og 6-4, betre korleis namnekategoriene stod i høve til kvarandre. Mannsnamna har to nesten parallelle strekar som ikkje kryssar kvarandre, medan diagrammet for kvinnenamna liknar på ein fisk der kategoriene kryssar kvarandre i den andre perioden. Dette kan fortelje oss at lånenamna fekk ein fornya styrke frå starten av 1800-talet, som aukar fram til femte periode når dei når ein topp på 70 prosent av alle namna. Etter dette søkk dei med 22 prosent fram til siste periode, når dei endar på 48 prosent. Dei nordiske namna har sin topp den fyrste perioden, med 61 prosent og har etter det ein søkkande trend heilt ned til 30 prosent i den femte perioden. Etter dette vert det veldig synleg blant kvinnenamna at den nordiske namnerenessansen kjem til Time, fordi som eg fann tidlegare, kom dei fyrste renessansenamna i bruk blant kvinnenamna i denne perioden, sjå tabell 5-14, og dei berre aukar i kvantum fram til siste periode. Den siste perioden går dei forbi lånenamna att, og landar på 52 prosent av heile namnetilfanget. Derimot søkk arvenamna i bruk, frå 24 prosent i den fyrste perioden til berre 5 prosent i den siste. Den same tendensen kunne vi sjå blant mannsnamna òg, og det er derfor ein trend som er gjennomgåande uavhengig av kjønn. Arvenamna åleine kan derfor ikkje vere med på å løfte opp dei nordiske namna, til sjuande og sist er det renessansenamna som lyftar opp talet på nordiske namn i den siste perioden, som er heile 32 prosent av heile namnetilfanget blant kvinnenamna, som igjen er kring éin av tre namneberarar. Med god hjelp av dei justerte lånenamna og dei nylaga namna med nordiske namneledd aukar dei nordiske namna slik at ein kanskje kan tale om ein nordisk trend utanom den nordiske namnerenessansen også, slik Benedicta Windt-Val skriv (Windt-Val, 2011, s. 111), og som eg kom inn på i kapittel 3.1.2. Men til og med dei justerte lånenamna søkk frå den sjette til den sjuande perioden, frå 24 til

13 prosent, noko som talar for at det er renessansenamna som er berebjelken til kategorien med alle dei nordiske namna i den sjuande perioden. Som ein kan sjå av figur 6-2 og 6-4, er det forskjellig styrketilhøve frå mannsnamna til kvinnenamna, og den største forskjellen mellom dei er kanskje måten dei kvinnelege namna endrar styrketilhøvet mellom dei nordiske namna og lånenamna på. Der har dei mannlege namna parallelle liner mellom dei, der dei nordiske namna alltid ligg øvst, medan dei kvinnelege namna skiftar to gonger frå nordisk leiing til lånenamn øvst og attende til nordisk leiing. Som nemnt tidlegare i dette kapittelet, kan det ha noko med moten med dei moverte namna å gjere, men dette verte berre spekulasjonar.

Dei kvinnelege renessansenamna har ein tendens som liknar på situasjonen blant mannsnamna mellom den fjerde og den sjette perioden, jf. tabell 6-1 og 6-2, som talar for at den kvinnelege namnerenessansen er litt seinare ute enn den mannlege. Det kan jo stemme overeins med det Gulbrand Alhaug seier om at det var fleire mannlege renessansenamn enn kvinnelege (Alhaug, 2019).

6.3 Unike namn

I dette delkapittelet vil eg setje alle dei unike namna inn i tabellar, då det er interessant å sjå kor mange unike namn det var i kvar kategori i forhold til kor mange namneberarar det var i kvar kategori i kvar periode. Dette vil ikkje take omsyn til at nokre namn kan ha ti namneberarar medan andre namn kanskje berre har éin eller to namneberarar i same namnekategori, men det vil verte rekna eit gjennomsnittleg tal for å få eit jamnare bilete over kor mange namneberarar som hadde det same namnet i kvar kategori. I dei større namnekategoriene vil dette gje eit nærare svar enn til dømes dei små namnekategoriene som dei nylaga namna, då dei har fleire namn som har fleire namneberarar, men og fleire namn som berre éin namneberar har. Var det slik at det var få namn med fleire namneberarar på kvart namn? Eller fleire unike namn med færre namneberarar på kvart namn? I tabellane vil det derfor verte presentert kor mange unike namn det var i kvar kategori, samstundes vil det verte presentert kor mange namneberarar det var for kvar av dei enkelte kategoriene til høgre for tala med unike namn. For at det skal vere lettare å lese av dei unike namna, vil desse vere med utheva skrift.

Dei mannlege unike namna:

Tabell 6-3 Tabell over utviklinga av unike mannsnamn i alle periodane, med tal på kor mange mannlege namneberarar det var i kvar periode til høyre i kvar kolonne. Alle dei nordiske namna er inkludert arvenamn, justerte lånenamn, renessansenamn og nylaga namn med nordiske namneledd, medan lånenamna inkluderer lånenamn, moverte namn og kortformnamn.

| Unike mannsnamn | | | | | | | | | | | | | | |
|-----------------|-----------|------------|-----------|------------|-----------|------------|-----------|------------|-----------|------------|-----------|------------|------------|------------|
| Kategori: | Fyrste | | Andre | | Tredje | | Fjerde | | Femte | | Sjette | | Sjuande | |
| Arvenamn | 24 | 67 | 20 | 78 | 25 | 108 | 22 | 92 | 23 | 74 | 18 | 37 | 19 | 44 |
| R. namn | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 4 | 7 | 8 | 20 | 25 | 55 | 43 | 105 |
| J. l. namn | 12 | 41 | 9 | 46 | 11 | 71 | 9 | 70 | 13 | 47 | 9 | 23 | 9 | 27 |
| Lånenamn | 22 | 37 | 29 | 81 | 46 | 91 | 46 | 108 | 40 | 105 | 39 | 78 | 47 | 81 |
| M. namn | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 | 3 | 3 | 5 | 2 | 2 | 0 | 0 | 4 | 4 |
| K. namn | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 | 3 | 1 | 1 |
| Alle n. namn | 37 | 108 | 29 | 124 | 37 | 180 | 35 | 169 | 44 | 141 | 52 | 115 | 75 | 180 |
| Alle l. namn | 22 | 37 | 30 | 82 | 47 | 94 | 49 | 113 | 42 | 107 | 41 | 81 | 52 | 86 |
| Totalt | 58 | 145 | 59 | 206 | 84 | 274 | 84 | 282 | 86 | 248 | 93 | 196 | 127 | 266 |

Dei kvinnelege unike namna:

Tabell 6-4 Tabell over utviklinga over unike kvinnenamn i alle periodar, med tal på kor mange kvinnelege namneberarar det var i kvar periode til høyre i kvar kolonne. Alle dei nordiske namna er inkludert arvenamn, justerte lånenamn, renessansenamn og nylaga namn medan lånenamna inkluderer lånenamn, moverte namn og kortformnamn.

| Unike kvinnenamn | | | | | | | | | | | | | | |
|------------------|-----------|------------|-----------|------------|-----------|------------|-----------|------------|-----------|------------|-----------|------------|------------|------------|
| Kategori: | Fyrste | | Andre | | Tredje | | Fjerde | | Femte | | Sjette | | Sjuande | |
| Arvenamn | 11 | 30 | 7 | 26 | 4 | 39 | 5 | 36 | 4 | 16 | 3 | 10 | 5 | 12 |
| R. namn | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 | 2 | 10 | 17 | 27 | 69 |
| J. l. namn | 15 | 47 | 9 | 50 | 7 | 65 | 10 | 65 | 8 | 51 | 11 | 40 | 15 | 29 |
| Lånenamn | 9 | 37 | 10 | 49 | 14 | 68 | 9 | 81 | 13 | 64 | 13 | 38 | 20 | 61 |
| M. namn | 5 | 12 | 10 | 31 | 18 | 62 | 21 | 71 | 17 | 57 | 19 | 27 | 20 | 25 |
| K. namn | 0 | 0 | 4 | 8 | 11 | 26 | 13 | 24 | 18 | 44 | 18 | 34 | 13 | 20 |
| Alle n. namn | 26 | 77 | 16 | 76 | 11 | 104 | 15 | 101 | 14 | 69 | 23 | 67 | 49 | 113 |
| Alle l. namn | 14 | 49 | 24 | 88 | 43 | 156 | 43 | 176 | 48 | 165 | 51 | 99 | 53 | 106 |
| Totalt | 40 | 126 | 40 | 164 | 54 | 260 | 58 | 277 | 62 | 234 | 74 | 166 | 102 | 219 |

Tabellane ovanfor (tabell 6-3 og 6-4) viser korleis dei unike nordiske namna har utvikla seg, sett vekk frå dei nylaga namna, då det er tale om så få namn, men òg dei to store hovudkategoriane og korleis dei har utvikla seg over alle periodane, som vil seie alle lånenamna og alle dei nordiske namna. Eg har valt å plassere dei justerte lånenamna og dei nylaga namna med nordiske namneledd saman med dei nordiske namna fordi desse vart oppfatta som nordiske namn jf. kapittel 3.1.4. Når ein får tala presentert på ein slik måte, vil ein kunne lese av tabellane korleis dei unike namna utvikla seg, og om det var berre nokre få namn som vart bruka av fleire namneberarar, eller om det var fleire unike namn på veldig få namneberarar.

Om ein ser på tabell 6-3 og 6-4 ovanfor, vil ein finne at det var langt færre unike kvinnenamn enn unike mannsnamn, som vil seie at det var fleire som bar same kvinnelege namn enn same

mannlege namn. Dei moverte namna og kortformnamna har nok vore med på å skape ein mykje større variasjon innanfor det kvinnelege namnetilfanget, medan lånenamna har gjort det same for dei mannlege namna, jf. kapittel 5.1.2.1. Dei unike namna kan derimot vise oss at dei unike arvenamna har vore veldig stabile blant mannsnamna, medan dei nesten forsvinn ut frå det kvinnelege namnetilfanget. I fyrste periode er det 24 unike mannlege arvenamn, og i siste periode er det 19, medan blant dei kvinnelege arvenamna var det elleve unike arvenamn i fyrste periode og berre fem unike i den siste. Samstundes med at arvenamna forsvinn frå det kvinnelege namnetilfanget, aukar lånenamna i tal frå fyrste periode av. Det er 14 unike kvinnelege lånenamn i den fyrste perioden og 53 unike kvinnelege lånenamn i den siste perioden, som talar for ei stor endring i det kvinnelege namnetilfanget. Inn i den sjette perioden er talet på unike arvenamn på sitt lågaste, både blant dei kvinnelege og blant dei mannlege, men det er i den perioden det skjer ein veldig auke i talet på unike mannlege renessansenamn og ein liten auke i kvinnelege renessansenamn. Om ein ser på dei nordiske namna som éin kategori, vil ein derimot sjå at dei nordiske kvinnelege namna aukar veldig dei òg, men framleis vil dei berre vere kring halvparten av talet på dei mannlege nordiske namna.

Noko anna ein legg merke til er at dei kvinnelege namna er færre i tal på unike namn, som nemnt i førre avsnitt, men dei er også færre i tal på namneberarar. Mannsnamna utviklar seg nokså jamt i dei unike namna slik som dei utvikla seg jamt mellom kor mange namneberarar det var i kvar kategori, jf. kapittel 6.1.2, medan dei unike kvinnenamna har eit litt anna mønster i utviklinga, litt på same måte som i kapittel 6.1.2. Det som er likt mellom kjønna, er utgangspunktet, der dei startar med eit stort overtal med nordiske namn, av tabellane 6-1 og 6-2 ser ein at det er kring 75 prosent nordiske mannsnamn og 61 prosent nordiske kvinnenamn og 25 prosent mannlege lånenamn og 39 prosent kvinnelege lånenamn. Endringa skjer alt etter fyrste periode, då lånenamna får inn fleire unike namn enn dei nordiske blant kvinnenamna, frå fyrste periode har dei unike lånenamna 14 unike namn, medan i den andre har dei 24 unike namn. Dei nordiske namna startar med eit utgangspunkt på 26 unike namn, men hamnar på 16 unike namn i den andre perioden. Det har med andre ord forsvunne ein del nordiske namn ut frå det kvinnelege namnetilfanget. Til forskjell frå kor mange namneberarar det er blant kvinnenamn og mannsnamn, skjer det ein konvergering blant dei unike namna frå fyrste til andre periode mellom kjønna. I den fyrste perioden har mannsnamna 37 unike nordiske namn, medan dei berre har 29 unike nordiske namn i den andre perioden. Av unike lånenamn har dei 22 unike namn i den fyrste perioden, medan dei i den andre perioden har 30 unike lånenamn. Det vil seie at dei har fått inn fleire unike lånenamn, som svarar til utviklinga

i kor mange prosent lånenamn dei har frå fyrste til andre periode, jf. kapittel 6.1.2. Det same kan ein seie om kvinnenamna, i det dei hadde 39 prosent lånenamn i den fyrste perioden og 53 prosent i den andre perioden.

Om ein flyttar blikket mot dei siste periodane, vil ein sjå at tala på dei unike namna har auka ein del, dei mannlege lånenamna er 52, medan dei nordiske er 75, og blant kvinnenamna er det 53 unike lånenamn og 49 unike nordiske namn. I den siste perioden er det derfor ein liten skeivskap i kor mange unike nordiske namn det er blant kvinnenamna mot kor mange kvinnelege namneberarar som har eit nordisk namn, då dei er over 50 prosent, medan det er litt under halvparten av dei unike namna som er nordiske. Det vil med andre ord seie at det er fleire namneberarar som har same kvinnelege nordiske namn enn det er namneberarar som ber det same lånenamnet. Dei mannlege namna har eit motsett bilete då dei har 75 unike nordiske namn og 52 unike lånenamn, som svarar greitt til korleis fordelinga var av namneberarar innanfor kvar kategori, 68 prosent nordiske namn mot 32 prosent lånenamn, jf. kapittel 6.1.2. Dette vil svare til det Terje Aarset og Ivar Aasen skreiv om, at det er færre valmoglegheiter blant kvinnenamna enn det er blant mannsnamna, jf. kapittel 3.1.3 (Aarset, 1982, s. 80; Aasen, 1878, s. 56).

Frå tabellane ovanfor (tabell 6-3 og tabell 6-4) ser ein at dei unike arvenamna står litt sterkare blant mannsnamna, men er likevel eit fast inventar hjå begge kjønn. Det kan sjølvsagt grunne seg i ein sterk tradisjon i namngjeving frå gamalt av, slik Ole-Jørgen Johannessen seier, men det kan òg vere at dei gav desse namna fordi dei er ein del av den andre renessansen som Benedicta Windt-Val skriv om, som er ein renessanse parallelt med den nordiske namnerenessansen, sjå kapittel 3.1.2 (Johannessen, 2004, s. 13; Windt-Val, 2011, s. 111).

Som nemnt er dei unike mannlege arvenamna nesten dobbelt så mange som dei unike kvinnelege arvenamna, og i den siste perioden er det tre gonger så mange unike mannlege arvenamn som kvinnelege. Men om ein ser på det totale biletet av nordiske namn, ligg dei ikkje særskilt langt borte frå kvarandre i dei to nemnde periodane, unntaket her vil vere dei midtre periodane der dei kvinnelege nordiske namna står nokså svakt i høve til lånenamna. Om ein tenkjer seg at dei justerte lånenamna er som eit «arvenamn» for namngjevarane kring denne tida, vil det gje meining det som Windt-Val seier om utviklinga av dei nordiske namna (sjå kapittel 3.1.2). Ifølgje tabell 6-2 søkk dei kvinnelege justerte lånenamna frå 37 prosent i den fyrste perioden til 25 prosent i den tredje perioden. Etter det søkk dei jamt og trutt, til den siste perioden der det berre er 13 prosent att. Dei unike namna var derimot litt varierende, då

dei ligg mellom sju og femten unike namn, men det kan likevel seie oss at når prosentane søkk, vert det færre namneberarar på kvart unike namn. Det same biletet ser vi blant dei mannlege namneberarane i kategorien justerte lånenamn, jf. tabell 6-1, dei startar med 28 prosent i den fyrste perioden og endar opp med 10 prosent i den siste perioden. Der som dei unike kvinnelege justerte lånenamna var litt varierende, er dei mannlege nokså stabile, då dei ligg mellom ni og tretten unike namn. I tabellen ovanfor ser ein at det er langt fleire unike justerte lånenamn blant dei kvinnelege namna enn det var unike justerte lånenamn blant mannsnamna i den fyrste perioden, jf. tabell 6-3 og 6-4. Men dette er den einaste kategorien der det varierer mellom kva kjønn som har flest unike namn frå ein periode til ein annan, om ein ikkje reknar med kategorien som inkluderer alle lånenamna. I den tredje perioden, til dømes, er det elleve unike mannlege justerte lånenamn og sju unike kvinnelege, medan i den fjerde perioden har dei mannlege justerte lånenamna ni unike namn, medan dei kvinnelege har ti, før dei i den femte perioden igjen byter plass ved at dei mannlege har tretten og dei kvinnelege har åtte, jf. tabell 6-3 og 6-4. Om ein deler talet på namneberarar på dei unike namna, finn vi at talet på kor mange namneberarar det er per unike namn også varierer samstundes med skiftinga i kva kjønn som har flest unike namn innanfor dei justerte lånenamna. Det er eit interessant funn i seg sjølv, då det eigentleg er fleire unike mannlege namn i namnetilfanget totalt sett i kvar einaste periode.

Eit anna tal som er interessant å undersøkje i dette delkapittelet, er tala på dei unike renessansenamna. Blant mannsnamna utviklar dei seg frå eitt namn i den tredje perioden til 43 unike namn i den siste perioden, medan dei kvinnelege startar med to unike namn i den femte perioden og landar på 27 unike renessansenamn den siste perioden. Det kan sjå ut som dei kvinnelege renessansenamna ligg parallelt med korleis utviklinga til mannsnamna var mellom den fjerde og den sjette perioden, som eg nemnde sist i kapittel 6.1.2, og jf. kapittel 3.1.2, der eg nemnde forklaringa på at det var fleire unike mannsnamn fordi det rett og slett var fleire maskuline namn i blant anna litteraturen, som var ein stad der folk lærte om namna (Alhaug, 2019). Dessutan veit vi frå tabell 6-1 at dei mannlege arvenamna var søkkande i prosent, men dei var nokså stabile frå andre til fjerde periode, både i prosent og unike namn, som kan støtte argumentet til Windt-Val til ein viss grad, som talar om ein periode der dei nordiske namna var ei motesak, parallelt med den nordiske namnerenessansen. Dei kvinnelege arvenamna er ikkje særleg utbreidde. Med 16 til 13 prosent frå andre til fjerde periode, jf. tabell 6-2, og frå sju til fem unike namn i same tidsrom, er dei ikkje særleg talrike. Samstundes er dei jamt over stabile, også når ein reknar med alle dei nordiske namna som inkluderer dei justerte

lånenamna, og ein kan kanskje tenkje seg at dei nordiske namna til ein viss grad var viktige for folk i Time, sjølv om dei ikkje vert rekna som nordiske av namneforskarar. Dessutan vaks dei veldig i dei to siste periodane, som seier oss at den nordiske namnerenessansen er godt i gang blant kvinnenamna då.

Utviklinga som skjer vidare fram mot og i den nordiske namnerenessansen blant mannsnamna, følgjer den same konvergenssen som tidlegare, der styrketilhøva ligg kring 60 prosent nordiske namn og 40 prosent lånenamn heilt fram til den sjuande perioden, der styrketilhøvet er 68 prosent nordiske namn og 32 prosent lånenamn. Endringa som skjer blant mannsnamna, ligg i talet på kvart av dei unike namna der dei i femte periode endrar styrketilhøvet frå at lånenamna har 49 unike lånenamn og dei nordiske namna har 35 unike i den fjerde perioden, til at det er 42 unike lånenamn og 44 unike nordiske namn i den femte perioden. Frå den sjette perioden går dei nordiske namna forbi med heile 52 unike nordiske namn, medan lånenamna har 41 unike namn. Stigninga i dei nordiske namna tyder på ei endring i namnetilfanget, der det kjem inn nye namn og dermed aukar talet på unike namn. Til sist i den sjuande perioden har det mannlege namnetilfanget heile 75 unike nordiske namn og 52 unike lånenamn.

Blant kvinnenamna skjer det ei litt anna form for endring, der lånenamna i tredje periode tek leiinga med 60 prosent, mot dei nordiske namna som har 40 prosent, jf. tabell 6-2. Det same biletet held fram i fjerde periode, med ein liten auke, medan i femte periode aukar det endå meir då lånenamna har heile 70 prosent av namnetilfanget mot dei nordiske namna som berre har 30 prosent av namnetilfanget. Blant dei unike namna kan ein sjå nesten det same, jf. tabell 6-4, der det er mellom 43 og 48 unike lånenamn frå den tredje til den femte perioden, og mellom elleve og femten unike nordiske namn. I den sjette og sjuande perioden skjer det ein auke i dei unike nordiske namna: Det går frå 23 unike nordiske namn i den sjette perioden til 49 unike nordiske namn i den sjuande perioden, mot 51 unike lånenamn i den sjette perioden og 53 i den sjuande. Som vi kunne sjå i det førre kapittelet, gjekk dei nordiske namna forbi lånenamna i kor mange namneberarar dei hadde, men dei er som nemnt her i mindretal under dei unike lånenamna. Det kan kanskje hende dei tek dei att og går forbi lånenamna i ein seinare periode som ligg utanfor denne oppgåva.

Når ein undersøker korleis renessansenamna står i denne utviklinga, vil ein fyrst sjå frå den spede byrjinga, særskilt hjå mannsnamna med éin prosent i tredje periode, to prosent i den fjerde perioden og åtte prosent i den femte perioden før det tek av i den sjette perioden med

over ein fjerdedel av alle namna, eller 28 prosent, og nesten 40 prosent i den sjuande perioden blant mannsnamna, jf. tabell 6-1. Blant kvinnenamna ser ein at det er ein liknande start, berre litt seinare, der dei i femte periode startar med éin prosent i den tredje perioden og ti prosent i den sjette perioden, der begge delar er liknande tendensen vi kunne sjå blant mannsnamna, og så skyt dei litt fart i den sjuande perioden med 32 prosent, jf. tabell 6-2, som var liknande tendensen blant mannsnamna i den sjette perioden. Ein kan derfor kanskje seie at kvinnenamna ligg kring ti år bak mannsnamna med å take inn nye renessansenamn.

Dei unike renessansenamna følgjer omtrent den same konvergensensom talet på namneberarar, der dei i tredje periode blant mannsnamna har eit unikt namn, i fjerde er det fire unike namn, femte periode åtte unike namn, sjette periode 25 unike namn og i sjuande periode 43 unike namn, jf. tabell 6-3. Blant kvinnenamna er det to unike namn i femte periode, ti unike namn i sjette periode og 27 unike namn i sjuande periode, jf. tabell 6-4.

Har kvinnenamna færre unike namn slik Aasen og Aarset skriv (sjå kapittel 3.1.3)? Når ein reknar ut gjennomsnittleg kor mange namneberarar det er for kvart namn, finn ein at i enkelte periodar (andre, tredje, fjerde og femte periode) har kvinnenamna fleire namneberarar per namn enn det mannsnamna har, jf. tabell 6-5 nedanfor. Mannsnamna ligg jamt mellom 2,8 og 3,4 namneberarar per namn, medan kvinnenamna har i dei nemnde periodane mellom 3,7 og 4,8 namneberarar per namn. I den fyrste perioden har kvinnenamna 3,1 namneberarar per namn, og i dei to siste periodane aukar dei unike namna kraftig og det søkk ned til 2,2 og 2,1 namneberarar per namn. Det er derfor ikkje berre tale om ein utvikling i unike namn som kjem inn, men også ei utvikling i variasjonen dette fører med seg.

Tabell 6-5 Tabell over kor mange namneberarar det er per namn for kvar periode og begge kjønn, tala er funne ved å dele kor mange namneberarar det er i kvar periode mot kor mange unike namn det er, jf. tabell 6-3 og 6-4.

| Kor mange namneberarar det er per unike namn for kvar periode | | | | | | | |
|--|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| | 1. periode | 2. periode | 3. periode | 4. periode | 5. periode | 6. periode | 7. periode |
| Mannlege | 2,4 | 3,4 | 3,2 | 3,3 | 2,8 | 2,1 | 2,1 |
| Kvinnelege | 3,1 | 4,1 | 4,8 | 4,7 | 3,7 | 2,2 | 2,1 |

Når ein les av tabell 6-6 nedanfor, kjem det fram at renessansenamna vart meir populære blant kvinnenamna i den siste perioden, det vil seie at totalt av alle dei unike namna var det gjennomsnittleg 2,1 namneberarar som hadde det same unike namnet, medan av alle dei som hadde eit renessansenamn var det gjennomsnittleg 2,5 namneberarar som hadde det same unike namnet i den siste perioden. Den same tendensen finn vi hjå mannsnamna, der det går frå gjennomsnittleg 3,3 og 2,8 namneberarar som hadde det same unike namnet i fjerde og

femte periode, som sokk til gjennomsnittleg 2,1 namneberarar per unike namn i dei to siste periodane, jf. tabell 6-5.

Tabell 6-6 Tabell over kor mange namneberarar det er per renessansenamn, for dei mannlege namna gjeld dette dei fire siste periodane og for kvinnenamna vil dette berre gjelde for dei to siste periodane. Tala er funne ved å dele kor mange namneberarar det er i kvar periode mot kor mange unike namn det er, jf. tabell 6-3 og 6-4

| Kor mange namneberarar det er per unike renessansenamn | | | | |
|---|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| | 4. periode | 5. periode | 6. periode | 7. periode |
| Mannlege | 1,7 | 2,5 | 2,2 | 2,4 |
| Kvinnelege | | | 1,7 | 2,5 |

Dei kvinnelege renessansenamna stig frå gjennomsnittleg 1,7 namneberarar i den sjette perioden og til gjennomsnittleg 2,5 namneberarar per unike renessansenamn i den siste perioden, jf. tabell 6-6. Det er dermed like mange namneberarar på kvart av dei unike renessansenamna for kvinnenamna i den siste perioden, som det er for mannsnamna den femte perioden. Men når renessansenamna er delte omtrent likt som alle dei andre unike namna, seier det noko om kor populære renessansenamna vart under den nordiske namnerenessansen. Det kunne vore berre eitt eller to namn som kom inn og vart bruka, men dei kvinnelege namna fekk inn nok unike renessansenamn til å verte nokså jamt delte slik som dei mannlege namna vart, og ein kan derfor konkludere med at namnetilfanget auka ein del i det kvinnelege namnetilfanget under den nordiske namnerenessansen, i det minste i Time kommune. I tabell 6-3 og 6-4 kan vi finne ut kor mange namneberarar og kor mange unike renessansenamn det var i dei to siste periodane blant begge kjønn, som er 55 namneberarar og 25 unike mannlege renessansenamn den sjette perioden, og 105 namneberarar og 43 unike mannlege renessansenamn i den sjuande perioden, og 17 namneberarar og to unike kvinnelege renessansenamn i den sjette perioden og 69 namneberarar og 27 unike kvinnelege renessansenamn den sjuande perioden. Alle desse tala utgjer ein stor del av namnetilfanget blant begge kjønn, i tabell 6-1 og 6-2 kunne vi lese at blant mannsnamna var det i sjette periode 28 prosent renessansenamn og i den sjuande perioden 39 prosent renessansenamn, og likeins blant kvinnenamna var det i den sjette perioden 10 prosent renessansenamn og 32 prosent renessansenamn i den sjuande perioden. Når dei då berre utgjer to til tre namneberarar per unike renessansenamn, er dette eit nokså lågt tal som seier oss at det var fleire namneberarar med fleire forskjellige unike namn. Dette har dermed vore med å lyfta opp mangfaldet og variasjonen i namnetilfanget og skapt ein større valfridom når foreldra skulle namngje barna sine.

Det var også andre namn som var med på å skape ein slik variasjon og eit rikare namnetilfang. Blant begge kjønna har det vore éin kategori som har skilt seg ut ved at han har eit høgt tal på

unike namn og fleire namneberarar innanfor same kategorien. Blant mannsnamna har dette vore lånenamna, og blant kvinnenamna har det vore dei moverte namna.

Tabell 6-7 Tabell over kor mange namneberarar det er per unike lånenamn og moverte namn for begge kjønn og alle periodane. For å finne desse tala har eg nytta tabellane 6-3 og 6-4 der eg delar talet på kor mange namneberarar det er på kor mange unike namn det er i kvar kategori.

| Kor mange namneberarar det er per unike lånenamn for kvar periode | | | | | | | |
|--|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| | 1. periode | 2. periode | 3. periode | 4. periode | 5. periode | 6. periode | 7. periode |
| Mannlege | 1,6 | 2,7 | 1,9 | 2,3 | 2,6 | 2 | 1,7 |
| Kvinnelege | 4,1 | 4,9 | 4,8 | 9 | 4,9 | 2,9 | 3 |
| Kor mange namneberarar det er per unike lånenamn og moverte namn for kvar periode, kvinnenamn | | | | | | | |
| M. namn | 2,4 | 3,1 | 3,4 | 3,3 | 3,3 | 1,4 | 1,2 |
| J. lånenamn | 3,1 | 5,5 | 9,2 | 6,5 | 6,3 | 3,6 | 1,9 |

Den siste tabellen her blant dei unike namna, jf. tabell 6-7, vil vise kva eg talar om i kapitla 5.1.2.1 og 5.2.2.2 når eg nemner at lånenamna blant mannsnamna og dei moverte namna blant kvinnenamna er dei kategoriane som aukar namnetilfanget for kvart av kjønna. Eg har valt å ikkje take med kortformnamna, fordi sjølv om dei også har få namneberarar per unike namn, er det likevel kategoriane lånenamn blant mannsnamna og dei moverte namna blant kvinnenamna som har høgast tal med namneberarar totalt som utgjer at dei har høgast utteljing på kor mange unike namn kategoriane har. I tabellen 6-7 kan vi sjå at blant dei kvinnelege lånenamna er det til dømes i den fjerde perioden heile ni namneberarar per unike namn, noko som seier oss at det er veldig få namn som er delte på fleire namneberarar, som vil seie at det er fleire i same periode som har same fornamn. Når det er så høgt tal på namneberarar per unike namn, er det også verdt å nemne at dei tala som er her, gjeld berre for det fyrste namnet og ikkje for namn nummer to. Det vil derfor vere mogleg at dei har variert kvinnenamna med forskjellige mellomnamn for å skape unike og varierende namn. Som ein kan sjå, er det veldig få namneberarar per unike lånenamn blant mannsnamna, noko som talar for at dei har meir variasjon i namnetilfanget. Denne kategorien er nokså stor, og ifølgje tabell 6-1 tidlegare i kapitlet kunne vi til dømes sjå at i fjerde periode var det heile 108 namneberarar, og ifølgje tabell 5-4 kan vi telje at dei har 46 unike namn, som svarar til kring to namneberarar per unike lånenamn. Då er det ikkje mange av lånenamna som har ei opphoping av namneberarar på fleire namn, men i staden fleire namn med færre namneberarar.

Innanfor dei moverte namna vil det ikkje vere like tydeleg at det er forskjell mellom mannsnamna og kvinnenamna, og det er fordi dei mannlege moverte namna er ein så liten kategori med veldig få unike namn og namneberarar, til dømes vil det i andre periode vere tale om éin namneberarar og eit unikt namn som svarar til éin namneberar per unike namn, jf.

tabell 6-3, og dei er derfor ikkje tekne med i denne tabellen. Blant dei kvinnelege moverte namna er det mange fleire namneberarar og unike namn, men det er det også blant dei kvinnelege justerte lånenamna, og derfor har eg sett dei opp mot kvarandre i tabell 6-7 ovanfor, for å sjå kva kategori som bidreg til eit meir varierende kvinneleg namnetilfang. Sjølv om begge desse kategoriane utgjer ein stor del av det kvinnelege namnetilfanget, gjer dei unike namna det slik at det er dei moverte namna som kjem betre ut av det i denne samanlikninga. Det er fordi det jamt over er dei som har det lågaste talet på kor mange namneberarar det er per unike namn, som vil seie at det er fleire forskjellige namn innanfor denne kategorien som igjen fører til at det er færre som ber det same namnet, og på den måten vert det skapt eit rikt og varierende namnetilfang.

6.4 Dialektale former, arvenamna si utvikling.

I tabellen nedanfor har eg ført opp opphavlege former (slik dei vart skrivne på norrønt eller slik dei vart skrivne i mellomalderen), dialektforma, nokre danske former og korleis dei vart skrivne under/etter den nordiske namnerenessansen. Dei namna som står i parentes, har ikkje vore bruka i namnetilfanget i denne undersøkinga, men er former som NPL skriv at kom inn som renessansenamn under namnerenessansen enkelte stader, eller former som har hatt den forma dei står i inni parentesen.

Tabell 6-8 Tabell over utviklinga av skriftformene, begge kjønn.

| Opphavleg form | Arvenamn, skriftleg form | Ny form |
|-----------------------------|--|------------------------|
| <i>Arnfinnr</i> | <i>Anfind, Anfinn</i> | (<i>Arnfinn</i>) |
| <i>Árni, Arni</i> | <i>Aadne</i> | <i>Arne</i> |
| <i>Birgir</i> | <i>Bøhre</i> | <i>Børge, Berger</i> |
| <i>Einarr</i> | <i>Ener, Einer</i> | <i>Einar</i> |
| <i>Eriríkr</i> | <i>Erich, Erig</i> | <i>Erik (Eirik)</i> |
| <i>Erlingr</i> | <i>Elling</i> | <i>Erling</i> |
| <i>Eyvindr</i> | <i>Even, Evin</i> | <i>Eivind</i> |
| <i>Gunnleifr</i> | <i>Gundlef</i> | <i>Gunleiv</i> |
| <i>Gunnarr</i> | <i>Gunner, Gunder</i> | <i>Gunnar</i> |
| <i>Hallvarðr</i> | <i>Hadvar</i> | <i>Halvard</i> |
| <i>Ívarr</i> | <i>Iver</i> | <i>Ivar</i> |
| <i>Ketill</i> | <i>Kiddel</i> | <i>Kjetil</i> |
| <i>Knútr</i> | <i>Knud</i> | <i>Knut</i> |
| <i>Ólafr</i> | <i>Ola, Ole</i> | <i>Olav</i> |
| <i>Reidarr</i> | <i>Rejer, Reyer</i> | <i>Reidar</i> |
| <i>Sveinn</i> | <i>Sven, Svend</i> | <i>Svein</i> |
| <i>Sigurðr</i> | (<i>Sjurd</i>) | <i>Sigurd</i> |
| <i>Þóraldr</i> | <i>Tarald</i> | <i>Torvald</i> |
| <i>þjóðolfr</i> | <i>Tjøl, Tjøl</i> | (<i>Tjølv, Kjøl</i>) |
| <i>Þorlákr</i> | <i>Tollach, Tollag</i> | <i>Tollak</i> |
| <i>Þorleifr</i> | <i>Tollev, Tolleiv</i> | <i>Torleif</i> |
| <i>þorgeirr</i> | <i>Torier, Torger</i> | <i>Torgeir</i> |
| <i>þorketill</i> | <i>Torchel, Torkvil, Torkel, Torkild</i> | (<i>Torkjell</i>) |
| <i>Ingegjerð, Ingigerðr</i> | <i>Enger</i> | <i>Inger</i> |

| | | |
|------------------|--------------------------|-------------------|
| <i>Gíslaug</i> | <i>Gietlou</i> | <i>Gitloug</i> |
| <i>Gunnhildr</i> | <i>Gunil</i> | <i>Gunhild</i> |
| <i>Ingibjörg</i> | <i>Ingebor, Ingeborg</i> | <i>Ingebjørg</i> |
| <i>Ragnhildr</i> | <i>Ragnild</i> | <i>Ragnhild</i> |
| <i>Ragnveig</i> | <i>Ranveg</i> | <i>Rannveig</i> |
| <i>þorgerðr</i> | <i>Targiær, Tarjar</i> | <i>(Torgjerd)</i> |
| <i>þórunnr</i> | <i>Thuran</i> | <i>(Torunn)</i> |

Som ein kan sjå frå tabell 6-8, er det fleire namn som har djupe røter i namnetilfanget, der dei har utvikla ei dialektform som har sett sitt preg på namngjevinga. Dei endringane som ein kan sjå kjem til dels i samband med namnerenessansen, er fyrst og fremst at dei «mjuke» konsonantane vert endra til «harde» lydar, til dømes $g > k$ (*Erig > Erik*), $d > t$ (*Knud > Knut*), men òg endring frå monoftong til diftong, til dømes $e > ei$ (*Ener > Einar, Tollev > Torleif*, osv.), e i endingane til a (*Gunner > Gunnar, Iver > Ivar* osv.). Desse endringane har nok ikkje mykje med dialektendringane å gjere, men heng nok saman med at det danske språket har påverka namna over lengre tid (sjå kapittel 2.1), og dermed har dei fått skrivemåtar der til dømes diftongane har forsvunne i skriftforma. Mest sannsynleg vart namna uttala med diftong, fordi dialekta i Time kommune har fleire diftongar, til dømes i ordet ‘ben, løse, løs’ uttalar dei det ‘bein, løyse, laus’ på jærsk. I nokre av namna er det meir tydeleg at det har skjedd ei endring òg i uttalen, blant anna fordi den nye skriftforma av arvenamnet skil seg tydeleg ut frå korleis den opphavlege forma har sett ut, til dømes i namn som *Aadne, Elling, Evin, Torier, Kiddel, Tjøll, Thuran* og *Targiær*. Nokre av desse er stuttare former, medan andre har vorte endra frå blant anna $rn > dn$ eller $rl > ll$, osv..

Mest sannsynleg har formene *Anne* og *Ole* også kome av den danske påverknaden, då dei lenge vart skrivne med *-e*. Uttalen har ifølgje NPL vore forma med *-a*, og når dei byrja å skrive formene med *-a*, var dette berre ei endring som var ei tilpassing etter uttalen. Og slik som Ivar Utne skriv, hadde dei nordiske namna levd lenge i bygdene, og derfor hadde namn som *Olav* vorte endra til *Ola* (Utne, 2011, s. 38), ikkje slik som skriftforma var. Endringane eg har sett etter under den nordiske namnerenessansen, er dei endringane som også endra måten dei uttala namna på, som i til dømes *Ådne*, der dei byrja å uttale namnet *Arne* i staden for (men også i tillegg til) *Ådne*. Dette vil vere samanfallande med det Tom Schmidt skriv, om at namna vart atterfødde i skriftuttala under den nordiske namnerenessansen (Schmidt, 2002, s. 112).

7. Avslutning

Eit namn kan vere så mangt, og som Håvamål seier, er namnet ditt noko som står att i verda etter at du har døydd. Det seier noko om kven du er, og kvar du kjem frå, men kan også seie noko om tida du kjem frå. Som vi har sett på i denne oppgåva, viser den store opphopinga av nordiske namn på 1800-talet til ei endring i namnetilfanget, der folk namngav barna sine med nordiske namn for å skape, eller å halde på, ein norsk namnetradisjon, der dei nordiske namna skulle vere med på å skape ei kjensle av samhøyrse mellom sambygdingane og landsmennene. Og slik som Utne seier, vert namna skifta ut etter kvart fordi foreldra vil gje barna sine tidsriktige namn for å følgje mote straumen på lik line som klede- og skomoten endrar seg, noko Eli Fure òg er inne på¹⁰ (Fure, 1990; Utne, 2011, s. 17).

Den nordiske namnerenessansen var i ei tid då landet gjekk gjennom ei stor omvelting, særskilt i skulegangen og skriftspråket vårt som nemnt i kapittel 2.1. Namn som *Erling* og *Ingebjørg* var med på å hente fram att det gamle språket vårt og den gamle skriftkulturen, samstundes som språkmenn, som Ivar Aasen, kunne byggje opp eit norsk skriftspråk og med det take oss vekk frå det danske skriftspråket som var gjeldande på den tida. Skulane gjekk òg gjennom ei endring som nemnt, der skulebygga vart sette ein fast stad slik at elevane kunne kome til skulen for å få undervisning, som er motsetnaden til omgangsskulen som var tidlegare. Læreplanen vart òg endra, utan at eg skal gå i detalj i kva som vart endra, men som eg skreiv om i kapittel 2.1, gjekk dei bort frå det dei kalla «prestelæra» og fekk eit større fokus på historie og litteratur. På den måten vart det mogleg å søkje attende i tid til eldre historie og tradisjonar som ikkje var i bruk lenger, og forfattarar henta fram blant anna historiske namn som dei bruka i litteraturen sin. På den måten kunne dei byggje opp det som dei meinte var norsk, og på same tid flytte seg vekk frå det som var danskprega på den tida.

I dei periodane som eg har valt å undersøkje (mellom 1800 og 1915), fann eg ei utvikling i namnetilfanget som stemmer overeins med den åndsrørsla som er omtala i førre avsnitt, der namnetilfanget vart endra, og der fordelinga mellom dei ulike typane namn endra seg ganske mykje, sjå ovanfor i kapittel 5 og 6. Samstundes har det vore ein kontinuerleg bruk av dei nordiske namna fordi oppattkallingstradisjonen har stått sterkt i den norske kulturen. Til dømes fann eg at namnet *Ådne* er representert i kvar einaste periode, jf. kapittel 5.1.1.1, som

¹⁰ No er rett nok tidsperspektivet om mogleg veldig annleis mellom namnemote og klede- og skomote, men likevel vil metaforen høve til denne samanlikninga fordi klede- og skomote er mote som kjem attende heile tida slik namnemoten òg gjer.

seier oss at namnet er godt innarbeidd i namnetilfanget, men også døme på at namn forsvinn, slik dei gjer i namnetilfanget blant kvinnenamna i kapittel 6.1.

Måten namna vart skrivne på, er også med på å fortelje ei historie, til dømes har arvenamna vore med i språket så lenge at dei har vorte endra i samsvar med endringane i språket, og når dei etter kvart også får former og endingar som ikkje høyrer heime i dialekten, er det fordi eit anna språk har kome inn og vore ein påverknad. Under den nordiske namnerenessansen kunne vi derimot sjå at namn som *Siri* og *Elling* vart endra til si opphavlege skriftform eller ei norrønliknande skriftform: *Sigríð* og *Erling*. Då er det med andre ord eit eldre stadium av eins eige språk som har vore påverknaden, og ikkje eit utanlandsk språk slik det var med dei latinske namna eller dei moverte namna, til dømes *Laurits* eller *Hansine*. På den måten kan vi sjå at det er ein nordisk namnerenessanse i namn som alt finst i namnetilfanget i Time kommune, då namn som alt er godt innarbeidd i namnetilfanget, vert nytta om att i ei ny form.

Problemstillinga mi lydte slik: *Korleis utviklar personnamna seg i Time (Time sokn i Lye prestegjeld), frå rett før og under den nordiske namnerenessansen, med særskilt fokus på dei nordiske namna?* I tillegg hadde eg fleire forskarspørsmål og hypotesar som gjekk på korleis vi kan sjå utviklinga, og kor tid endringane kjem inn. Når ein ser på styrketilhøvet mellom dei nordiske namna og dei andre namna frå kvar periode, er det tydeleg at dei nordiske namna stod relativt sterkt i byrjinga av 1800-talet blant mannsnamna og nokså sterkt blant kvinnenamna, der det var litt færre namneberarar med arvenamn, men om ein ser på det totale biletet frå kapittel 6.1.2, stod dei nordiske namna nesten like sterkt blant kvinnenamna som blant mannsnamna. Det var nokså jamt mellom dei to hovudkategoriane, slik vi kunne sjå i kapittel 6, som tyder på ei nokså jamn og gradvis utvikling. Det er fyrst i dei to siste periodane (1896–1900 og 1911–15) vi kan sjå dei store endringane innanfor begge kjønna, jf. tabell 6-1 og 6-2 i kapittel 6. Det talar for at det er då ein ser at den nordiske namnerenessansen kjem inn for fullt i Time kommune, sjølv om vi finn spor frå endå tidlegare. Samstundes søkk dei andre namnekategoriane ein del fram til den siste perioden, blant anna lånenamna blant mannsnamna, som søkk frå 40 til 30 prosent frå den sjette til den sjuande perioden, og dei kvinnelege moverte namna, som søkk frå 16 til 11 prosent frå den sjette til den siste perioden. Motsetnaden til desse kategoriane er renessansenamna, som kjem inn med full styrke i mannsnamna og tek over 39 prosent av namnetilfanget og 32 prosent blant kvinnenamna. Med det vert renessansenamna den største namnekategorien hjå begge kjønn. Likevel er det kanskje arvenamna som taper mest av alle namnekategoriane, då dei

mannlege arvenamna utgjorde heile 46 prosent i fyrste periode og dei kvinnelege arvenamna 24 prosent i same periode, mot 17 prosent mannlege arvenamn og 5 prosent kvinnelege arvenamn i den siste perioden. Blant kvinnenamna kan det likevel sjå ut til at det er dei justerte lånenamna som har gått mest attende, frå 37 prosent i fyrste periode til 13 prosent i den siste. Men det er likevel arvenamna som har hatt høgast prosent nedgang, kring 80 prosent nedgang, mot dei justerte lånenamna som har gått ned med kring 65 prosent.¹¹

Vi har funne ut at det stemmer godt det som dei fleste forskarane seier, at det er fleire moverte namn blant kvinnenamna, men vi fann òg at dette gjeld for kortformnamna. Til dømes starta ikkje kortformnamna å kome før den sjette perioden blant mannsnamna, medan dei starta alt i andre periode blant kvinnenamna. Dei moverte namna derimot var der alt frå fyrste periode av blant kvinnenamna, medan dei er generelt få blant mannsnamna. Det må nemnast at det ikkje er nokon stor kategori blant mannsnamna, det er relativt få namn det er tale om, alt frå eitt til fem namn for kvar periode.

Fordi Time kommune er eit ruralt bondesamfunn, kom nok den nordiske namnerenessansen litt seinare her enn det han gjorde i byar som Stavanger eller Bergen, men ut frå namnematerialet eg har samla, kan eg likevel stadfeste at han kom før byrjinga av 1900-talet, som nemnt ovanfor her. Det gjorde han ikkje i det konservative beltet i Sør-Noreg, skriv Særheim og Kruken, som hevdar at renessansen der kom inn fyrst godt etter 1900 (Særheim & Kruken, 2018, s. 347). Det er nokså klart at den nordiske namnerenessansen kjem litt seinare inn i kvinnenamna jamført med mannsnamna. Dei fleste renessansenamna byrjar å kome inn i den sjette perioden, og aukar i tal i den sjuande perioden. Medan mannsnamna starta nokså tidleg med spor av renessansenamn alt i tredje periode, starta nok deira namnerenessanse mellom den femte og sjette perioden ein gong, som vil seie mellom 1880- og 1890-åra. Det stemmer nokså godt overeins med påstanden min i innleiinga når eg skreiv at kring 1880 ville eg i aukande grad kunne sjå at den nordiske namnerenessansen er på veg inn i Time kommune. Derimot skreiv eg at eg kunne sjå dette ved at dei nordiske namna auka i bruk, men dette er berre mogleg å sjå ved at renessansenamna aukar i bruk kring den tida. Både arvenamna og dei justerte lånenamna var namnetypar som sokk i bruk på denne tida, og kan derfor ikkje seiast å ha bidrege til den nordiske namnerenessansen. I tillegg har eg nemnt i kapittel 3.1.2 at det berre er dei namna som vert klassifiserte som renessansenamn, som vert

¹¹ Arvenamn : $24 - 5 = 19$ ($19 / 24$) * 100 = 79,17%. Justerte lånenamn: $37 - 13 = 24$ ($24 / 37$) * 100 = 64,86%

rekna som renessansenamn, medan arvenamna, dei justerte lånenamna og dei nylaga namna med nordiske namneledd haldne utanom denne statistikken.

Når eg har sett på styrketilhøva mellom namnetypane i kvar periode, har eg sett litt på om arvenamna har vore med på å løfte fram den nordiske namnerenessansen, for å sjå om det ligg noko i det som Benedicta Windt-Val skreiv om at nordiske motenamn gjekk parallelt med den nordiske namnerenessansen, jf. kapittel 3.1.2. Åleine har nok ikkje arvenamna vore eit motefenomen, og særskilt ikkje i dei to siste periodane. Til dømes sokk dei kvinnelege arvenamna ned til berre å omfatte fem prosent av namnetilfanget i den siste perioden, og dei justerte lånenamna gjekk ned til 13 prosent, som vil seie at dei er under halvparten så vanlege som renessansenamna var, sjå tabell 6-2 i kapittel 6. Dei mannlege namna stiller seg litt annleis, då arvenamna stod litt sterkare blant mannsnamna, her var dei 17 prosent av heile namnetilfanget i den siste perioden, medan dei justerte lånenamna var litt mindre, med ti prosent, jf. tabell 6-1 i kapittel 6. Blant mannsnamna kan ein derfor tale om ei meir jambyrdig fordeling mellom kvar av dei store kategoriane – nordiske namn, lånenamn og renessansenamn – og då er det litt enklare å helle mot å tenkje at det kan vere ein namnemote parallelt med den nordiske namnerenessansen.

Dei nylaga namna med nordiske namneledd forsvinn litt i mengda av andre namn, då desse er så få i tal. Totalt er dei berre sju namneberarar med seks unike namn. Desse har nok likevel vore med på å friske opp namnetilfanget til både mannsnamna og kvinnenamna. Det ligg jo ein del kreativitet i namn som *Gudfrid* og *Odjof*, og sidan namneledda «høyrest» nordiske ut, har dei nok òg vore med på å skape ei kjensle av å ha eit norsk namn, som igjen gjev ei kjensle av å høyre til i det norske fellesskapet, eller i det minste å høyre til noko som er viktigare enn ein sjølv.

Motparten til dei nordiske namna er som nemnt lånenamna, og som eg har sett på tidlegare, er det blant desse vi kan finne dei namna som har auka namnetilfanget monaleg og vore med på å gjere namnetilfanget rikare og meir variert, som igjen skapar ein større valfridom når foreldre skal velje namn til barna sine. Blant mannsnamna var eg inne på i kapittel 5.1.2.1 og 6.3.1 at det gjeld dei lånenamna som er kategoriserte som lånenamn, fordi blant dei er det nesten ingen av dei moverte eller kortformnamna slik vi finn blant kvinnenamna. Og i motsett hjørne er det dei moverte kvinnenamna som utgjer den store skilnaden for det kvinnelege namnetilfanget, som eg nemnde i kapittel 5.2.2.2 og 6.1.3.

Renessansenamna har jo vore ein stor og viktig del av denne oppgåva, og eg undersøkte kva dei unike namna hadde å seie for namnetilfanget, slik eg gjorde med dei mannlege lånenamna og dei kvinnelege moverte namna. Det eg fann, var at dei skapte eit større namnetilfang for begge kjønn, der det vart fleire unike namn med få namneberar per unike namn. Det vil igjen seie at det har vore mange unike renessansenamn i omlaup under den nordiske namnerenessansen, som igjen kan ha vore med på å styrkje kjensle av å høyre til i eit felles norsk samfunn. Namngjevinga som gjekk føre seg under den nordiske namnerenessansen, har derfor vore med på å løfte fram den nasjonale ideologien og åndsrørsla som folk var opptekne av på den tida, og det skapte nok òg ei kjensle av sosial samhøyrsla i dei lokale samfunna, slik Windt-Val og Kruken skriv (Kruken, 2006, s. 61; Windt-Val, 2011, s. 119). Alle dei unike namna som kom inn under namnerenessansen, har derfor vore ein del av det å styrkje den norske kulturen og norske tradisjonar. Men eg fann også døme på at nokre arvenamn gjekk att i fleire periodar, som til dømes *Ådne*, som talar for at det alt har vore eit tradisjonsmedvit i kommunen. Renessansenamna har derfor vore med på å skape eit breiare tradisjonsmedvit enn det som var der frå før av. Ein kan òg seie at der lånenamna og dei moverte namna skapte eit rikare namnetilfang før den nordiske namnerenessansen, var renessansenamna med på å skape eit rikare og meir variert namnetilfang under den nordiske namnerenessansen.

